

UNIVERSITETET I BERGEN  
INSTITUTT FOR SAMANLIKNANDE POLITIKK

MASTEROPPGÅVE



**Inter-gruppe kontakt og verknaden på tillit og toleranse**

*Gjev inter-gruppe kontakt meir positive oppfatningar av utgrupper og definerte andre?*

**Sunniva Hagen**

**Vår 2015**

## **Forord**

For det fyrste ynskjer eg å takke min vegleiar, Elisabeth Ivarsflaten, som har rettleia meg på vegen til eit interessant forskingsspørsmål. Takk for hjelpsame tilbakemeldingar og ei positiv haldning i arbeidet med masteroppgåva. Eg er også særskilt takknemleg for mulegheita til å skrive oppgåva i tilknyting til og med materiale frå Norsk medborgarpanel. Vidare vil eg elles takke alle som har lese utdrag og kome med innspel til oppgåva.

Takk til alle som har bidrege til ein flott studiekvardag i Bergen, og særleg Ida og Christina som har vore eit godt selskap og ei god støtte gjennom alle fem åra her. I tillegg rettast ein stor takk til familie, venner, og Kalle sjølvstilt, for å alltid stille opp og vere positive.

Sunniva Hagen

Bergen, 01.06.15

## **Abstract**

Due to the increase in ethnic and social heterogeneity in advanced countries, inter-ethnic group contact has increased in Norway, and is also expected to increase in the future. Even though the effect of intergroup contact has long been a question central to social scientists, understanding intergroup contact is increasingly important to both scientific and policy debates as social changes bring increased diversity (Putnam 2007, Enos 2014: 1). This thesis examines the effects of intergroup contact in Norway at the individual level, and what happens when members from different groups get in contact in the same geographic area.

The effects of contact are being studied with regard to a variety of outcomes embedded in the theoretical framework of contact theory and the opposite perspective, conflict theory. Contact theory argues that intergroup contact has the potential of giving positive effects on tolerance and trust towards outgroups. Nevertheless, diversity and intergroup contact are also found to have negative effects by increasing perceptions of threat and conflict. Building on this framework different effects of contact are being studied with regard to different expressions of tolerance and trust: attitudes towards outgroups, motivation to avoid prejudices and generalized trust. The research question will be examined by using data from the Norwegian Citizen Panel (2013), assessed through the use of ordered probit-regression.

The results indicate that intergroup contact has positive effects on expressions of tolerance when the quality of the contact is good. In situations where the contact situation is perceived as positive and has a “friendship potential” intergroup contact can change expressions of tolerance for the better. However, the compositional effects of contact do not reveal the same results. The compositional effects indicate that having more immigrants living in the neighbourhood have the potential of increasing perceptions of threat and conflict. The positive effects of quality of contact are still driving the effects of intergroup contact in the analysis. Still the effects of intergroup contact depend somewhat on which dependent variable that are being studied.

# Innhaldsliste

<b>1</b>	<b>Introduksjon.....</b>	<b>1</b>
1.1	Tema og problemstilling.....	1
1.2	Kvifor studere kontakt i Noreg? .....	2
1.3	Oppgåvestruktur .....	3
<b>2</b>	<b>Utviklingsliner .....</b>	<b>4</b>
2.2	Minoritetsbefolkninga i Noreg .....	6
2.3	Kort om kontakt: Noreg i ein europeisk kontekst.....	7
2.4	Oppsummering av kapitlet.....	8
<b>3</b>	<b>Teoretisk rammeverk .....</b>	<b>9</b>
3.1	Litteraturgjennomgang .....	9
3.1.1	Kontaktteori .....	9
3.1.2	Konfliktteori.....	12
3.1.3	Teoretiske forventningar: Utvikling av hypotesar .....	13
3.2	Effektar av inter-gruppe kontakt.....	14
3.2.1	Avhengige variablar.....	16
3.2.2	Diskusjon og implikasjoner .....	22
3.3	Oppsummering av kapitlet.....	23
<b>4</b>	<b>Data og metode.....</b>	<b>25</b>
4.1	Ei kvantitativ tilnærming .....	25
4.2	Ordna probit-regresjon .....	27
4.2.1	Estimering .....	28
4.2.2	Føresetnader for regresjonen.....	30
4.3	Data.....	31
4.3.1	Bruk av surveydata .....	31
4.3.2	Norsk medborgarpanel.....	32
4.4	Metodologiske implikasjoner .....	34
4.5	Oppsummering av kapitlet.....	36
<b>5</b>	<b>Operasjonalisering og deskriptiv statistikk.....</b>	<b>37</b>
5.1	Avhengige variablar .....	37
5.1.1	Haldning til muslimar .....	38
5.1.2	Motivasjon til å unngå fordommar .....	39

5.1.3 Haldning til innvandring .....	40
5.1.4 Generalisert tillit .....	42
5.1.5 Oppsummering og samanlikning av avhengige variablar.....	43
5.2 Uavhengige variablar: Med kontakt i brennpunktet .....	44
5.2.1 Samansetning .....	45
5.2.2 Kontaktkvalitet.....	47
5.2.3 Oppsummering og samanlikning av uavhengige variablar.....	49
5.4 Kontrollvariablar .....	50
5.4.1 Sosioøkonomiske variablar .....	50
5.4.2 Politiske variablar .....	53
5.5 Oppsummering av kapitlet.....	54
<b>6 Analyse .....</b>	<b>55</b>
6.1 Inter-gruppe kontakt og verknaden av samansetning .....	55
6.1.1 Samansetning og haldning til muslimar.....	56
6.1.2 Samansetning og motivasjon til å unngå fordommar .....	57
6.1.3 Samansetning og haldning til innvandring .....	59
6.1.4. Samansetning og generalisert tillit.....	60
6.2 Inter-gruppe kontakt og verknaden av kontaktkvalitet.....	62
6.2.1 Kontaktkvalitet og haldning til muslimar .....	62
6.2.2 Kontaktkvalitet og motivasjon til å unngå fordommar .....	64
6.2.3 Kontaktkvalitet og haldning til innvandring .....	65
6.2.4 Kontaktkvalitet og generalisert tillit .....	67
6.3 Samanlikning av modellane.....	68
6.4 Vidare diskusjon og implikasjoner .....	71
6.4.1 Diskusjon av resultat.....	72
6.4.2 Oppsummering av empiriske funn.....	77
6.5 Oppsummering av kapitlet.....	78
<b>7 Konklusjon.....</b>	<b>80</b>
7.1 Implikasjoner for teoretisk rammeverk og framtidig forsking .....	81
7.2 Kontakt i eit breiare perspektiv .....	82
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>84</b>
<b>Appendiks .....</b>	<b>90</b>

## **Tabelliste**

Tabell 3.1 Kontaktteori og konfliktteori .....	14
Tabell 5.1 Deskriptiv statistikk for avhengige variablar .....	37
Tabell 5.2 Haldning til muslimar .....	38
Tabell 5.3 Indeksvariabel for motivasjon til å unngå fordommar .....	39
Tabell 5.4 Haldning til innvandring .....	40
Tabell 5.5 Generalisert tillit .....	42
Tabell 5.6 Korrelasjon mellom avhengige variablar .....	43
Tabell 5.7 Deskriptiv statistikk for uavhengige variablar .....	44
Tabell 5.8 Møter i kvardagen .....	45
Tabell 5.9 Del innvandrarar i nærområde .....	46
Tabell 5.10 Møteoppleving .....	47
Tabell 5.11 Venner .....	48
Tabell 5.12 Korrelasjon mellom uavhengige variablar .....	49
Tabell 5.13 Deskriptiv statistikk for kontrollvariablar .....	50
Tabell 6.1 Samansetning og haldning til muslimar .....	56
Tabell 6.2 Samansetning og motivasjon til å unngå fordommar .....	58
Tabell 6.3 Samansetning og haldning til innvandring .....	59
Tabell 6.4 Samansetning og generalisert tillit .....	61
Tabell 6.5 Kontaktkvalitet og haldning til muslimar .....	63
Tabell 6.6 Kontaktkvalitet og motivasjon til å unngå fordommar .....	65
Tabell 6.7 Kontaktkvalitet og haldning til innvandring .....	66
Tabell 6.8 Kontaktkvalitet og generalisert tillit .....	67
Tabell 6.9 Samanlikning av modellane .....	68
Tabell 6.10 Oppsummering av empiriske funn .....	77

## **Figurliste**

Figur 2.1 Oversyn over talet innvandrarar til Noreg .....	4
Figur 2.2 Innvandrargrupper i Noreg 2014, etter landbakgrunn (over 30 000 personar) ... ....	5
Figur 3.1 Reformulert kontaktteori .....	11
Figur 3.2 Studie av inter-gruppe kontakt .....	24
Figur 4.1 Forholdet mellom ein observert $y$ og ein latent $y^*$ .....	28

## **Appendiks**

Tabell 8.1 Haldning til muslimar .....	90
Tabell 8.2 Haldning til innvandring .....	90
Tabell 8.3 Generalisert tillit .....	90
Tabell 8.4 Møter i kvardagen .....	91
Tabell 8.5 Del innvandrarar i nærområde .....	91
Tabell 8.6 Møteoppleving .....	91
Tabell 8.7 Venner med innvandarbakgrunn .....	92
Tabell 8.8 Utvida regresjonsmodell for samansetning og generalisert tillit .....	92
Tabell 8.9 Utvida regresjonsmodell for kontaktkvalitet og generalisert tillit .....	93

*“It is hardly possible to overstate the value [...] of placing human beings in contact with other persons dissimilar to themselves, and with modes of thought and action unlike those with which they are familiar”* (Mill, 1848: 594).

## 1 Introduksjon

### 1.1 Tema og problemstilling

Få emne har hatt like stor verknad på politikk og samfunn som immigrasjon i Vest-Europa (Hollifield 1997: 30 i McLaren 2003: 910). Auken i etnisk og sosialt mangfold har samstundes auka kontakt mellom etniske grupper, som vidare er venta å auke også i framtida (Sturgis, Brunton-Smith, Read og Allum 2010: 58). Kunnskap om verknadane av inter-gruppe kontakt er difor viktig. Denne masteroppgåva undersøker verknaden av inter-gruppe kontakt i Noreg på individnivå, og kva som skjer når medlemmar frå ulike grupper kjem i kontakt i same geografiske område. Gruppene som blir sett i brennpunktet er delar av befolkninga som har innvandrarbakgrunn i Noreg, i høve befolkninga elles. Kontakt, i form av samansetning og kontaktkvalitet, blir undersøkt med fokus på ulike utfall som i litteraturen er relatert til mangfold og kontakt. Med bakgrunn i dette vil eg i oppgåva svare på følgjande forskingsspørsmål:

*Kva verknad har inter-gruppe kontakt på uttrykk for toleranse og tillit i høve utgrupper i Noreg, og varierer verknadane ut frå mengde og type kontakt?*

Sjølv om effektane av inter-gruppe kontakt lenge har vore eit sentralt spørsmål i heterogene samfunn og i sosialvitenskapleg forsking, medfører større samfunnsendringar auka mangfold i Noreg, og aukar tronen for kunnskap kring fenomenet. Under generelle føresetnader er kontakt mellom medlemmar frå ulike grupper ofte positivt korrelert med mindre diskriminerande haldningar og åtferd mellom grupper, samt redusert sosial kapital og konflikt (Enos 2014: 1). Dette er bakgrunnen for studien av kontakt i Noreg, og mulegheitene for at kontakt kan endre oppfatningar om utgrupper og definerte andre. Sidan slike oppfatningar kan ta mange former vil eg vidare nytte toleranse som eit samleomgrep for ulike uttrykk<sup>1</sup>. Uttrykk for toleranse er saman med tillit grunnlaget for valet om å studere verknaden av kontakt på

---

<sup>1</sup> Ifølgje Côté og Erickson (2009: 1664) inneber toleranse fleire komponentar og uttrykk for positive evalueringar.

fire avhengige variablar: haldning til muslimar, motivasjon til å unngå fordommar, haldning til innvandring og generalisert tillit.

Det teoretiske rammeverket har bakgrunn i to motståande teoriar: kontakt- og konfliktteori. Sjølv om desse teoriane ynskjer å forklare det same, effektane av inter-gruppe kontakt, finn dei ulike resultat. Kontakttesen viser til at kjennskap verkar positivt på haldningar til utgrupper ettersom det minkar fordommar og aukar tillit, sosial og politisk toleranse. Mangfold har med dette eit potensiale til å styrke demokratiske samfunn (Stouffer 1949, Oliver og Wong 2003). Motseiande hevdar konfliktteori at kontakt også kan auke trusselpersepjonar, til dømes ved å forplante konflikt, minke tillit og true fellesskapssamarbeid (Quillan 1995, Putnam 2007). Med dette undersøker masteroppgåva eit komplisert sosialt fenomen, og verknadane av det Robert D. Putnam (2007: 137) skildrar som både den største utfordringa *i*, og samstundes mulegheita *for* moderne samfunn.

I denne oppgåva blir verknaden av inter-gruppe kontakt i Noreg studert ved å svare på hypotesar som er utleia på bakgrunn av litteraturen om kontakttesen, og motsett konflikttesen. Ifølgje Pettigrew og Tropp (2006: 754) kan inter-gruppe kontakt defineraast som personleg interaksjon mellom medlemmar frå klart definerte grupper, og inneber all interaksjon ansikt til ansikt. Kontakt blir difor undersøkt i form av to hovudkomponentar som kan seie noko om både mengde og type kontakt: samansetning og kontaktkvalitet. For å svare på forskingsspørsmålet nyttast datamateriale frå fyrste runda av Norsk medborgarpanel frå hausten 2013, som blir analysert ved bruk av ordna probit-regresjon og samanlikning av analysemodellar.

## 1.2 Kvifor studere kontakt i Noreg?

Bakgrunnen for val av oppgåvetema er ei samfunnsendring i Noreg med omsyn til mangfold, og at auka inter-gruppe kontakt ventast å ha fleire effektar på samfunnet og på forholdet mellom grupper (Stolle, Soroka og Johnston 2008: 59). Til dømes har relasjonane mellom immigrantar og mottakarland til tider vore særspente, med ein politisert opposisjon til immigrasjon, og valstøtte til anti-immigrasjonsparti i fleire europeiske statar (Fetzer 2010: 5, Rustenbach 2010: 53). Det er likevel ingen konsensus i forskingsmiljøet om verknadane av kontakt, eller kva ein kan vente frå nyare utviklingstrendar. Ulike verknader av kontakt vil også ha ulike konsekvensar, og det er difor føremålstenleg å skilje mellom kontakt i form av

samansetning og kontaktkvalitet. Dette grunngjenvært i at dersom samansetning gjev positive verknader av kontakt, vil det ha andre konsekvensar enn om det er kontaktkvalitet som er det avgjerande. Offentleg opinion er samstundes eit viktig bindeledd mellom borgarane sine haldningar og verdiar, og styresmaktene sine politiske avgjersler. Dette inneber både kognitive prosessar hjå enkeltindividet, kollektive prosessar som knyt borgarane saman, og politiske prosessar som leier fram til vedtak i aktuelle spørsmål (Waldahl 2007: 9). Meir informasjon om verknaden av kontakt mellom innvandrarar og befolkninga elles i Noreg, er difor både politisk relevant og vitskapleg interessant.

Medan forsking på haldningar til immigrasjon, variasjonar og bakgrunnen for desse er av relativt stort omfang i dag (Schneider 2008: 53), har verknaden av kontakt spesielt, vore mykje undersøkt i USA, men i mindre grad i Europa (McLaren 2003: 911). Putnam (2007: 163) foreslo til dømes å undersøke linkane mellom sosial kapital og mangfald i andre land enn USA. Noreg er difor ein interessant case, sjølv om denne studien ikkje genererer komparativ kunnskap i seg sjølv. Ein studie av kontakt i Noreg vil på si side kunne gje nyansert informasjon om eitt spesifikt samfunn (Ivarsflaten og Strømsnes 2013: 325). Sjølv om Europa i dag er eit heterogent immigrasjonskontinent (Dustmann og Frattini 2012: 2-3), og Noreg eit immigrasjonsland på linje med andre vesteuropeiske statar, har Noreg nyleg erfart større immigrasjon utanfrå Europa, samanlikna med europeiske kolonimaktar. I tillegg er Noreg verd å studere som ein universell velferdsstat med ein restriktiv asylpolitikk (Kjeldstadli 2008: 26-27), der populasjonen i seinare tid endra seg frå å vere homogen til ikkje homogen. Til sist er det nemneverdig at datamaterialet frå Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) inkluderer data om kontakt som ikkje tidlegare har vore analysert.

### **1.3 Oppgåvestruktur**

Denne masteroppgåva består av til saman sju kapittel. Medan dette fyrste kapitlet har presentert emnet og forskingsspørsmålet i oppgåva, summerer kapittel to utviklingslinene i Noreg med omsyn til innvandring og rolla til innvandrarar. Vidare presenterer kapittel tre det teoretiske rammeverket for oppgåva. Kapittel fire legger fram og metodeval og datamateriale, medan kapittel fem og seks inkluderer sjølve analysen. Kapittel fem legger fram og operasjonaliserer dei relevante variablane. Vidare er sjølve analyseresultata presentert og diskutert i kapittel seks. Til sist kjem konklusjonen i kapittel sju. I appendiks er også nokre tabellar og analysar inkludert.


## 2 Utviklingslinjer

Dette kapitlet gjev ei kort framstilling av kontekst for oppgåva. Kapitlet presenterer først dei historiske utviklingslinene for innvandring til Noreg og rolla til minoritetsbefolkninga, og vidare kort stoda for integrering og kontakt i Noreg i ein europeisk kontekst.

### 2.1 Noreg: Frå eit annleis- til eit gjennomsnittsland

Sjølv om innvandring til Noreg har funne stad sidan statsdanninga, har Noreg ikkje vore eit stort mottakarland blant anna på grunn av si geo-politiske plassering (Kjeldstadli 2008). Johan Galtung skildra Noreg i 1968 som eit annleisland med omsyn til mangfald. Sidan har Noreg likevel erfart store demografiske endringar, noko grafen nedanfor syner.

Figur 2.1 Oversyn over talet innvandrarar til Noreg



Statistisk sentralbyrå (2014a)


Figur 2.1 syner samfunnsendringa i Noreg med omsyn til mangfald. I 1970 var talet innvandrarar i Noreg til dømes 57 041 personar, medan den fyrste januar 2014 var talet 633 110 personar. Talet norskfødde med foreldre med innvandrabakgrunn var den fyrste januar 2014 på si side 126 075 personar (Statistisk sentralbyrå 2014a)<sup>2</sup>. Sjølv om ulike omgrep blir brukt i litteraturen, hevdar McLaren (2003: 919) at innvandrarar, minoritetar og immigrantar i ein europeisk kontekst ofte blir brukt om det same. I denne oppgåva vil eg i hovudsak referere til innvandrarar og innvandrabefolkninga i tråd med datamaterialet, i høve

<sup>2</sup> SSB (2014a) definerer ein innvandrar som ein person fødd i utlandet av foreldre som er fødde utanlands, som er registrert busette i Noreg, og har fire utanlandske besteforeldre. Norskfødde med foreldre med innvandrabakgrunn er på si side fødde i Noreg, men har foreldre og besteforeldre som er fødde utanlands.

befolkinga elles<sup>3</sup>. Som del av innvandrarbefolkinga reknast også andre-generasjonsinnvandrarar, årsaka mulegheiter for andre verknader av inter-gruppe kontakt blant personar som har foreldre som har innvandra til Noreg.

Perioden frå 1970 er med sin auka kompleksitet og veksttakt skildra som den «nye innvandringa» til Noreg (Brochmann og Kjeldstadli 2014: 15-16). Perioden kan delast i tre fasar (Aud Korbøl 1988: 2 i Rogstad 2007: 32). Den fyrste fasen tok til på slutten av 1960-talet og bestod i hovudsak av unge arbeidssøkande menn, medan den andre fasen var prega av familieforeining. Den tredje gruppa bestod av asylsøkarar og flyktningar, og fekk særleg stor verknad frå 1985. Etter EU-utvidinga i 2004 og ein påfølgjande utviding av EØS, kan ein også snakke om ei fjerde bølgje, med mange arbeidsimmigrantar frå nye EU land (Arbeids- og sosialdepartementet 2014). Opphavslanda har variert over tid, og i 2014 var over 221 ulike land og sjølvstyrte område representert i Noreg (Rogstad 2007: 32, Dzamarija 2014: 46). Som figur 2.2 syner var innvandrarar frå Polen (91 179 personar) den klart største innvandrargruppa i landet i 2014. Deretter følgjer personar med landbakgrunn frå Sverige, Somalia, Litauen, Pakistan og Irak. Alle grupper med tal over 30 000 personar.

Figur 2.2 Innvandrargrupper i Noreg 2014, etter landbakgrunn (over 30 000 personar)



Statistisk sentralbyrå (2014b)

Utviklingslinene syner at Noreg frå 1980-talet vart eit moderne innvandringsland, sjølv om landet var seint ute i ein vesteuropeisk samanheng. Samanlikna med europeiske kolonimaktar

<sup>3</sup> Medan innvandrarbefolkinga blir brukt her om personar som anten har innvandra sjølve eller har foreldre som har innvandra til Noreg, vert personar som ikkje høyrer til «innvandrarar» eller «norskfødde med innvandrarforeldre» omtalt som befolkninga elles (Statistisk sentralbyrå 2014c).

til dømes, endra populasjonen seg ganske nyleg frå å vere homogen til ikkje homogen, og først tidleg på 1970-talet fekk Noreg fleire migrantar enn talet som reiste. Kjeldstadli (2008: 26-27) peikar også på fleire historiske karakteristikkar som gjer Noreg til ein interessant case. Frå å vere eit lite land i periferien som trong arbeidarar og der utanlandske fekk høg status i den moderne perioden, vart immigrantar sidan ein del av elitegrupper i eit semi-kolonialt regime, og etterkomarane deira ein del av det norske borgarskapet. Nasjonalstaten var vidare ein miks av den tyske og franske ideen. I det nittande år hundre vart Noreg på si side eit emigrasjonsland, og i ein seinare immigrasjonsfase også eit døme på ein inklusiv velferdsstat med ein restriktiv immigrasjonspolitikk. Vidare inneber ein studie av Noreg ein kontekst med økonomisk like fellesskap, eit sterkt sivilsamfunn og eit høgt utdanningsnivå (Ivarsflaten og Strømsnes 2013: 329), som kan vere interessant å undersøke i høve USA eksempelvis, som i stor grad har blitt studert både i kontaktlitteraturen (McLaren 2003: 911), og i studiar av tillit (Ivarsflaten og Strømsnes 2011: 207).

## 2.2 Minoritetsbefolkninga i Noreg

For å presentere rolla til minoritetsbefolkninga i det norske politiske systemet nyttast Rokkan sin terskelmodell, som brukt i Tor Bjørklund og Johannes Bergh «Minoritetsbefolkningens møte med det politiske Norge» (2013: 19-21). For innvandrarar inneber den fyrste fasen, legitimeringsfasen, å etablere ein plattform for å synleggjere krav og behov. Denne fasen blei markert for innvandrarar i Noreg i 1971, ved danninga av *Fremmedarbeiderforeningen*. I inkorporeringsfasen fins eit skilje mellom innvandrarar med norsk og utanlandsk statsborgarskap, som også er vanleg internasjonalt. Medan norske statsborgarar har fulle politiske rettar, har utanlandske statsborgarar stemmerett ved lokalval etter tre års lovleg opphold, og ikkje stemmerett i nasjonale val. Med bakgrunn i sivile og sosiale borgarrettar, og stemmeretten som viktig for sjansane til å påverke eigen livssituasjon og samfunnsavgjersler, har auka innvandring starta diskusjonar om etniske grupper sine politiske rettar. Ei norsk offentleg utredning frå 2001 (Kommunal- og regionaldepartementet 2001/03: 94) viser til diskusjonen om å utvide kretsen av røysteføre. Eit oppnemnt utval peikar her på at fødestad og statsborgarskap ser ut til å utgjere ei barriere for valdeltaking ved kommune- og fylkestingsval, som er eit muleg demokratisk problem om mangelen på politisk integrasjon er knytt til måten samfunnet er organisert på. Utvalet viser likevel til brei semje om at stemmeretten i Noreg fortsatt skal knytast til statsborgarskapet, men at det er vesentleg å legge til rette for at utlendingar som bur i Noreg kan delta i det politiske liv. Bruk av

stemmeretten knyter seg vidare til mulegheita for å bli valt. Den tredje fasen i terskelmodellen inneber representasjon både på lokalt- og på riksnivå, markert i Noreg i 1983, då dei fyrste ikkje-vestlege innvandrarane blei valt inn i norske kommunestyrer. Tjue år seinare var det kring hundre kommunestyrerrepresentantar med innvandrarbakgrunn, kring eitt prosent av totalen. I den fjerde fasen som inneber utøvande makt, har minoritetsbefolkninga sin representasjon i Noreg ikkje vore nemneverdig før i 2012, då Hadia Tajik vart utnemnt som kulturminister (Bjørklund og Bergh 2013: 20-21).

## **2.3 Kort om kontakt: Noreg i ein europeisk kontekst**

Kring 12 prosent av populasjonen i Noreg var i 2013 anten fyrste- eller andre generasjon innvandrarar. I følgje FN sin «Trends in International Migrant Stock: The 2013 Revision», er dette talet noko høgare enn i Finland og Danmark, og noko lågare enn i Sverige (FN 2013). Datamaterialet frå European Social Survey (ESS) frå 2002 (European Social Survey 2002) gjer det vidare muleg å samanlikne haldningar i over 30 nasjonar, gjennom målingar av haldningar, verdiar og åferdsmønstre. På utvalte spørsmål frå ESS frå 2002 skil ikkje Noreg seg ut i nokon grad. Både på spørsmål om haldningar til om immigrantar gjer landet ein betre eller verre stad å bu, og på spørsmål om venner med innvandrarbakgrunn, plasserer Noreg seg i midtsjiktet.

Det kan vidare seiast å vere to motstridande svar på korleis det går med integreringa i Noreg. Ei norsk offentleg utredning frå 2011 (Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet 2011/14: 12-13) viser til at føreliggjande kunnskapsgrunnlag, statistikk og fakta syner at det går bra, medan mediedekning, offentlege debattar og undersøkingar blant befolkninga tyder på noko anna. Samanlikna med andre OECD-land, er innvandrarar til Noreg likevel relativt godt integrert på arbeidsmarknaden. I tillegg er fleire under utdanning og mange kjenner stor grad av tilknyting til Noreg. Lågare sysselsetjing, lågare inntekter og fattigdom blant delar av innvandrabefolkninga i Noreg er likevel skildra som ei utfordring. Personar med innvandrarbakgrunn er også underrepresentert på fleire samfunnsarenaer, med systematiske variasjonar mellom grupper. Dersom kollektive, frivillige og interessebaserte arenaer tapar terreng, stiller Ødegård i «Sosial kapital i Norge» (Ødegård 2011: 129-130) spørsmål til korleis ein best kan integrere innvandrarar. På den andre sida viser ho til utviklinga av eit nytt foreningsliv, der innvandrabefolkninga til dømes er meir aktive enn majoriteten innan velferd, utdanning og i religjøse organisasjoner.

Sjølv med auka inter-gruppe kontakt, varierer både mulegheiter for kontakt i Noreg, og typar kontakt. Til dømes peikar Jill Loga (2011, 5: 129) på korleis integrering artar seg forskjellig i ulike delar av landet. I tillegg til variert kommunal politikk er integrasjonsprosessar knytt til andre forhold i lokalmiljøet, som alderssamsetning, etnisk samansetning, økonomiske forhold, språk og bustadområde. Ulike aspekt ved kontakt vil som nemnt bli studert i form av to hovudkomponentar, samansetning og kontaktkvalitet. Medan samansetning kan seie noko om møtehyppigheit og mulegheitene for kontakt, kan kontaktkvalitet seie noko om typar kontakt og evalueringar av møter.

## **2.4 Oppsummering av kapitlet**

Utviklingslinene som er presentert i dette kapitlet syner at Noreg har erfart store samfunnsendringar sidan 1970-talet. Frå å vere eit nærast homogent land, har Noreg vorte eit heterogent immigrasjonsland på linje med resten av det velståande Europa. Minoritetsbefolkinga si rolle har også vore i utvikling, sjølv om personar med innvandrarbakgrunn er underrepresentert på fleire samfunnsarenaer, og at det fins ulike svar på korleis det går med integreringa i landet. Den nemnte samfunnsendringa i Noreg er bakgrunnen for val av emne for oppgåva. Vidare vil effektane av mangfald i form av auka inter-gruppe kontakt bli studert nærare, med bakgrunn i det teoretiske rammeverket som vil bli presentert i komande kapittel.

### **3 Teoretisk rammeverk**

Medan mykje forsking på immigrasjon i Vest-Europa har fokusert på politiske tiltak og trendar (McLaren 2003: 911), er fokuset i denne oppgåva verknadane av immigrasjon i form av auka inter-gruppe kontakt, på individnivå. Dette kapitlet presenterer det teoretiske rammeverket som er grunnlaget for oppgåva. Fyrst vil eg presentere og diskutere kontakt- og konfliktteori, som er bakgrunnen for hypotesane som vil bli lagt fram. Deretter vil eg diskutere uttrykk for toleranse og tillit i høve utgrupper, som kontakt ut frå dette rammeverket kan tenkjast å påverke. Dette er også bakgrunnen for val av fleire avhengige variablar<sup>4</sup>. Til sist kjem ei oppsummering av kapitlet.

#### **3.1 Litteraturgjennomgang**

Den akademiske litteraturen i studiar av mangfold og sosiale bindingar femner om to motsette perspektiv (Putnam 2007: 141), og forskrarar som støttar både kontakt- og konfliktteoriar hevdar at kontakt mellom personar frå ulike etniske grupper har ein effekt på samfunnet. Potensialet for at inter-gruppe kontakt kan bidra til toleranse, redusere fordommar, og auke sosial solidaritet har lenge blitt undersøkt, men resultata er varierte. Medan kontaktteori viser til positive effektar av kontakt, og at isolasjon kan medføre fordommar og konflikt (Brameld 1946: 245 i Pettigrew og Tropp 2006: 751), viser konfliktteori til negative verknader av kontakt (Baker 1934: 20 i Pettigrew og Tropp 2006: 751), som under visse føresetnader kan medføre frykt, konflikt og mistenkeleggjering. Det teoretiske rammeverket for denne oppgåva er knytt til desse motseiande teoriane, og oppgåva undersøker med dette verknaden av kontakt ut frå ei eldre hypotese (McLaren 2003: 911).

##### **3.1.1 Kontaktteori**

Kontakttesen hevdar at mangfold fostrar inter-etnisk toleranse og sosial solidaritet (Allport 1954, Oliver og Wong 2003). Kontakt med menneske som er ulike ein sjølve, tenkjast med dette å ha potensiale til å endre oppfatningar og intuitive vurderingar. Forskinga på inter-gruppe kontakt starta etter andre verdskrig, og vart i utgangspunktet utvikla for å forklare intoleranse, eller fordommar i høve afro-amerikanarar. Originalt var den formelle

---

<sup>4</sup> Ulike effektar av kontakt, og korleis eg har valt å operasjonalisere desse vil bli lagt fram i del 3.2.


kontakttesen foreslått av Robin M. Williams (1947 i McLaren 2003: 911-912), som hevda at kontakt med potensielt mislikte grupper kunne redusere fordommar mot desse gruppene. Vidare inspirerte Gordon Allport (1954) si formulering i «*The Nature of Prejudice*» i 1954, til ekstensiv forsking på kontakt, som i ettertid har vore støtta på tvers av situasjonar, grupper og samfunn (Pettigrew og Tropp 2006: 751-752).

Allport (1954) hevda at under ideelle situasjonar kan positive møte med medlem frå minoritetsgrupper medføre haldningsendringar. Eit fyrste steg i denne prosessen er ei målspesifikk endring, der negative oppfatningar av andre kan bli erstatta av meir positive. Deretter aukar sjansen for at nye positive assosiasjonar med eitt individ eller fleire, også kan utvidast til å gjelde for gruppa som heilskap. Allport (1954) spesifiserte vidare kontakttesen, og viste til visse føresetnader som optimalt kan gje positive verknader av kontakt. For det fyrste må gruppene ha lik status i kontaktsituasjonen, og vidare eit felles mål. Ein tredje føresetnad er samarbeid mellom gruppene, medan den fjerde føresetnaden inkluderer felles støtte til autoritetar, lover og normer (Pettigrew 1998: 66-67). Andre har også lagt til fleire føresetnader til kontaktteori, som til dømes at kontakt må gje mulegheiter til å avkrefte stereotypar, og til å utvikle positive persepsjonar av utgruppa (McLaren 2003: 912). Jamvel argumenterte Sherif og Sherif allereie i 1953 for at ein må skilje mellom ulike typar kontakt. Stolle, Soroka og Johnston (2008) testar regulariteten av kontakt med medlem frå utgruppa, då sosiale band kan ventast å minke kjensla av truslar. Vidare finn Christ, Schmid, Lolliot, Swart, Stolle, Tausch, Al Ramiah, Wagner, Vertovec og Hewstone (2014) støtte for kontekstuelle effektar av positiv inter-gruppe kontakt, og at det å bu i områder der menneske har positiv kontakt assosierast med meir tolerante normer. Jamvel har særleg verknaden av nær kontakt, som venskapleg kontakt, vore sett som viktig (Pettigrew 1998, McLaren 2003). McLaren (2003: 913) viser til at dette kan ha grunnlag i at negative haldningar til utgrupper har grunnlag i førestilte skilnader mellom ein sjølve og medlem frå utgruppa, i tillegg til førestillingar om at medlem frå utgruppa har andre normer, verdiar og haldningar enn ein sjølve. Ein kontaktsituasjon kan ut frå kontaktteori ha potensiale til å endre slike oppfatningar, gjennom mulegheitene til kjennskap til og læring om andre.

Pettigrew (1998: 69-80) peikar på nokre spesifikke problem med Allport si utforming av kontaktteori. Noko av kritikken går på at hypotesen ikkje spesifiserer korleis effektar av

kontakt kan generaliserast<sup>5</sup>, og at hypotesen ikkje seier noko om endringsprosessar. Til dømes ser forfattaren på forholdet mellom familiaritet og det å like nokon, og foreslår at ein underliggende prosess involverer at kjennskap forplantar graden av om ein likar nokon eller ikkje. Pettigrew hevdar difor at forsking trengs på alle stadium i kontaktprosessen, der ulike stadium inkluderer forskjellige kontaktsituasjonar med endringar som må bli forstått. Ulike faktorar kan også vere viktige på forskjellige stadium, og både individuelle differansar, sosiale normer og samfunnet ein lever i kan forme kontakt og effektane av kontakt. Pettigrew (1998: 77) syner denne prosessen i ein reformulert kontaktteori, synt i figuren nedanfor.

Figur 3.1 Reformulert kontaktteori



I prosessen frå ein kontaktsituasjon til endra åtferd og haldningar, inkluderer fyrste steget laring om utgrupper. Meir kunnskap og betre forståing kan slik tenkjast å kunne korrigere negative oppfatningar om definerte andre og betre haldningar til utgrupper. Ved repeterande kontakt kan ein mulegens forme nye forventningar til ein situasjon, ettersom nye erfaringar krev at ein endrar seg. Inter-gruppe kontakt kan ut frå dette rammeverket inkludere ei åtferdsendring, til dømes gjennom tilpassing til nye situasjonar som vidare kan medføre haldningsendringar, også meir generelt. Emosjonar og sosial tilknyting er likevel essensielt. Til sist nemner Pettigrew (1998: 70-73) at kontakt også opnar eige perspektiv og synet på eiga gruppe.

<sup>5</sup> Sjølv viser Pettigrew (1998: 73-75) til tre typar generalisering. Den fyrste er generalisering på tvers av situasjonar, medan den andre er generalisering på tvers av grupper. Ein siste type er generalisering frå eitt gruppemedlem til utgruppa som heilskap. Dette vert nærmere diskutert i del 3.2.2.

Ettersom kontakttesen har vorte revidert av fleire, er det ein viss fare for diskrepans mellom teoretiske og empiriske modellar (Finseraas og Kotsadam 2014: 4-6). Pettigrew (1998: 68) ser likevel nærmere på dette problemet, og viser til støtte for kontakttesen sjølv om føresetnadane ikkje er møtt. Ifølgje Pettigrew (1998: 68 i McLaren 2003: 912) er Allport sine føresetnader difor forenklande og ikkje nødvendige for positive verknader av kontakt, med unntak av venskapleg kontakt som synast å vere viktig. Problematisk er det likevel at menneske med meir fordommar også kan unngå kontakt, noko som er sentralt for diskusjonane vidare i oppgåva<sup>6</sup>. I ein meta-analyse av kontakttesen med eit utval frå 515 studiar, finn likevel Pettigrew og Tropp (2006) at kontakt mellom grupper reduserer fordommar mellom dei. Konfliktteori viser likevel til andre mulege effektar av kontakt, og synleggjer eit potensiale for fleire negative effektar.

### 3.1.2 Konfliktteori

I følgje konfliktteori kan mangfold av ulike årsaker, men særleg grunna påstandar om avgrensa ressursar, fostre mistillit til utgrupper og auke solidaritet innan grupper. Medan kontaktteori viser til at mangfold eroderer skiljet mellom grupper, viser konfliktteori til at mangfold aukar skilnadar og etnosentrisme (Putnam 2007: 142-144). Ved fysisk nærleik til menneske med ulik etnisk bakgrunn eksempelvis, kan eit resultat vere at ein vender seg mot sine eigne grupper i større grad, og stolar i mindre grad på andre (Blumer 1958, Blalock 1967, Quillian 1995 i Putnam 2007: 142). Det er likevel fleire teoriar med ulike kontekstar og føresetnader i fokus innan konfliktteori, som søker å forklare eit stort spekter av haldningar i høve utgrupper (Schneider 2008: 54).

Sidan Key (1949 i Enos og Wise 2012) har det vore stor interesse for korleis demografisk kontekst påverkar politisk åtferd. Han tolka inter-gruppe konflikt som eit produkt av konkurransen for politisk makt og mangel på ressursar, og venta at fleire minoritetsgrupper i eit område også ville auke talet konfliktar. Eksempelvis kan motståande økonomiske interesser påverke konflikt mellom den dominante og den underordna gruppa (Sniderman et al. 2004: 35 i Ivarsflaten 2005: 22). Dette vart bakgrunnen for den såkalla realistiske gruppekonfliktteorien, som hevdar at økonomiske truslar på individnivå truar positive haldningar til

---

<sup>6</sup> Dette er eit fundamentalt problem i studien av inter-gruppe kontakt, ettersom tverrsnittsdata ikkje kan synleggjere årsaksretning. Dette problemet vert diskutert i større grad i metodekapitlet.

immigrasjon. Relativt store utgrupper kan med dette ventast å auke konkurranse og til dømes forenkle politisk mobilisering (Schneider 2008: 54).

I tillegg til at uttrykk for tolerante haldningar og åtferd i høve utgrupper og definerte andre kan verte påverka av gruppa sin posisjon, ressursar og privilegium, kan trusselpersepsjonar også auke årsaka verdiar og kulturelle spørsmål. Medan realistisk konfliktteori kan seie meir om situasjonelle differansar i haldningar mellom individ og større sosiale einingar, kan sosial identitetsteori forklare meir om kvifor menneske har negative haldningar til utgrupper i utgangspunktet (Schneider 2008: 54). I tilknyting det som i dag vert kalla sosial identitetsteori argumenterte Walker Connor for at menneske kjenner sterkt emosjonell tilknyting til deira nasjonale fellesskap, og at dette er sentralt for å forstå konflikt mellom etniske grupper. Connor hevda at menneske responderer kraftigare og meir emosjonelt med omsyn til nasjonal identitet enn med omsyn til eigen økonomi, noko som kan medføre trusselpersepsjonar eller eit ynskje om å verne om eigen levemåte (Ivarsflaten 2005: 23-24).

Graden av konkurranse er ofte konseptualisert til kontekstuelle karakteristikkar med omsyn til demografi, samt delen ressursar det er konkurranse om. Med dette er ofte størrelsen til utgruppa undersøkt, samt mål på økonomiske og kulturelle truslar. Quillian (1995) utvikla til dømes ein teori om fordommar mot utgrupper basert på kollektive truslar, og konseptualiserer fordommar som eit kollektivt fenomen der individuelle haldningar er påverka av relasjonar mellom grupper. Eksempelvis syner han (1995) med funn frå Europa, at høgare konsentrasjon av immigrantar aukar fordommar<sup>7</sup>. Ei stor utgruppe kan i tillegg auke både økonomisk og sosial konkurranse og/eller kulturelle konfliktar over normer og verdiar, identitetsomsyn og frykt for ein mindre nasjonal autoritet.

### **3.1.3 Teoretiske forventningar: Utvikling av hypotesar**

Ut frå konfliktteori kan ein vente eit negativt forhold mellom ulike uttrykk for toleranse og tillit, og samansetning i område på den andre sida. Auka mangfold og inter-gruppe kontakt kan med dette verke trugande for majoritetsgruppa sin posisjon, med fordommar som eit døme på ein mogleg respons i høve trusselpersepsjonar. Jamvel viser kontakteori til at mangfold også aukar sjanske for positiv inter-gruppe kontakt, som vidare kan betre

---

<sup>7</sup> Hjerm (2009: 47) finn likevel at det ikkje er størrelsen til minoritetsgruppa som aukar negative oppfatningar, men at folk har mindre toleranse i område med mange synlege innvandrargrupper.

oppfatningar om utgrupper og relasjonar mellom grupper, sjølv om føresetnadane til Allport (1954) ikkje er oppfylt (Pettigrew 1998, Pettigrew og Tropp 2006). Kvaliteten på kontakt er ut frå kontaktlitteraturen på si side sett som ein særeigen mekanisme, med potensiale til å gje positive effektar av kontakt (Pettigrew 1998). Med bakgrunn i desse motseiande teoriane kan mangfald difor ventast å ha både positive og negative konsekvensar på samfunnet (Anderson og Paskeviciute 2006). Med dette utleia fire hypotesar som vil bli testa i den statistiske analysen. Hypotesane er presentert i tabellen nedanfor.

Tabell 3.1 Kontaktteori og konfliktteori

Hypotesar	Forventa effekt	
H1	Samansetning i nærområdet	+/-
H2	Positive evalueringar av møter	+
H3	Venskapleg kontakt	+
H4	I eit heterogent samfunn har ikkje kontakt potensiale til å endre oppfatningar om utgrupper i ei positiv retning då trusselpersepsjonane vil vere større	-

Når det gjeld samansetning, som kan seie noko om både mengde og mulegheiter for kontakt, er det ut frå det teoretiske rammeverket uklart kva resultat som kan ventast av den statistiske analysen. Dette er uttrykt i H1. På den andre sida vil det ut frå kontaktteori ventast positive effektar av god kontaktkvalitet. Dette er bakgrunnen for H2 og H3. H4 er utleia med bakgrunn i konfliktteori, og mulegheita for at verken kontakt i form av samansetning eller kontaktkvalitet kan trosse utviklinga av auka trusselpersepsjonar og konflikt når grupper kjem i kontakt i same geografiske område.

### 3.2 Effektar av inter-gruppe kontakt

Ut frå det teoretiske rammeverket som er presentert kan det ventast at mangfold og inter-gruppe kontakt har ein effekt på samfunnet, og på forholdet mellom grupper. Inter-gruppe kontakt, som i denne samanheng er kontakt mellom innvandrarbefolkninga i Noreg og befolkninga elles, har ut frå kontakt- og konfliktteori eit potensiale til å endre ulike oppfatningar og intuitive vurderingar av definerte andre. Nedanfor vil eg fyrst vise til ulike uttrykk for toleranse og tillit som inter-gruppe kontakt kan tenkjast å påverke, før eg viser til korleis eg vel å operasjonalisere desse.

Møter med utgrupper har synt sær ulike verknader på uttrykk for toleranse (Freitag og Rapp 2013) og tillit (Putnam 2007, Kokkonen, Esaiasson og Gilljam 2012: 9). Eksempelvis tok

Gordon Allport (1954: 9) utgangspunkt i fordommar, og definerer dette som antipati basert på ein feilaktig eller rigid generalisering. Ashmore (1970) knyter på si side definisjonen av fordommar til ei negativ haldning mot ei definert sosial gruppe og medlemmar av denne gruppa. Fordommar er likevel berre eitt døme på uttrykk for intoleranse (Pettigrew 1980: 821 i Quillian 1995: 587). Lauren McLaren (2003) studerer til dømes verknaden av kontakt på ei strengare form for fordommar, og haldningars til ekskludering og inkludering av medlemmar frå minoritetsgrupper frå samfunnet. Også innan forsking på sosial kapital er ulike verknader av mangfald undersøkt, som er betydningsfulle for sosiale bindingar og tillit (Stolle, Soroka og Johnston 2008: 57). Sjølv om ein ut frå eit sosial kapital perspektiv kunne venta at auka kontakt med personar frå andre etniske grupper (eller i det minste meir kontakt under rette føresetnader) også ville auke tilliten til andre, finn Putnam (2007: 137-142) negative effektar av mangfald. Han viser til at for ulike årsaker, men særleg grunna mangel på ressursar, fostrar mangfald mistillit til utgrupper, medan det aukar solidaritet innan grupper. Sjølv om mangfald kan ha mange goder over tid, viser han til lågare sosial kapital i etnisk mangfaldige nabolag i eit korttidsperspektiv.

Uttrykk for toleranse i høve utgrupper kan slik sett ta mange former (McLaren 2003: 911). Mange konsept som blir nytta i samfunnsvitskapen ligg også latente, og er ikkje direkte målbare (Gerring 2012: 157). Sidan konsepta ofte er knytt til menneskeleg åtferd og avgjersler, kan dei vere sære vanskelege å definere. Eksempelvis blir toleranse i offentleg opinion ofte vurdert som eit generelt positivt syn, med fråvær av fordommar, rasisme og etnosentrisme. Ei anna fortolking av toleranse er å halde ut med andre som ikkje er like ein sjølve (Freitag og Rapp 2013: 428). Toleranse er med dette eit fleirdimensjonalt omgrep som inkluderer både avvisning og aksept<sup>8</sup>. Côté og Erickson (2009: 1664) viser til toleranse som eit sett positive evalueringar beståande av fleire komponentar. Desse inkluderer både ulike evalueringar av utgrupper, kognitive element som å erkjenne problem med diskriminering, i tillegg til politiske element, som haldningars til at fleire immigrantar kjem til landet, samt støtte til minoritetsgrupper. Med bakgrunn i dette har eg i analysen valt å undersøke ulike uttrykk for toleranse og tillit ved å undersøke verknaden av kontakt på fleire avhengige variablar. Dette er også interessant med omsyn til eventuelle skilnader i resultata.

<sup>8</sup> Scanlon (2003: 187 i Freitag og Rapp 2013: 428) nemner til dømes at toleranse er ei haldning mellom heilhjarta aksept og ukontrollert avvisning. Pittinsky, Rosenthal og Montoya (2011: 41-44) viser likevel til at sjølv om termar som toleranse og aksept er dei beste konseptuelle motsetnadane til fordommar, er det likevel ikkje sikkert toleranse er det motsette av andre negative haldningar.

### **3.2.1 Avhengige variablar**

Denne oppgåva set inter-gruppe kontakt i fokus, og analysen er med dette sentrert kring dei uavhengige kontaktvariablane. Av den grunn har eg i denne analysen valt å sjå på eit brent spekter av uttrykk knytt til forholdet mellom grupper, som inter-gruppe kontakt kan tenkjast å ha ein effekt på. Ut frå litteraturen om kontakttesen og konflikttesen knyt det seg heller ingen spesifikke forventningar til bestemte variablar, og inter-gruppe kontakt kan dermed ventast å ha ein verknad på ei rekke ulike haldningars. Ulike effektar av kontakt vil difor bli studert ut frå fire avhengige variablar.

Dei avhengige variablane er valt på bakgrunn av det teoretiske rammeverket, der inter-etnisk personleg kontakt er ein viktig årsaksmekanisme (Putnam 2007: 141), både i studiar relatert til inter-etnisk toleranse, sosial tillit og solidaritet. Saman gjev variablane eit godt grunnlag for å kartlegge mekanismar og eventuelle skilnader i effektane av kontakt for sosiale bindingar og oppfatningar om utgrupper i Noreg. Dette gjev også mulegheiter for å undersøke om verknaden av kontakt er avhengig av kva uttrykk for toleranse og tillit ein studerer. Sidan individ pleier å utvikle sosial gruppebasert identifikasjon<sup>9</sup>, og sidan språk, kultur og tradisjonar ofte blir lagt på grunnlag av etniske skilnader, fungerer etnisitet og bakgrunn som ein viktig funksjon av grenser for inn- og utgrupper (Finseraas og Kotsadam 2014: 4-6). Dette er også bakgrunnen for val av avhengige variablar som inter-gruppe kontakt kan ventast å ha ein verknad på. Nedanfor følgjer ein presentasjon av dei avhengige variablane.

#### ***Haldning til muslimar***

Muslimar er ein signifikant del av immigrantpopulasjonen i Vest-Europa (Strabac og Listhaug 2008 i Spruyt og Elchardus 2012: 801-802). Samstundes peikar noko forsking på at antimuslimske haldningar er sterkare enn haldningar mot innvandrarar generelt. Ifølgje Spruyt og Elchardus (2012: 800-803) kan dette kome både årsaka media, sterke populistiske parti eller generelle fordommar mot kulturelle minoritetar. Dei viser også til fleire internasjonale hendingar, som til dømes terrorangrepet i USA i 2001, som ein mogleg faktor, som mulegens har synleggjort islam som ein markør for minoritetsgrupper, og også påverka diskursen om og

<sup>9</sup> Utviklinga av ein sosial gruppebasert identifikasjon byrjar med sjølvdefinering. Vidare dannast sosiale kategoriar som utløyser distinkte grupper, og eit «oss» versus «dei». Dette kan sjåast som eit funksjon av intoleranse eksempelvis, der differensiering frå andre medfører sosiale identitetar og ei kjensle av tilhøyrslle med inn-gruppa (Zick, Küpper og Hövermann 2011).

haldningar til muslimar. I tillegg kan normer og levemåtar påverke gjensidig ekskluderande kjensler av utgrupper (Sniderman og Hagendoorn 2007 i Spruyt og Elchardus 2012: 801-802). Slik sett passar variabelen godt, også teoretisk sett, å undersøke med bakgrunn i kontakt- og konfliktteori. Ein årsak til at inter-gruppe kontakt kan ventast å påverke haldning til muslimar er gjennom kjennskap til ei definert utgruppe som i Noreg har vore diskutert i offentlege og politiske arenaer, både når det gjeld islam generelt og muslimske populasjoner<sup>10</sup>. Til sist kan det nemnast at kulturelle truslar har synt seg å ha større verknad på generelle haldningars til innvandring enn økonomiske truslar (Ivarsflaten 2005: 22). Haldningane til muslimar kan sjåast som eit uttrykk for toleranse eller intoleranse i høve ei definert gruppe i Noreg, som kontakt kan ha ein verknad på.

På den eine sida kan det ut frå kontaktteori tenkast at haldningars til muslimar vert meir positive gjennom inter-gruppe kontakt, då mangfold gjennom kjennskap til medlemmar frå utgruppa har potensiale til å auke forståing for andre, verdiar og kulturar, samt eit meir ope perspektiv (Pettigrew 1998, Allport 1954). Det er likevel også ein sjanse for at kontakt ut frå det teoretiske rammeverket synleggjer differansar og aukar trusselpersepsonar i større grad, og med dette verkar negativt på haldning til muslimar. Vidare kan det tenkast at manglande nære, sosiale band hindrar større positive effektar av kontakt, sjølv om noko kontakt er til stades. Negative effektar av kontakt kan likevel kome frå at menneske har ein tendens til å sjå større differansar mellom grupper enn det som allereie finn stad. Med dette kan mulegens ikkje alle kontaktutsituasjonar ha det same potensiale til endre oppfatningar, ettersom ein kategoriserer gruppemedlemmar ut frå stereotypar. Kontakt kan sjølvsagt også gå andre vegen, dersom opplevingane av møter ikkje er like positive.

### ***Motivasjon til å unngå fordommar***

Inter-gruppe kontakt kan vidare tenkast å påverke synet menneske har på fordommar og motivasjonen ein har til unngå desse. I høve tidlegare forsking på offentleg opinion relatert til rase og immigrasjon, som bygger på rolla til fordommar og negative haldningars til minoritetsgrupper, inkluderer motivasjonen til å unngå fordommar også sosiale normer (Ivarsflaten, Blinder og Ford 2010: 421-424). Medan eventuelle negative haldningars og stereotypar knytt til utgrupper ofte påverkar politiske haldningars (Coenders et al. 2008, McLaren og Johnson 2007, Sniderman og Hagendoorn 2007 i Blinder, Ford og Ivarsflaten

---

<sup>10</sup> Eit nyare døme på dette er eksempelvis knytt til demonstrasjonar og debattane knytt til organisasjonen Pegida, Patriotiske europeere mot islamiseringen av Vesten, hausten 2014 (Dypvik 2015).

2013: 842), inkluderer ein motivasjon til å unngå fordommar også individ sine responsar til og internalisering av sosiale normer mot fordommar og diskriminering. Konseptuelt skil Blinder, Ford og Ivarsflaten (2013: 844) mellom motivasjon og haldning, noko som også er interessant i høve variabelen haldning til muslimar. Medan motivasjonar representerer ynskjer og behov, og medfører ei målretta handling, er haldningane knytt til reine evalueringar av menneske og objekt i større grad<sup>11</sup>. Denne motivasjonen er blant anna relevant for opinionsdanning og politisk åtferd (Ivarsflaten, Blinder og Ford 2010: 421-424). Motivasjon til å unngå fordommar inkluderer slik ein tosidig prosess av haldningane mot utgrupper, som både er påverka av kontekst og motivasjonen til å kontrollere fordommar (Blinder, Ford og Ivarsflaten 2013: 841). Variabelen kan med dette gje innblikk i kor mykje av negative haldningane som kjem frå aktivering av negative tankar i inter-etniske kontaktsituasjonar.

Med bakgrunn i samfunnssendringa i Noreg med omsyn til mangfold, samt problemstillingar knytt til fordommar, og offentlege debattar kan det tenkjast at kontakt også påverkar sosiale normer. Med auka inter-gruppe kontakt kan det tenkjast at menneske også vert meir bevisste på eigen åtferd og tankar om andre, og at gruppemedlemmar brukar større innsats for å regulere uttrykk for fordommar (Richeson og Shelton 2003 i Ashby Plant og Devine 2009). Kontakt med innvandrarar i Noreg kan med dette tenkjast å styrke ynskje om å vere fordomsfri, og ynskje om å vise respekt, aksept og motivasjon til likebehandling mellom grupper, sjølv om ein ikkje nødvendigvis er fullstendig nøytral til differansane mellom dei. Appell til egalitære verdiar og refleksjon over ulikskap og rettferd kan mulegens også auke motivasjonen til å unngå fordommar (Devine, Monteith, Zuwerink, og Elliot 1991, Monteith, Devine og Zuwerink 1993 i Tropp og Mallett 2011). Livingston og Drwecki (2007 i Tropp og Mallett 2011) finn også at tolerante menneske har ein affektiv læringsstil som skil seg frå andre. Årsakane til at menneske får denne motivasjonen avgjer også truleg intensjonane for å regulere fordommar. I møte med andre grupper kan det dermed tenkjast at ein kan vere indre motivert til å svare utan fordommar, for å handle ut frå personelege verdiar eller ytre motivert til å svare utan fordommar for å handle ut frå visse normer og unngå avvising frå andre. Med meir inter-gruppe kontakt er det likevel ein fare for at i staden for å utslette fordommar, kan normative endringar resultere i at menneske skjuler fordommar i staden. Det er likevel ikkje sikkert at alle menneske ynskjer å kontrollere fordommar på alle vilkår. Menneske som tenker

---

<sup>11</sup> Motivasjonar har også ei retning og ein intensitet, og er sentralt for åtferd og kontrollerte prosessar (Plaks 2011 i Blinder, Ford og Ivarsflaten 2013: 844).

at dei manglar eigenskapar til å svare utan fordommar blir mulegens særleg påverka sjansen for at dei svarer negativt påverkar situasjonen. Dette kan på si side også medføre ynskje om å unngå slike kontaktssituasjoner.

### ***Haldning til innvandring***

Saman med haldning til muslimar og motivasjon til å unngå fordommar, er verknadane av kontakt på haldning til innvandring også interessant for analysen for forskingsspørsmålet., som ei form for evaluering med eit politisk element. Variabelen kan vere av ein annan karakter enn dei to føregåande avhengige variablane som er presentert. Ettersom haldning til innvandring ikkje knyt seg direkte til mellommenneskeleg kontakt og inter-gruppe relasjonar, kan haldning til innvandring seiast å vere kvalitativt forskjellig frå haldning til muslimar og motivasjon til å kontrollere fordommar. Dette grunngjevast i fenomenet innvandring knyt seg til meir politiske spørsmål, og treng ikkje å knyte seg direkte til haldningane mot utgrupper. Variabelen ser med dette vidare frå standard mål om preferansar og stereotypar, på eventuelle verknader på haldningane til innvandring og innvandringspolitikk. Haldning til innvandring er likevel ein velbrukt variabel i studiar av kontakt, sjølv om den tek særskilt ulike former i litteraturen.

Haldning til innvandring kan uttrykke ei politisk orientering, til dømes om ynskje om at fleire eller færre innvandrarar bør busette seg i Noreg, som er mål på haldningane i denne samanheng. Ut frå det teoretiske rammeverket kan inter-gruppe kontakt på bakgrunn av fleire møter med innvandrarar mulegens medverke til ei meir open innstilling, som også påverkar haldningane til fenomenet innvandring. Resultat frå Integreringsbarometeret 2012 (Integrerings- og mangfalddirektoratet 2012) og Statistisk sentralbyrå (Blom 2013: 4) syner til dømes at dei som har mykje kontakt med innvandrarar i Noreg samla sett, også tenderer å ha eit meir positivt syn på integrering og innvandringsvolum. Med dette har kontakt truleg potensiale for å verke positivt på uttrykk for haldningane til utgrupper i Noreg. Ut frå kontaktteori kan ein muleg endringprosess tenkast å vere gjennom læring og kjennskap til andre, noko som kan minke ulike trusselpersepsjonar. I møte med personar frå utgrupper, vil ein lære om dei, få kjennskap til eventuelle problem, og auke støtte for politikken som kan støtte dei. Med dette kan menneske tenkast å verte meir tolerante (Côté og Erickson 2009: 1664). På den andre sida syner konfliktteori at mangfold også kan verke negativt på haldningane, og at kontakt med definerte andre i større grad kan hindre positive syn på utgrupper. Det kan likevel tenkast at tolerante haldningane ikkje knyt seg direkte til

haldningane ein har til innvandring generelt. Til dømes treng desse haldningane ikkje å vere påverka av dei som ynskjer å innvandre, men i staden vere knytt til positive haldningar i høve dei som allereie er i landet, og eit ynskje om å ta vare på desse.

### ***Generalisert tillit***

Den siste avhengige variabelen som vert studert er generalisert tillit. Dette har bakgrunn i at større mangfald har medført debatt om konsekvensane for fellesskap og sosiale bindingar, og at både konflikt og kontakthypotesen er sentrale i forsking på om etnisk mangfald påverkar sosial tillit. Forskarar er likevel ueinige om kva retning effekten går. Medan mykje samfunnspsykologisk forsking og arbeid innan politisk teori peikar på at tillit aukar i homogene omgjevnader, hevdar andre at kontakt på tvers av grupper er positivt for tillit, som overgår grenser mellom grupper (Stolle, Soroka og Johnston 2008: 59). Effekten av mangfald er særstakkt interessant å studere i Noreg, som eit land med høg tillit og sosial kapital (Wollebæk og Seegard 2011: 12). Samstundes er Noreg ein universell velferdsstat med eit høgt utdanningsnivå, og med eitt av dei mest økonomisk like fellesskapa i verda (Ivarsflaten og Strømsnes 2013: 329).

Skiljet mellom ulike typar tillit er naudsynt, då resultata avhenger av kva tillit det er referert til. I denne samanheng undersøkast horisontal tillit, og tillit til andre menneske. Horisontal tillit skil vidare mellom generalisert og spesialisert tillit (Selle, Semb og Strømsnes 2011: 108). Spesialisert tillit inneber tillit til menneske ein er personleg knytt til, medan generalisert tillit inkluderer tillit til medborgarar der ein ikkje kjenner alle ein evaluerer tillit på bakgrunn av. Tillit vert i denne samanheng definert ut frå sistnemnde, og ideen om at ein kan stole på folk flest. Dette fordi generalisert tillit ofte blir brukt innan forsking på haldningar og åtferd, og at generalisert tillit rettast mot menneske generelt (Stolle 2002: 403), utan å ekskludere interaksjonar mellom menneske som ikkje kjenner kvarandre. Vidare syner Stolle (2002: 405-406) at det er *bridging* sosial kapital, som er overskridande, og svake sosiale band mellom grupper som i størst grad medfører generalisert tillit<sup>12</sup>.

Å undersøke tillit kan med dette gje rik informasjon om verknaden av kontakt på sosiale band der ein ikkje nødvendigvis deler identitet og bakgrunn. Sosial kapital er ein form for sosialt

---

<sup>12</sup> *Bridging* sosial kapital kan sjåast i høve *bonding* sosial kapital. Medan *bridging* sosial kapital er overskridande og kan gå på tvers av grupper, er *bonding* sosial kapital i større grad knytt til samanbinding og auka tillit mellom menneske som er like kvarandre i utgangspunktet (Ivarsflaten og Strømsnes 2013).

nettverk som produserer positive utfall, der eitt av desse kan vere toleranse. Menneske med mangfaldige nettverk og typar kontakt kan med dette ventast å få positive opplevingar av interaksjon med andre. I eit sosial kapital perspektiv ville det med dette ha vore naturleg at etnisk mangfald medverka til meir inter-gruppe kontakt og auka sosial kapital (Ivarsflaten og Strømsnes 2011: 207). Slik har inter-gruppe kontakt potensiale til å danne tettare sosiale band og auke tillit. Dette kan tenkjast å ha grunn i at det er enklare å utvikle tillit til menneske ein har kontakt med eller som ein deler identitet med. Ein positiv interaksjon med personar frå utgrupper kan difor ha potensiale til å minke fordommar. Kontakt med definerte andre kan med dette ha potensiale til å bygge ein identitet og tillit som går på tvers av grupper. Bakgrunnen for dette er at såkalla inngruppe-bias, som inneber at samarbeid og tillit er enklare med menneske frå eiga gruppe. Sosiale interaksjonar mellom individ frå ulike grupper kan med på si side fostre ein overordna identitet, som både minkar slike inn-gruppe bias og i større grad inkluderer medlemmar frå utgruppa. På den andre sida kan det tenkjast at manglande kontakt kan vil forsterke fordommar basert på stereotyper (Stolle, Soroka og Johnston 2008: 59).

På den andre sida har mangfald også potensiale til å auke trusselpersepsjonar, og opnar mulegheita for at ein i staden vender seg innover mot det kjende, og i større grad får mistillit til medlemmar frå utgrupper. Dette syner Putnam (2007) med negative effektar av mangfald på tillit i eit korttidsperspektiv i USA. Samstundes peikar han på at tillit innan grupper og tillit til utgrupper er negativt korrelert. Høg *bonding* kan med dette vere inkompatibelt med høg *bridging*. Inter-gruppe kontakt kan med dette også vere ein motivasjon til ei negativ utvikling, og såkalla *hunkering down* (Putnam 2007). Putnam (2007) hevdar at etnisk mangfald kan medføre at menneske trekker seg tilbake frå kollektivt liv, og aukar mistillit til naboor, uavhengig hudfarge (Sturgis, Brunton-Smith, Read og Allum 2010). Ukjende differansar i eit sosialt miljø kan med dette medføre tilbaketrekking. Dei same resultata har likevel ikkje vore like synlege i Europa, der effektane av mangfald er meir positive på tillit generelt (Kokkonen, Esaiasson og Gilljam 2012: 9). Noreg er også nærast ein motsett case av USA, og verknaden av kontakt på tillit er i denne samanheng difor undersøkt i heilt andre omgjevnader enn Putnam undersøkte. Ivarsflaten og Strømsnes (2011) finn likevel ein positiv samanheng mellom homogenitet og tillit i Noreg.

### **3.2.2 Diskusjon og implikasjonar**

I denne delen vil eg diskutere somme implikasjonar knytt til rammeverket som så langt er blitt presentert. Til dømes kan eit problem knytast til generalisering ettersom kontakt med eit fåtal menneske sjeldan medfører endra haldningar mot ei heil sosial gruppe (Putnam 2000). Av den grunn kan det tenkast at dei personane med mest kontakt er atypiske for sine grupper, medan kontakteffektane best generaliserast når medlemmene er typiske for si gruppe. Til dømes kan ein uttrykke positive haldningar til *ein* innvandrar, og vurdere denne som unik i høve gruppa som heilskap, medan ein samstundes har meir negative haldningar til innvandring generelt.

Jamvel viser Pettigrew (1998: 74) til at optimal kontakt også kan medføre positive endringar som kan generaliserast sjølv om det er atypiske gruppemedlemmar som er involvert. Côté og Erickson (2009) viser også til ei ny generalisering av kontakttesen, der opplevingar med mange ulike menneske frå andre grupper enn ein sjølv, er generalisert til synet på alle andre. Robert Putnam (2000) la denne generaliserte forma for kontakttese til grunn i diskusjonen av positive effektar av sosial kapital<sup>13</sup>. I tillegg peikar Hjerm (2009: 52-53) på at konfliktteoriar blir relatert til eit generelt sett negative haldningar knytt til minoritetsgrupper, og ikkje berre spesifikke vurderingar. Ettersom linken mellom trusselpersepsjonar og haldningar hjå enkeltindividet gjelder for både haldningar til innvandrarár og innvandringspolitikk, kan ein også argumentere for at dette gjeld for kontaktteori. Sjølv om dette er sentralt, vektleggast tidlegare litteratur på feltet. Det vert difor lagt til grunn også i denne samanheng, at haldningar og fordommar kan ha verknad frå ekstensiv kontakt også med nye kjenningar.

Ei anna problemstilling knytt til val av avhengige variablar og konseptualisering, er at spørsmåla i datamaterialet om kontakt ikkje skil mellom grupper innvandrarár, som er ei muleg kjelde til nyttig informasjon. Ein kan difor spørje seg om vesteuropæiske preferansar kring immigrasjon er relativt eindimensjonale, eller om haldningane til respondentane i undersøkinga skil seg når det gjeld asylsøkjarar eller arbeidsinnvandrarár eksempelvis (Ivarsflaten 2005: 25). Dette er særleg relevant med omsyn til variabelen haldning til innvandring, men også med omsyn til spørsmåla om kontakt, som også inkluderer referansar

<sup>13</sup>Den generaliserte kontakttesen impliserer at det er meir toleranse i høve utgrupper og medlemmar frå denne, blant menneske med mangfaldige fellesskap og nettverk, sjølv om det fins mange typar nettverk med ulike typar kontakt og ulike effektar (Côté og Erickson 2009: 1667). Pettigrew (1998:74) peikar på at Brown og Turner (1981) diskuterer effektane av å generalisere mellom mellompersonlege og mellomgruppe fenomen, og om positive effektar frå å kjenne utgruppemedlem kan påverke haldningar til gruppa generelt. Eit argument er at kontakteffektar kan generaliserast til utgruppa når gruppemedlemsskapet er tydeleg. Dette er likevel problematisk med omsyn til at medlem frå ulike grupper likevel kan ha like interesser, status og kontakt. Somme vil heller ikkje synleggjere si gruppetilhørsle. Ein slik situasjon kan på si side gjere kontakt meir effektivt (Brewer og Miller 1984 i Pettigrew 1998: 74).


til innvandrarar. Ulike forståingar av innvandrarar kan difor vere sentralt. I tillegg inkluderer variabelen haldning til innvandring synet på at innvandrarar buset seg i landet. Det kan difor diskuterast om ordet *busetnad* i spørsmålssettinga rettar respondentane mot syn på asylsøkarar, og ikkje arbeidsinnvandrarar til dømes. Jamvel er det grunn til å tru at respondentar helst kategoriserer innvandrargrupper ut frå synlege differansar. Det er heller ingen grunn til å tru at persepsjonane av kva ein innvandrar er varierer i utvalet i stor grad.

Ettersom kontakt er sett i fokus i oppgåva, er ulike effektar i form av uttrykk for toleranse og tillit sett som ein fordel. Det er med dette analytisk sett forskjellige variablar som vert studert. Effektane som vert studert er likevel operasjonalisert med bakgrunn i det teoretiske rammeverket. I tillegg er det interessant å inkludere fleire element av toleranse, saman med generalisert tillit, då ulike effektar av kontakt er sett i brennpunktet.

### **3.3 Oppsummering av kapitlet**

I dette kapitlet er det teoretiske rammeverket for oppgåva lagt fram. Litteraturen er i hovudsak knytt til kontaktteori og konfliktteori, som to motsette perspektiv. Sjølv om begge teoriane prøver å forklare verknadane av inter-gruppe kontakt, finn dei ulike resultat. Ut frå Pettigrew og Tropp (2006: 754) sin definisjon av inter-gruppe kontakt, som presentert i kapittel ein, inneber inter-gruppe kontakt all interaksjon ansikt til ansikt mellom medlemmar frå klart definerte grupper. Med dette vil kontakt inkludere både tilfeldige møter mellom personar frå ulike grupper, men også nærmere kontakt. Medan kontaktteori viser til positive verknader av kontakt med medlemmar frå utgrupper, og at mangfold vil auke kjennskap og forståing, viser konfliktteori til eit potensiale for auka trusselpersepsjonar og konflikt når ulike grupper kjem saman i same geografiske området, og at ulikskap aukar fordommar og frykt. Med bakgrunn i dette er fire hypotesar lagt fram. Desse har hovudvekt i to komponentar av kontakt, samansetning i området og kvaliteten på kontakt. Dette kan seie noko om mengde kontakt og mulegheitene for kontakt, og vidare evalueringa av møter og om eventuelle differansar mellom nær kontakt og andre typar kontakt. Strukturen som vil følgjast vidare i oppgåva er synt i figuren nedanfor.

Figur 3.2 Studie av inter-gruppe kontakt



Det kan ventast å vere ulike effektar av inter-gruppe kontakt på samfunnet og på oppfatningar om utgrupper og definerte andre. Kva konsekvensar kontakt har, er det på si side ikkje knytt spesifikke forventningar til. Av den grunn har eg valt å undersøke ulike avhengige variablar, og ser med dette på eit vidt spekter av effektar av inter-gruppe kontakt, ut frå at oppfatningar kan ta fleire uttrykk. Dette er bakgrunnen for valet av fire, analytisk sett ulike, avhengige variablar: Haldning til muslimar, motivasjon til å unngå fordommar, haldning til innvandring, generalisert tillit.

## 4 Data og metode

Dette kapitlet vil presentere metoden og datamaterialet som blir brukt for å svare på forskingsspørsmålet. Fyrste del av kapitlet presenterer og diskuterer val av metode og ei kvantitativ tilnærming. Deretter følgjer ein presentasjon av den statistiske modellen, samt føresetnadane for regresjonsmodellen. Del 4.3 presenterer datamaterialet. Fyrst vert bruk av spørjeundersøkingar diskutert generelt, før eg nærare presenterer materialet frå Norsk medborgarpanel, runde ein (2013). Kapitlet vil også inkludere ein kort diskusjon kring nokre metodologiske implikasjoner, før ei oppsummering av kapitlet kjem til sist.

### 4.1 Ei kvantitativ tilnærming

For å svare på forskingsspørsmålet tek denne masteroppgåva ei kvantitativ tilnærming. Dette aukar mulegheita for å kunne generalisere i større grad (George and Bennett 2004), i tillegg til å kunne kartlegge mønster i den norske befolkninga med bakgrunn i eit større utval respondentar (Mahoney og Goertz 2006: 237). Naturen til forskingsspørsmålet passar ei difor ei kvantitativ tilnærming, årsaka mål om å undersøke effekten av kontakt på eit ikkje-spesifikt utfall. Fleire observasjonar gjev også i denne samanheng større grunnlag for å teste interessante hypotesar ut frå det teoretiske rammeverket. I tillegg er det mulegheiter for å sjå ein variabel i lys av andre, samt å undersøke i kva grad dei avhengige variablane vert påverka av kontakt. Det er også ein fordel å kunne skildre styrken og retninga av samanhengane (Skog 2010: 213-215).

Ein muleg negativ verknad ved kvantitativ metode, er på si side manglande nærleik til fenomenet som blir studert. I tillegg er det ein sjanse for å konkludere med feilaktige årsakssamanhangar. I høve ein studie med færre N, er ein analyse med fleire N også lite detaljert. Med dette er det ein viss fare for at sentrale nyansar blir oversett, noko som blant anna kan overestimere årsaksforholdet. Jamvel er det teoretiske rammeverket og metodologiske val grundig gjennomgått for betre validitet. Sjølv om ein kontrollerer for andre faktorar i analysen, vil ein likevel kunne oversjå faktorar som gjerne skulle ha vore kontrollert for. Dette er teke omsyn til ved å grundig gjennomgå litteraturen på feltet for å forstå andre mulege effektar som kan påverke forholdet som blir studert. Ein anna svakheit er at denne oppgåva ikkje vil kunne gje informasjon om eventuelle mellomliggjande kausalkjeder og informasjon om kor nær faktorane ligg i tid (Skog 2010: 74). Bruk av tverrsnittsdata og observasjon av einingane på eitt tidspunkt, kan med dette avgrense sjansane for samanlikning,

og auke faren for spuriøse korrelasjonar. Ein panelstudie kunne difor ha vore eit interessant alternativ, men dette er det ikkje grunnlag for i materialet<sup>14</sup>.

Ein slik variabelorientert studie kan med dette produsere generaliseringar om forhold mellom variablar (Ragin 1987: 16-17). Teknikken er også sett som eit godt alternativ når spørsmålet ikkje let seg studere eksperimentelt. Eksperimentelle studiar av kontakt kan på si side løyse problem med *peer effektar* og seleksjonsbias, som også vil bli diskutert i del 4.4. Eksempelvis undersøker Finseraa og Kotsadam (2014) effektane av kontakt med etniske minoritetar i Noreg ved å randomisere soldatar i ulike rom i militæret<sup>15</sup>. Sjølv om ein eksperimentell metode kunne gje informasjon om årsaksretning, er det visse praktiske vanskar med å eksperimentelt manipulere mangfald demografisk (Enos 2014: 1). McLaren (2003: 913) viser også til at eksperimentelle studiar heller ikkje kan påtvinge nær kontakt, dersom nær kontakt er ein naudsynt føresetnad for kontakttesen. Problemet med å identifisere årsaker er også noko av grunnen til usemje knytt til resultatet på feltet. Det vert likevel vurdert som interessant å nytte tverrsnittsdata som ikkje har vore analysert før. Spørjeundersøkingar er også eit godt verktøy for bruk på store populasjonar der ein har god oversikt over mulege svaralternativ.

Med bakgrunn i ordinale avhengige variablar, vil eg undersøke verknaden av kontakt med bruk av ordna probit-regresjon. Probit-versjonen av den ordna regresjonsmodellen er ei generalisering og utviding av den dikotome probit-modellen, til case der det er meir enn to mulege utfall av ordinale avhengige variablar regresjonsmodellen (Long og Freese 2006: 183). I høve andre probit-modellar har kategoriane i ein ordna probit-regresjon også ei naturleg rekkefølgje<sup>16</sup>, med ei rangering som reflekterer størrelsen til ein underliggende kontinuerleg variabel eller indeks. Til dømes kan dette inkludere låge verdiar for ei negativ haldning og høgare verdiar for ei meir positiv haldning til utgrupper. Denne regresjonsmodellen er valt ettersom dei avhengige variablane er kvalitative, men samstundes inkluderer ei rangering av kvalitative responsar. Målet med analysen er likevel den same som ved ein OLS-regresjonsmodell. Nemleg å best mogleg kunne estimere og måle forholdet mellom kontakt og utfallsvariablane, i tillegg til eit sett av kontrollvariablar. Nedanfor vil den statistiske modellen, fortolkinga av denne, samt føresetnadane for regresjonen bli presentert.

<sup>14</sup> Sjølv om Norsk medborgarpanel femner om fleire rundar med spørjeundersøkingar og går over tid, er spørsmåla om kontakt foreløpig inkludert i runde ein (2013).

<sup>15</sup> Finseraa og Kotsadam (2014) undersøker effektar av kontakt på majoritetsgruppa sine haldningar til immigrasjon, immigrantar sin arbeidsetikk, samt på haldningar til velferdsgoder.

<sup>16</sup> Til samanlikning er utfalla i den multinominale modellen nominale, og kategoriane uordna.

## 4.2 Ordna probit-regresjon

Ettersom ordinale avhengige variablar bryt med føresetnadane for den lineære regresjonsmodellen, vert det vurdert som eit betre alternativ å nytte ein modell som unngår forventningane om ein lik distanse mellom dei ulike svarkategoriane. Ved å ignorere eit underliggende kontinuerleg mål og rangering, vil multinominale probit- eller logit-modellar feilspesifisere data (Long og Freese 2006: 183), og ikkje ta omsyn til den ordinale naturen til den avhengige variabelen (Greene 2003: 736). Ein vanleg OLS regresjon kan på si side bruke informasjon som ikkje stemmer, og vere misvisande årsaka forventningane om eit intervallnivå for dei avhengige variablane. For det fyrste kan det verte problem med heteroskedastisitet, i tillegg til at OLS modellen ikkje vil korrespondere til den korrekta modellen dersom kuttpunkta ikkje har like stor avstand mellom seg. Ordinale avhengige variablar reflekterer på si side ei rangering, der differansen mellom 1 og 2 ikkje blir behandla som tilsvarande lik differansen mellom 2 og 3 eksempelvis (Becker og Kennedy 1992). Ein ventar med dette ingen konstant differanse mellom kvar kategori. Forventningane for den multivariate lineære modellen er av den grunn ikkje passande for all forsking. Det er likevel vanleg å finne regresjonsanalysar ved bruk av ordinale avhengige variablar<sup>17</sup>.


Sidan modellar med kategoriske utfall er ikkje-lineære, er dette sentralt for fortolkinga av regresjonsmodellane, som er meir komplisert enn for ein vanleg OLS-regresjon (Long og Freese 2006: 113-116). Modellen antar ein lineær effekt av kvar uavhengig variabel, i tillegg til kutpunkt mellom kategoriane for dei avhengige variablane. Ein kan difor ikkje direkte observere  $Y$ , men dei kategoriserte svara. Størrelsen av endring i utfallsannsynet for ei gitt endring i ein av dei uavhengige variablane, er avhengig av nivåa til alle dei uavhengige variablane. Med dette kan ingen tilnærming fullt ut skildre forholdet mellom variabelen og utfallssannsynet (Long og Freese 2006: 183-184). Ein ordna probit-modell estimerer med dette både effektar av den uavhengige variabelen og terskelverdiane for dei avhengige. Også terskelverdiane er ukjende, og ein veit ikkje verdiane som er nødvendige for å til dømes endre responsar frå *veldig god* til *god*<sup>18</sup>. Desse verdiane er også ulike for respondentane som har kjensler som varierer i intensitet. Responsar er også avhengige av visse målbare faktorar,  $x$ , og visse som ikkje kan observerast,  $\varepsilon$ . Med dette vel respondentane svaralternativ som nærmast representerer eigne kjensler og tankar om spørsmålet (Greene 2003).

<sup>17</sup> Eg vil i analysekapitlet også undersøke resultata også ved bruk av OLS-regresjon for å sikre robuste resultat.

<sup>18</sup> Eventuelle problem kan oppstå med «veit ikkje» kategoriar (Long og Freese 2006). Dette er likevel ikkje eit problem i denne samanheng.

Den ordna regresjonsmodellen er vanlegvis presentert som ein latent-variabel modell<sup>19</sup>. Det underliggjande ordinale svaret kan med dette sjåast som latent distribuert variabel som representerer tendensen til den høgare responsen (Long og Freese 2006: 184), bygd kring ein ordinalfordelt uavhengig variabel. Ved å definere  $y^*$  som ein latent variabel er den strukturelle modellen  $y_i^* = x_i\beta + \varepsilon_i$  Målingsmodellen for binære utfall er utvida og deler  $y^*$  i  $J$  ordinale kategoriar, som kuttpunkt (tersklar) vert estimert frå. Når ein latent  $y^*$  kryssar eit kuttpunkt, endrast den observerte kategorien. Modellen nedanfor syner eit døme på forholdet mellom ein observert  $y$  og ein latent  $y^*$  i den ordna regresjonsmodellen med ein uavhengig variabel (Long og Freese 2006: 184-187).

Figur 4.1. Forholdet mellom ein observert  $y$  og latent  $y^*$



For ein uavhengig variabel er den strukturelle modellen  $y^* = \alpha + \beta x + \varepsilon$ , som synt i figuren over saman med kuttpunkta for målingsmodellen. Denne figuren er lik som i ein binær regresjonsmodell, med unntak av dei tre horisontale linjene som representerer kuttpunkt, eller tersklar. Kuttpunkta fører til fire ulike nivå av  $y$  som synt til høgre i figuren. Sannsynet for eit observert utfall for ein gitt verdi av  $x$ , er på si side området under kurva, mellom to kuttpunkt. Å erstatte  $x\beta + \varepsilon$  for  $y^*$  fører til ein standard formel for predikert sannsyn i den ordna regresjonsmodellen,  $\Pr(y = m|x = F(\tau_m - x\beta) - F(\tau_{m-1} - x\beta))$  der  $F$  er cdf (kumulativ fordeling) for  $\varepsilon$  (Long og Freese 2006).

#### 4.2.1 Estimering

Den ordna probit-modellen vil bli estimert med kommandoen *oprobit* i Stata. Til vanleg er modellen estimert ved *maximum likelihood metoden* (ML). Modellen estimerer sannsynet for

<sup>19</sup> Ein ikkje-lineær modell kan også bli utvikla som ein ikkje-lineær sannsynsmodell utan ideen om ein latent variabel.

eutfall, med utgangspunkt i at eit utval er trekt frå ein underliggjande populasjon, og at det finns ein likelihood-funksjon for dette utvalet. ML er eit middel for å velje ein asymptotisk estimator for eit parameter eller eit sett parameter. ML estimata er verdiane til parametrar med størst sannsyn for å generere utvalte observerte data om føresetnadane er heldt. Ein sannsynsfunksjon kalkulerer kor sannsynleg det er at ein vil observere data som ein faktisk observerte om eit gitt sett parameter faktisk var dei sanne parametrane (Long og Freese 2006: 76-78). Om føresetnadane for modellen held, er ML estimata frå *oprobit* asymptotisk normalfordelte.

Long og Freese (2006: 99) viser til ulike typar postestimeringsanalysar. Den fyrste er statistisk testing utover testar av kvar enkelt koeffisient. Vidare testast modellen sin såkalla «*goodness of fit*». Koeffisientar som er estimert med ML kan testast med Wald testar og likelihood-ratio (LR) test. Eg vil her berekne Wald testar ved kommandoen *test*. Vidare er ein LR test berekna ved å samanlikne såkalla *log-likelihood* frå ein full modell med ein avgrensa modell. Ein signifikant LR test indikerer at effektane til dei uavhengige variablane er lik null kan avvisast. LR og Wald medfører ofte same konklusjonar, ved differansar kjem desse ofte når testane nærmar seg manglende statistisk signifikans (Long og Freese 2006: 193-195). Resultata frå desse testane er synt i analysen. For å undersøke modellens fit vil eg også undersøke mål for modellen som heilskap. Fit av individuelle observasjonar vil kunne undersøke uteliggjarar og tunge einingar, men slike metodar er endå ikkje tilgjengeleg for ordinale eller nominale utfall (Long og Freese 2006: 104). I analysen vil pseudo  $R^2$  og Akaikes informasjonskriterium (AIC) nyttast for å undersøke modellens «*fit*». AIC kalkulerer informasjonskriterium for å kunne samanlikne modellar, der modellen med lågare AIC er den beste modellen (Midtbø 2012: 103). På den andre sida seier høgare pseudo  $R^2$  noko om ein betre forklaringskraft hjå modellane, og kor godt forklaringsvariablane forklarar variasjon til den avhengige variabelen. Pseudo  $R^2$  varierer innanfor intervallet 0-1, der null betyr ingen forklaringskraft, medan ein seier at all variasjonen er forklart.

Når ein samanliknar koeffisientane på tvers av modellar må også talet N vere det same. Ettersom ulike modellar har ulike variablar og det er muleg at dei har grunnlag i ulike utval, er det naudsynt å markere manglende verdiar. Dette er gjort for å få same utval og for mulegheiter til samanlikning av modellane for kvar av tabellane i analysen.

#### 4.2.2 Føresetnader for regresjonen

I denne delen vil eg vise til føresetnader for den ordna regresjonsmodellen, i tillegg til resultat frå ulike testar. Nokre sentrale føresetnader er knytt til uavhengige observasjonar og at ingen andre variablar påverkar samanhengen som er studert. Den fyrste er teke omsyn til ettersom føresetnaden er nådd når ein nyttar enkelt sannsynsutval, og problemet er difor større med tidsseriedata. Den andre føresetnaden er den viktigaste, men samstundes vanskeleg å underbyggje empirisk. Dette er på si side teke omsyn til gjennom å kontrollere for mulege konfunderande faktorar, med grunnlag i teoretisk rammeverk. I tillegg samanliknast koeffisientar frå fullstendige og ufullstendige modellar. Greene (2003: 163) viser også til at det bør vere fråvær av multikollinearitet mellom variablane i ein ikkje-lineær modell. Multikollinearitet blir i Wooldridge (2006) definert som høg (men ikkje perfekt) korrelasjon mellom to eller fleire uavhengige variablar. I ekstreme tilfelle, der ein forklaringsvariabel er perfekt korrelert med ein anna bryt dette med føresetnaden om at  $x$ -ane skal vere uavhengig av kvarandre. Det er likevel berre perfekt multikollinearitet som bryt med føresetnadane (Midtbø 2012: 129).

Ein føresetnad som er implisitt i modellen er den parallele regresjonsføresetnaden (*parallel regression assumption*). Modellen er lik  $J - 1$  binære regresjonar med den kritiske føresetnaden om at koeffisientane er identiske på tvers av regresjonar. Kvar sannsynskurve varierer berre ved å gå lengre mot venstre eller høgre. Dei er altså parallele som ein konsekvens av føresetnaden om at  $\beta_s$  er like for kvar likning. Føresetnaden kan bli testa ved å samanlikne estimatet frå  $J - 1$  binære responsar, og er testa med kommandoen *omodel* i Stata, som bereknar ein liknande LR test. I regresjonsmodellane er alle testane for den parallele regresjonsføresetnadane avvist. Long og Freese (2006: 200) viser likevel til at brot på føresetnaden er vanleg, og brot på denne treng difor ikkje vere eit stort problem, sjølv om ein mulegens kunne undersøkt andre alternative modellar. Eit døme på ein alternativ modell er den nominale modellen og andre modellar for ordinale utfall. Dette er teke omsyn til ved å teste modellane med alternative modellar i analysen, utan signifikante differansar i resultat<sup>20</sup>.

Det er vidare ingen særskild metode for å identifisere uteliggjarar og betydningsfulle observasjonar for modellen. Hosmer og Lemeshow (2000: 305 i Long og Freese 2006: 200)

---

<sup>20</sup> Ved den såkalla stereotypemodellen testa ved *slogit* kommandoen er det til dømes ingen signifikante differansar i resultata. I tillegg vil resultata bli testa med vanleg OLS-regresjonsanalyse som vert nemnt i analysekapitlet.

foreslår likevel å anvende metoden som for binære modellar, til  $J - I$  kumulative sannsyn. Ulempa er at ein berre evaluerer ein omtrentleg modell fordi koeffisientane til den binære modellen er annleis enn for den ordna modellen (Long og Freese 2006: 200-201).

## 4.3 Data

### 4.3.1 Bruk av surveydata

For å svare på forskingsspørsmålet vil eg nytte surveydata frå Norsk medborgarpanel, runde ein (2013). Mange sider ved politisk åferd er vanskeleg å observere, då fenomena som blir undersøkt inneber subjektive fenomen som berre kan nås gjennom respondentane sine svar og skildringar av eigne tankar. Dette kan til dømes gjelde fenomen som partiidentifikasjon, haldning til grupper, tillit og haldning til enkeltsaker (Pasek og Krosnick i Leighley 2009: 28). Generelt kan difor spørjeundersøkingar gje mykje essensiell informasjon om opinionen og haldninga i befolkninga, og er difor særskilt aktuelt for forskingsspørsmålet.

Ein potensiell ulempe med å nytte spørjeundersøkingar som datagrunnlag kan vere at respondentar misforstår spørsmål, eller at dei unnlèt å svare. Somme har også synt skepsis i høve *social desirability response bias*, og at respondentar er påverka av sosialt ynskjelege svar. Med dette er det alltid ein viss fare for at sjølvrapporterte handlingar kan vere feil. Det ventast likevel at respondentane har ei mening om det bur mange innvandrarar i nærområdet eller ikkje, og ei viss oppfatning av møter i kvardagen. Av den grunn er dette nødvendigvis ikkje eit problem. Problemet er endå mindre med uttrykk for evaluering av møter og venskapleg kontakt (Kokkonen, Esaiasson og Gilljam 2012: 10-14). Vidare treng ein nødvendigvis ikkje å endre åferd eller handle i samsvar med haldningar, sjølv om ein uttrykker anten positive eller negative haldningar til utgrupper verbalt. Ordval i spørsmålsstillinga er også sentralt, og berre små endringar kan endre resultata (Pasek og Krosnick i Leighley 2009: 42). Andre potensielle problem kan knytast til reliabilitet og validitet, og faren for at ein ikkje lukkast med presise nok målingar av det ein ynskjer å måle.

Ettersom Norsk medborgarpanel samlar internettbasert datamateriale kan datainnsamlingsmetoden også kort bli evaluert. Internettbaserte undersøkingar aukar i stor grad, og gjer det blant anna muleg å nå mange menneske på kort tid. Ein anna fordel er god tilgang til grupper og individ som elles kunne ha latt vere å svare. Internettbaserte undersøkingar kan også vere enklare med omsyn til tidsbruk, muleheitene til å svare over

telefon også i ulike miljø utanfor heimen. Låge kostnadar, automatisering, fleksible design og avgrensing av feil er også fordelar med internettbaserte undersøkingar sidan responsar vert lagra automatisk. Det kan vidare tenkast at problem med sosialt påverka responsar også vert avgrensa sidan intervjuar ikkje er tilstade. På den andre sida kan utvalet mulegens også vere avgrensa med omsyn til at ikkje alle respondentar har nett og datamaskiner tilgjengeleg, og at vanskar med data og internett kan oppstå (Orr 2005: 265-266).

Eit metodologisk poeng som er understreka i litteraturen er at doble spørsmål (*double-barrelled*) bør unngåas som forklaringsvariablar. Eit døme på eit slikt spørsmål er til dømes om immigrasjon er bra eller dårlig for den økonomiske situasjonen i landet ein bur i. Slike spørsmål kan tenkast å «tappe» kjensler i høve immigrantar, i tillegg til økonomiske omsyn. Doble spørsmål kan vere høgt korrelert uavhengig om spørsmåla omhandlar økonomi, kultur eller tryggleik. Ved bruk av slike spørsmål aukar difor risikoen for tautologiske forklaringar (Ivarsflaten 2005: 28). Dette er ein fordel med spørsmåla frå Norsk Medborgarpanel, som gjev muleheita til å studere verknaden av kontakt med bakgrunn i *dekopla* spørsmål. Med dette kan ein betre undersøke om det er ei binding mellom generelle omsyn, kontakt og oppfatningar om utgrupper eksempelvis.

#### **4.3.2 Norsk medborgarpanel**

I denne masteroppgåva nyttast data frå Norsk medborgarpanel runde 1, frå 2013 (Norsk medborgarpanel runde ein, 2013). Ei slik nasjonal undersøking inneber fleire spørsmål og nærgåande observasjonar på ulike områder. I tillegg til at datamaterialet gjev muleheit for å undersøke mekanismane empirisk, er datamaterialet i seg sjølv nytt, og kontaktspørsmåla som er sett i fokus i oppgåva har ikkje vore studert tidlegare. Dette gjer ein studie på individnivå nyttig. Samanlikna med andre studiar av kontakt i Europa, er ofte data frå European Social Survey nytta (ESS). ESS inkluderer data frå 21 land, med 1000-2000 respondentar landvis. Med over 4500 respondentar frå første runde i norsk medborgarpanel, og kring 2000 respondentar på dei relevante kontaktvariablane, styrkar talet N validiteten i analysen. I tillegg vil eg i presentasjonen av variablane i det komande kapitlet vise til nokre tal frå SSB og Integreringsbarometeret 2013/2014 (Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014), for å synleggjere eventuelle skilnader i datamateriale på tvers av undersøkingar og varierte innsamlingsmetodar. Med grunnlag i dette kan tilliten til datamaterialet som vert brukt bli styrka.

Norsk medborgarpanel er ei internettbasert undersøking om nordmenn sine haldningar om viktige samfunnsemne og vart etablert som eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen, ulike institutt ved det samfunnsvitskaplege fakultetet ved Universitetet i Bergen og Rokkansenteret. Spørjeundersøkinga er basert på eit web-basert spørjeskjema med postal rekruttering, og inkluderer data på individnivå, beståande av 4905 respondentar i Noreg over 18 år<sup>21</sup>. Utvalet til undersøkinga er trekt frå norsk folkeregister, og inkluderer alle som er fødde i Noreg, samt tidlegare og neverande innbyggjarar. Perioden for datainnsamling for materialet som ligg til grunn for analysen byrja 06. november 2013. I utvalet til Norsk medborgarpanel er det utvalet splitta permanent i to grupper, og for å redusere tidsbruk er somme deler av spørjeundersøkinga berre spurt ei av desse gruppene. Av den grunn er talet respondentar som har svart på spørsmål mulegens annleis enn talet respondentar samla. Denne fyrste runda av Norsk medborgarpanel (2013) inkluderer også fleire eksperiment der ulike grupper respondentar får ulike spørsmål. Dette vart gjort ved å tilfeldig fordele respondentar til ulike spørsmålsgrupper i datainnsamlingsprosessen (Høgestøl og Skjervheim 2013).

Ettersom det alltid vil vere problem med generalisering når eit utval respondentar er spurt<sup>22</sup>, vil eg synleggjere komposisjonen i datamaterialet. Nokre problemstillingar er til dømes knytt til alderskomposisjon. Sjølv om respondentar i Noreg har stor tilgang til data og internett generelt sett, ventast det at sannsynet for å ha e-post adresse, ferdigheter og tilgang til data og internett normalt vil minke med alderen. I tillegg kan utdanningsnivå forklare noko av motivasjonen og interessa for å delta i slike spørjeundersøkingar (Høgestøl og Skjervheim 2013). Kjønn og geografi er også interessant. Av metoderapporten «*Norwegian Citizen Panel 2013, first wave*» (Høgestøl og Skjervheim 2013), ser ein at menn til dømes er noko overrepresentert. Medan distribusjonen av kvinner og menn i populasjonen er 49,9 og 50,1 prosent, er distribusjonen i nettoutvalet høvesvis 50,7 prosent menn og 49,3 prosent kvinner. Aldersgruppene frå 18-29 år og frå 60 år og over, er også noko underrepresentert. Samstundes er det er ein systematisk underrepresentasjon av respondentar utan utdanning ut over grunnskuleutdanning, uavhengig alder og kjønn. Når det kjem til geografi er respondentar frå Aust-Noreg og Nord-Noreg noko underrepresentert, med eit noko overrepresentert Oslo-område. For å kompensere for observerte bias er difor vekter kalkulert. Vekt 1 er basert på

<sup>21</sup> Svarprosent på 21,8 (Høgestøl og Skjervheim 2013).

<sup>22</sup> Det vanlege er å angje feilmarginar basert på 95 prosent sannsyn. Dette betyr at om ein har 100 ulike uavhengige utval, ville resultatet ligge innan feilmarginane ein oppgjer i minst 95 av dei 100 undersøkingane (Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet 2014).

demografiske variablar som alder, kjønn og geografisk område, medan vekt 2 kombinerer dei nemnte variablane med utdanning. I denne analysen nyttast dei relevante variablane på si side som kontrollvariablar i alle modellane. I tillegg er det ein fare for å viske ut eventuelle effektar dersom vekter vert inkludert. Av den grunn er vekter (vekt 2) berre nytta i den deskriptive skildringa av datamaterialet i kapittel 5.

Det er likevel alltid ein fare for at respondentar oppfattar spørsmål ulikt, og at ein difor ikkje veit sikkert kva forståing som ligg til grunn når respondentane svarar på spørsmål. Dette kan tenkjast å gjelde sjølv om spørsmål i prinsippet har ei eintydig formulering, og kan skuldast ulike referanserammer hjå respondentane. Jamvel har valet av data og metode eit grunnlag i eit teoretisk rammeverk, der tidlegare forsking viser til ein ganske lik forståing av omgrep som studerast. I datamaterialet som blir nytta i analysen er det på relevante spørsmål om intergruppe kontakt også testa om det fins eventuelle skilnader i svarresultat om ein endrar spørsmålssettinga frå å referere til «*innvandrarar*» til «*folk frå andre land*». Resultata syner ingen signifikante skilnader mellom desse variablane, og variablane er difor slått saman. I tillegg til spørsmåla om kontakt, er dette også gjort for variabelen som måler haldning til innvandring. Med omsyn til kontaktspørsmåla er det ein fordel å at spørsmålssettinga ikkje nytter omgrep som kontakt i seg sjølv, då dette minkar sannsynet for eigne tolkingar av kontakt. Spørsmål om spesifikke kontaktituasjonar eit difor sett som eit betre mål på intergruppe kontakt (Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014).

#### **4.4 Metodologiske implikasjonar**

Nokre implikasjonar for analysen vil nemnast i denne delen, årsaka dei mange debattane kring kontakttesen. Kokkonen, Esaïasson og Gilljam (2012) viser til dømes til at forsking med ulike analyseeiningar er bakgrunnen for særslig ulike resultat knytt til effektar av inter-gruppe kontakt. Mange av dei kausale mekanismane som er interessante å undersøke er difor også kontekstsensitive, med ulike effektar ut frå kva omstende ein undersøker. Til dømes kan ulike resultat av kontakt i Europa mulegens skuldast lite forsking på kontakt og at ein har undersøkt vennskap, og ikkje naboor og arbeidsmiljø. Jamvel unngår analysen problem med kriterievaliditet sidan berre eitt land undersøkast, med omsyn til ulike tradisjonar for innvandringspolitikk og kontekst dersom fleire land hadde blitt samanlikna.

I tillegg er det eit problem at tidlegare forsking ikkje møter dei nødvendige føresetnadane for kontakttesen. Fleire forskarar peikar på ulike føresetnader som må ligge til grunn for kontakttesen<sup>23</sup>. Pettigrew (1998: 68) viser likevel til støtte for kontakttesen sjølv om føresetnadane ikkje er møtt. Det er likevel stor diskusjon om korleis studere kontakt under desse føresetnadane, og om dette i det heile er muleg. Det er eksempelvis vanskeleg å påvise om inter-gruppe kontakt tek plass i ulike situasjonar, og om det tek plass i ein likskapssituasjon. Det er med dette ikkje sikkert at kontaktvariablane i denne analysen oppfyller fullstendig føresetnadane for kontakttesen. Kontakt kunne mulegens også vore undersøkt i ein situasjon der kontakt ikkje kan unngåas, som i ein arbeids- eller klassesituasjon. Likevel syner Wagner, Hewstone og Machleit (1989 i Pettigrew 1998) at nabolag og skulekontakt ikkje kan redusere fordommar årsaka naturen til kontaktforholdet. Del innvandrarar i nærområde kan på si side skildrast som ein posisjon mellom landnivå og arbeidssituasjonar<sup>24</sup>. Samstundes inkluderer analysen også andre variablar knytt til kontakt. Det er likevel nemneverdig at dersom føresetnadane for kontakttesen manglar, betrast forholda til konflikttesen (Kokkonen, Esaiasson og Gilljam 2012: 11-14).

Essensielt for det teoretiske rammeverket knytt til kontakt- og konfliktteori er eit retningsproblem og problemet med sjølvseleksjon. Det kan med dette vere positive bias av at individ med negative haldningar mot innvandrarar også unngår utgruppa i ein kontakttsituasjon, og at menneske som i utgangspunktet er meir positive også tek meir kontakt. Dette problemet kjem i tillegg til endogene effektar der individet er påverka av andre sin åferd, eksogene effektar der individ er påverka av karakteristikkar til utgruppa, samt såkalla *peer effects*, som inneber korrelerte effektar mellom individ fordi dei er i same miljø<sup>25</sup>. Av den grunn er det ein fordel med studiar som inkluderer ei klar deling mellom dei som ventast å bli påverka, og dei som påverkar. Dette kan til dømes vere ein årsak til at ein bør separere mellom individ med innvandrabakgrunn og medlem frå majoritetsgruppa. Med dette kan det vere sikrare å separere utvalet ut frå personar som ventast å ha meir kontakt (Finseraas og Kotsadam 2014: 11). Pettigrew og Tropp finn likevel at sjølv om meir fordommar fører til mindre kontakt, er vegen frå meir kontakt til mindre fordommar mykje sterkare (Butler og

---

<sup>23</sup> Føresetnadane for kontakttesen er presentert i kapittel 3.

<sup>24</sup> Noko forsking peikar på at ein ideell kontakttsituasjon ville ha vore i situasjonar der kontakt med utgruppa ikkje kan veljast. Sidan datamaterialet som blir brukt inkluderer variert informasjon vert dette ikkje sett som eit problem, sjølv om andre kontakttsituasjonar ville ha vore interessant å studere i tillegg.

<sup>25</sup> Finseraas og Kotsadam (2014: 4-6) viser til eit problem med å estimere effektar av møter med andre, såkalla *peer effects*. Korleis menneske er påverka av andre er vanskeleg å påvise, noko som er problematisk med omsyn til at menneske omgåas personar som er like ein sjølve.

Wilson 1978, Pettigrew 1997, Powers og Ellison 1995, Van Dick et al. 2004 i Pettigrew og Tropp 2006: 753). Medan fordommar har ein påverknad på kontakt med utgrupper (i form av venskap), er det å ha venner uavhengig effekten av reduserte fordommar.

## 4.5 Oppsummering av kapitlet

I dette kapitlet er val av metode og tilnærming presentert og diskutert. For å svare på forskingsspørsmålet nyttast vidare datamateriale frå Norsk medborgarpanel, runde ein (2013). Ei kvantitativ tilnærming er valt årsaka naturen til forskingsspørsmålet, og mulegheita for å kunne generalisere i større grad, samt ynskje om å kartlegge mønster i den norske befolkninga med bakgrunn i eit større utval respondentar. Dette sjølv om andre metodiske val mulegens kunne betre problemet med årsaksretning og seleksjonsbias. Vidare er forskingsspørsmålet undersøkt ved ordna probit-regresjon, årsaka kvalitative avhengige variablar med ei naturleg rangering.

## 5 Operasjonalisering og deskriptiv statistikk

I dette kapitlet vil variablane som blir brukt i analysen bli presentert nærmere. Her blir deskriptiv statistikk for variablane lagt fram, med eit oversyn over distribusjonen av desse. Operasjonaliseringa av variablane er også inkludert. Fyrst presenterast dei avhengige variablane, før ein presentasjon av kontaktvariablane følgjer. Deretter vil kontrollvariablane i analysen bli presentert, ettersom denne oppgåva er interessert i å finne ut om kontakt har ein effekt utover verknaden andre variablar gjev. Til sist kjem ei oppsummering av kapitlet.

### 5.1 Avhengige variablar

Tabellen nedanfor presenterer minimums- og maksimumsverdiar, gjennomsnitt og standardavvik for dei fire avhengige variablane i analysen.

Tabell 5.1 Deskriptiv statistikk for avhengige variablar

	N	Min	Maks	Gjennomsnitt	Std.avvik
Haldning til muslimar	2264	0	.75	.38	.23
Motivasjon til å unngå fordommar	2189	.22	.875	.63	.15
Haldning til innvandring	2277	0	.75	.42	.18
Generalisert tillit	4677	0	1	.66	.22

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013).

Av tabellen kan ein sjå at talet einingar (N) varierer. Dette har bakgrunn i at deler av spørjeundersøkinga berre vart spurt ei av gruppene, som nemnt i kapittel 4. Dette er teke omsyn til i analysen. Vidare syner standardavviket at det er størst spreiing på variabelen haldning til muslimar og tillit. Likevel skil ikkje standardavvika seg i stor grad. I analysen er alle dei avhengige variablane endra til ein skala som går frå 0 til 1, der høgare verdiar uttrykker ei meir positiv haldning til muslimar, til innvandring, større tillit og ein større motivasjon til å unngå fordommar. I tabellane er respondentane delt mellom personar som har innvandrarbakgrunn og befolkninga elles, for å undersøke eventuelle differansar<sup>26</sup>. Nedanfor vert kvar av dei fire avhengige variablane nærmere presentert og operasjonalisert. I frekvenstabellane er resultata vekta. Tabellane utan vekt er lagt til i appendiks<sup>27</sup>.

<sup>26</sup> Definisjonen av ein innvandrar, innvandrarbefolkninga og befolkninga elles følgjer definisjonen frå SSB som lagt fram i del 2.1. Med dette syner «befolkninga elles» svar frå respondentar som ikkje sjølv har innvandra til Noreg, og som ikkje har ein forelder som har innvandra til Noreg.

<sup>27</sup> Dette gjeld for tabell 8.1 til 8.3.

### 5.1.1 Haldning til muslimar

Den fyrste avhengige variabelen som er interessant å undersøke med bakgrunn i inter-gruppe kontakt, måler haldning til muslimar i Noreg på individnivå. Bakgrunnen er trusselpersepsjonar i høve utgrupper, som i større grad har røter i identitet- og kulturspørsmål enn i økonomiske truslar (Ivarsflaten 2005), og som i Europa er særleg retta mot ikke-vestleg kultur. Respondentane i Norsk medborgarpanel vart bedne om å ta stilling til følgjande påstand: «*Norge kommer til å miste sin identitet om flere muslimer kommer for å bo her*». Dei originale kategoriane gjekk frå svært einig (1) til svært ueinig (7) i påstanden. I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, der høgare verdiar uttrykker ei meir positiv haldning til muslimar. Tabellen nedanfor syner frekvensfordelinga på den avhengige variabelen, der dei sju originale kategoriane er slått saman til tre for ei enklare framstilling.

Tabell 5.2 Haldning til muslimar

	Befolkningsa elles		Innvandraraar (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	Vekta %	Frekvens (N)	Vekta %
Svært- noko ueinig	770	34	132	45
Verken einig eller ueinig	323	16	28	11
Noko-svært einig	900	50	111	44
Total	1993	100	271	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabellen syner at 50 prosent av respondentane uttrykker noko negative haldningar til muslimar, medan 34 prosent verkar å vere meir positive. Tabell 5.1 syner at gjennomsnittsverdien for alle svar er .38. Gjennomsnittsverdien for befolkninga elles er den same. Også medianen er lik, .37 for alle gruppene. Utvalet ligg difor nærrare ei negativ eller nøytral haldning til muslimar<sup>28</sup>. Respondentar med innvandrarbakgrunn eller med foreldre med innvandrarbakgrunn verkar å vere noko meir positive. Det syner svarfordelinga i tabell 5.2, samt ein noko høgare gjennomsnittsverdi, .40. Standardavviket (.38), som synt innleiingsvis, vitnar om spreia verdiar på variabelen.

Sjølv om det er essensielt korleis ein måler haldningar, kan det vere interessant å vise til andre undersøkingar i Noreg, som kan gje visse forventningar om haldningane til muslimar og synleggjere eventuelle skilnader i datamateriale. Til dømes syner Integreringsbarometeret

<sup>28</sup> Tabulering frå dei originale sju kategoriane syner at størst prosentdel av dei spurte svarar at dei er noko einige i påstanden om at fleire muslimar vil kome til å true identiteten i landet (20 prosent).

2013/2014 (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014: 11) at 48 prosent av respondentane er skeptisk til personar med muslimsk tru. Undersøkinga syner også at fem av ti meiner at verdiane innan islam heilt eller delvis ikkje går over eins med verdiane i det norske samfunnet. Medan ni av ti er positive eller nøytrale til at eigne born ynskjer å gifte seg med ein kristen, er det skepsis til andre religiøse bakgrunnar. Størst skepsis er det likevel til personar med muslimsk tru, der heile 57 prosent tykkjer at det ville ha vore negativt. Samanlikna med resultata frå Norsk medborgarpanel runde 1 (2013), gjev dette grunnlag til å stole på datamaterialet i endå større grad, ettersom haldningane i stor grad korresponderer med responsane synt i tabellen over<sup>29</sup>.

### **5.1.2 Motivasjon til å unngå fordommar**

Den andre avhengige variabelen er motivasjon til å unngå fordommar, og har bakgrunn i eventuelle verknader av auka inter-gruppe kontakt på sosiale normer. Variabelen er ein indeks basert på fire variablar, og tabell 5.3 syner dei fire spørsmåla på variablane som er grunnlaget for indeksvariabelen. Respondentane vart bedne om å svare på kor godt eller dårlig følgjande påstandar passa for dei sjølve:

Tabell 5.3 Indeksvariabel for motivasjon til å unngå fordommar

<b>Spørsmål frå Norsk medborgarpanel</b>
«Det er viktig for meg personleg å være fordomsfri overfor innvandrere»
«Jeg vil ikke fremstå som rasistisk, ikke engang overfor meg selv»
Jeg føler skyld dersom jeg tenker negativt om innvandrere»
«Jeg prøver å være fordomsfri overfor innvandrere på grunn av min egen overbevisning»

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Dei originale kategoriane på dei fire variablane gjekk frå svært godt (1) til svært dårlig (7). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1, og reversert slik at høgare verdiar uttrykker ein større motivasjon til å unngå fordommar. Gjennomsnittsverdien for indeksvariabelen er nærmare 1 enn 0 (.63 for alle svar og for befolkninga elles), og indikerer at fleire har større motivasjon til å unngå fordommar. Utvalet ligg med dette nærmare eit ynskje om å kontrollere fordommar enn ikkje. Medianen er den same for gruppene, .63. For

<sup>29</sup> Også kring 50 prosent av dei spurte i Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) uttrykker skepsis til muslimar. For samanlikning er datagrunnlaget frå Integreringsbarometret 2013/2014 (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014) også samla inn frå hausten 2013, gjennom webpanel og ordinært postutval. Nettoutvalet inkluderer 1290 personar over 15 år (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014: 14).

respondentar med innvandrarbakgrunn eller med foreldre med innvandrarbakgrunn er gjennomsnittsverdien .56. Det er med dette ikkje store forskjellar mellom gruppene, sjølv om respondentar med innvandrarbakgrunn eller med foreldre med innvandrarbakgrunn har ein noko lågare motivasjon til å unngå fordommar. Standardavviket på .15 tyder også på lite spreia verdiar på variabelen. Ved å samanlikne dei originale spørsmåla i undersøkinga ser ein ikkje store differansar i utvalet. Både på påstandane om kor viktig det er personleg å vere fordomsfri overfor innvandrarar, kor viktig det er å ikkje stå fram som rasistisk, og på påstanden om ein prøvar å vere fordomsfri svarar klart flest at desse påstandane passar godt (høvesvis 37 prosent, 36 prosent og 34 prosent av respondentane). På påstandar om ein kjenner skuld ved negative tankar om innvandrarar svarar flest respondentar på si side at påstanden passar verken godt eller dårlig<sup>30</sup> (Norsk medborgarpanel runde 1, 2013).

### 5.1.3 Haldning til innvandring

Mangfold kan også tenkast å ha ein effekt på haldningar til innvandring i Noreg, med eit muleg potensiale til å endre oppfatningar anten i ei positiv eller negativ retning. Følgjande spørsmål var spurt respondentane i Norsk medborgarpanel: «*Hvor stor fordel eller ulempe vil du si at det er for Norge at innvandrere kommer for å bosette seg her?*». Dei originale sju kategoriane varierte frå ein svært stor fordel (1) til ein svært stor ulempe (7). I analysen er variabelen snudd, og endra til ein skala frå 0 til 1 for ei enklare tolking. Høgare verdiar uttrykker med dette ei meir positiv haldning til innvandring. Tabellen nedanfor syner frekvensfordelinga på den avhengige variabelen, der dei originale kategoriane er delt i tre fordi dette gjev ei enklare framstilling.

Tabell 5.4 Haldning til innvandring

	Befolkningsa elles		Innvandrarar (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	Vekta %	Frekvens (N)	Vekta %
Ein viss-svært stor ulempe	637	36	45	18
Verken fordel eller ulempe	274	14	67	24
Ein viss-svært stor fordel	1080	50	174	58
Total	1991	100	286	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

<sup>30</sup> I høve anna datamateriale frå Noreg syner Integreringsbarometeret 2013/2014 (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014) til dømes at 86 prosent av respondentane gjev uttrykk for at innvandrarar med varig opphold i Noreg må gjevest same rettar som resten av befolkninga. Talet har vore relativt stabilt i perioden 2005-2013, og kan tolkast som eit uttrykk for høg tilslutning til likebehandling mellom innvandrarar og befolkninga elles når det kjem til rettar.

Svarfordelinga syner at størst prosentdel av respondentane meiner at det er frå ein viss til ein svært stor fordel at innvandrarar buset seg i Noreg. Blant befolkninga elles uttrykker femti prosent ei positiv haldning, medan kring ein tredjedel uttrykker ei viss negativ haldning til innvandring. Gjennomsnittet for alle svar er .42. Det mest vanlege i utvalet er difor å vere nær ei nøytral haldning. For befolkninga elles er gjennomsnittet noko lågare, men noko høgare for respondentar med innvandrabakgrunn eller foreldre med innvandrabakgrunn. Medianen for alle grupper er .5. Det er altså lite forskjellar mellom gruppene, sjølv om innvandarbefolkninga i utvalet er noko meir positive enn befolkninga elles. Standardavviket tyder på lite spreia verdiar. Det er nemneverdig at fleire respondentar svarar anten *ein viss fordel* eller *ein viss ulempe*, enn «*verken en fordel eller ulempe*»<sup>31</sup>. Dette kan indikere at sjølv om respondentane ikkje har særleg sterke negative eller positive haldningar til innvandring, er mange likevel opptekne av spørsmålet.

Brochmann og Kjeldstadli (2014: 397) summerer innvandrings- og integrasjonspolitikken i Noreg generelt, frå 1975 til 2004, ut frå at ein i utgangspunktet ikkje ynskja nykomrarar. Likevel utvikla nordmenn sine haldningar seg i ei positiv retning frå midten av 1990-talet, med unntak av på kriminalitetsfeltet. Sjølv om det er essensielt korleis ein måler haldning til innvandring, kan ulike undersøkingar gje visse forventningar om haldningane til innvandring i Noreg, i tillegg til å synleggjere eventuelle skilnader i datamateriale. Ei undersøking av haldningar til innvandrarar og innvandring gjennomført av Statistisk sentralbyrå (SSB) i 2013, syntet som talet som var heilt eller nokså einige i påstanden *"Innvandrere flest gjør en nyttig innsats i norsk arbeidsliv"* var 72 prosent. Kring ein tredjedel meinte også at «*innvandrere flest misbruker de sosiale velferdsordningene*», og at «*innvandrere er en kilde til utrygghet i samfunnet*» (Blom 2013: 4). Den nyaste undersøkinga av haldningar til innvandrarar og innvandring hjå SSB vart gjennomført i juli og august 2014. I høve 2013 hadde talet som syns at det bør verte lettare for flyktningar og asylsøkjarar å få opphold auka med 11 prosentpoeng, og har aldri vore høgare. Fleire sa seg også heilt eller nokså einige i at «*innvandrere flest gjør en nyttig innsats i norsk arbeidsliv*», medan fleire var ueinige i at «*innvandrere flest er en kilde til utrygghet i samfunnet*». Undersøkingane viser også korleis haldningar varierer etter ulike bakgrunnsfaktorar. Dei eldste verkar å vere meir skeptiske, medan høgt utdanna synast å vere positive. Mellom kjønn er ikkje differansane store, sjølv om kvinner er noko meir

<sup>31</sup> Tabulering av den originale skalaen syner at størst prosentdel av respondentane samla, vel ein viss fordel (34 prosent), og deretter ein viss ulempe (22 prosent), før kategorien verken eller (15 prosent).

positive enn menn (Blom 2013, 2014). Dette samsvarer i stor grad med datamaterialet frå Norsk medborgarpanel<sup>32</sup>.

### 5.1.4 Generalisert tillit

Den siste avhengige variabelen som vil bli undersøkt i analysen er generalisert tillit, målt ut frå spørsmål om menneske er til å stole på. I spørjeundersøkinga frå Norsk medborgarpanel (NMP) med vart respondentane bedne om å svare på følgjande spørsmål: «*Vil du si at de fleste mennesker i sin alminnelighet er til å stole på, eller mener du at man ikke kan være forsiktig nok når man har med andre å gjøre?*» Dei originale kategoriane gjekk frå 0 (*kan ikke være forsiktig nok*) til 10 (*de fleste er til å stole på*). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, der høgare verdiar uttrykker meir tillit. Tabellen nedanfor syner frekvensfordelinga på den avhengige variabelen.

Tabell 5.5 Generalisert tillit

	Befolkningsa elles		Innvandraraar (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	Vekta %	Frekvens (N)	Vekta %
Kan ikkje vere forsiktig nok	61	2	18	3
1	52	2	8	1
2	99	3	23	5
3	187	5	36	6
4	205	5	61	11
5	424	12	103	17
6	453	11	63	10
7	949	22	130	21
8	850	20	111	16
9	405	9	30	4
Dei fleste er til å stole på	364	9	45	6
Total	4049	100	628	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Gjennomsnittsverdien for generalisert tillit er nærmere 1 enn 0 for alle svar (.66, og .67 for befolkninga elles), og indikerer stor grad av tillit blant respondentane. Dette er venta ettersom Noreg konsekvent scorar høgt på mål på sosial kapital, som inkluderer nettverk og tillit i samfunnet (Wollebæk og Seegard 2011: 12). Sjølv om det ikkje er store differansar i utvalet, er gjennomsnittsverdien for respondentar med innvandrarbakgrunn eller med foreldre med

<sup>32</sup> Tabell 5.4 syner at kring ein tredjedel (36 prosent) av respondentane svarar i negativ retning. Resultatet av regresjonsanalyser mellom haldning til innvandring og kvar av bakgrunnsvariablene utdanning, alder og kjønn syner vidare at høgare utdanna er meir positive, medan høgare alder har ein negativ, men ikkje statistisk signifikant effekt. Kjønn har ein signifikant effekt, og kvinner tenderer å vere noko meir positive enn menn.

innvandrarbakgrunn lågare (.61). Standardavviket er .22, og syner at det er ein del spreiing av verdiane på variabelen. Jamvel syner tabell 5.5 at særslig få plasserer seg frå kategoriane 0 til 4.

### 5.1.5 Oppsummering og samanlikning av avhengige variablar

Datamaterialet indikerer at grader av generalisert tillit og motivasjonen til å unngå fordømmar er høge blant respondentane i Noreg, medan fordelingane på haldningsvariablane ikkje syner verken spesielt sterke negative eller positive haldningar til innvandring og til muslimar. I denne samanheng er tendensen til at respondentane ikkje vel den nøytrale kategorien i størst grad, den same for haldning til innvandring og haldning til muslimar. Sidan det er ein generell tendens for spørjeundersøkingar at mange respondentar plasserer seg mot midten av ein skala, kan relativt få svar på midtkategoriane «*verken einig eller ueinig*» og «*verken fordel eller ulempe*» indikere at mange likevel er opptekne av dei relevante spørsmåla. Frekvenstabellane syner også lite differansar mellom innvandrarbefolkningsa og befolkninga elles, sjølv om personar med innvandrarbakgrunn eller som har foreldre som har innvandra til Noreg uttrykker noko meir positive haldningar til muslimar og til innvandring generelt.

Tabellen nedanfor syner resultat frå ein korrelasjonsanalyse med dei avhengige variablane. Ettersom variablane, med unntak av tillit, er knytt til uttrykk for toleranse i høve utgrupper ventar eg positive korrelasjonar mellom dei.

Tabell 5.6 Korrelasjonar mellom avhengige variablar

	Haldning til muslimar	Motivasjon til å unngå fordømmar	Haldning til innvandring	Tillit
<b>Haldning til muslimar</b>	1.00			
<b>Motivasjon til å unngå fordømmar</b>	0.44***	1.00		
<b>Haldning til innvandring</b>	0.63*** 0.00	0.49*** 0.00	1.00	
<b>Tillit</b>	0.28*** 0.00	0.16*** 0.00	0.27*** 0.00	1.00

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) \*\*\*Signifikant på 1-prosentnivå

Tabell 5.6 syner at alle variablane er korrelerte, og at korrelasjonane er signifikante på eitt-prosentnivå. Sterkast er korrelasjonen mellom haldning til innvandring og haldning til muslimar. Deretter følgjer korrelasjonen mellom motivasjon til å unngå fordømmar og

haldning til innvandring, samt mellom motivasjon til å unngå fordommar og haldning til muslimar. Den klart svakaste korrelasjonen er mellom tillit og motivasjon til å unngå fordommar. Deretter følgjer korrelasjonen mellom tillit og haldningar til innvandring og til muslimar. Det kan difor verke som tillit er av ein noko anna karakter i denne samanheng, medan variablane som vert vurdert som uttykk for toleranse står nærmere kvarandre. Nedanfor vil dei uavhengige variablane, som oppgåva i stor grad er orientert rundt, bli presentert og operasjonalisert.

## 5.2 Uavhengige variablar: Med kontakt i brennpunktet

Kontaktvariablene frå Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) er variablene av hovudinteresse i analysen. Desse er som tidlegare synt delt i to hovudkomponentar, og måler inter-gruppe kontakt i form av samansetning og i form av kontaktkvalitet. Med dette femner kontakt i denne samanheng om både om møtehyppigheit, samansetning i bustadområde, type kontakt og evaluering av kontakt. Alle kontaktvariablene er slått saman av spørsmål som refererer til utanlandske og innvandrararar, ettersom resultata ikkje er signifikant forskjellige. Tabellen nedanfor presenterer minimums- og maksimumsverdiar, gjennomsnitt og standardavvik for dei uavhengige variablene.

Tabell 5.7 Deskriptiv statistikk for uavhengige variablar

	<b>N</b>	<b>Min</b>	<b>Maks</b>	<b>Gjennomsnitt</b>	<b>Standardavvik</b>
Møter i kvardagen	2290	.17	.67	.59	.14
Del i nærområde	2251	0	.67	.16	.13
Møteoppleveling	2266	.125	.75	.48	.16
Venner	2296	0	.67	.11	.14

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Av tabellen kan ein sjå at talet einingar (N) varierer i liten grad. Det same gjeld for standardavviket på variablene. I analysen er alle dei uavhengige kontaktvariablene endra til ein skala som går frå 0 til 1, der høgare verdiar uttrykker meir inter-gruppe kontakt. Også i følgjande frekvenstabellar er det nemneverdig at respondentane er delt mellom personar frå innvandrarbefolkinga og befolkninga elles, for å undersøke eventuelle differansar mellom dei to gruppene. Nedanfor vert kvar av dei fire uavhengige variablene nærmere presentert og

operasjonalisert. I frekvenstabellane er resultata vekta. Tabellane utan vekt er lagt til i appendiks<sup>33</sup>.

## 5.2.1 Samansetning

Kontakt, i form av samansetning, vert i analysen målt ut frå møter med innvandrarar i kvardagen, og del innvandrarar i nærområde. Møter med innvandrarar i kvardagen kan seie noko om møtehyppigheit og mengde kontakt. I spørjeundersøkinga frå NMP med vart respondentane bedne om å svare på følgjande spørsmål: «*Tenk på folk du møter på i hverdagen, for eksempel på bussen, butikken eller nabolaget. Hvor ofte vil du si at du pleier å møte på innvandrere?*». Dei originale kategoriene gjekk frå 1 (*dagleg*) til 5 (*aldri*). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, og snudd slik at høgare verdiar indikerer meir kontakt. Tabellen nedanfor syner svarfordelinga på variabelen.

Tabell 5.8 Møter i kvardagen

Møter i kvardagen	Befolkningsa elles		Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens	Vekta %	Frekvens	Vekta %
1. Dagleg	1365	67	226	78
2. Kvar veke	380	19	29	10
3. Nokre gongar i månaden	175	9	25	9
4. Sjeldnare, men har hendt	78	5	6	2
5. Aldri	2	0	4	1
Total	2000	100	290	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Gjennomsnittsverdien er nærmere 1 enn 0 (.59 for alle svar), og syner at respondentane ofte møter innvandrarar i kvardagen. For respondentar med innvandrabakgrunn eller med foreldre med innvandrabakgrunn er gjennomsnittsverdien .60, medan medianen for alle gruppene er .66. Det er typisk for utvalet med hyppige møter med innvandrarar i kvardagen, og det er heller ikkje store skilnader mellom gruppene. Standardavviket som synt innleiingsvis er .14, og er ganske like for dei fire kontaktvariablene. Av tabellen kan ein sjå at 78 prosent av respondentane med innvandrabakgrunn eller med foreldre med innvandrabakgrunn møter innvandrarar dagleg. Blant befolkningsa elles gjeld dette 67 prosent. Særstaka møter på si side aldri eller sjeldan innvandrarar i kvardagen.

<sup>33</sup> Dette gjeld for tabell 8.4 til 8.7.

Kontakt, i form av samansetning, kan også seie noko om muleheitene for kontakt i området der ein bur. I spørjeundersøkinga frå NMP med vart respondentane bedne om å svare på følgjande spørsmål: «*Hvis du tenker på folk i nærområdet eller skolekretsen hvor du bor, omtrent hvor mange har innvandret eller har minst en forelder som har innvandret?*» Dei originale kategoriene gjekk frå 1 (*alle, eller nesten alle*) til 5 (*ingen, eller nesten ingen*). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, og snudd slik at høgare verdiar indikerer meir kontakt. Tabellen nedanfor syner svarfordelinga på variabelen.

Tabell 5.9 Innvandrarar i nærområde

<b>Innvandrarar i nærområde</b>	<b>Befolkningsa elles</b>		<b>Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)</b>	
	<b>Frekvens</b>	<b>Vekta %</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Vekta %</b>
1. Alle, eller nesten alle	15	1	7	4
2. Mange (fleire enn halvparten)	70	4	37	12
3. Omtrent halvparten	126	6	27	11
4. Nokon (færre enn halvparten)	1265	65	186	62
5. Ingen, eller nesten ingen	483	24	35	11
Total	1959	100	292	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Gjennomsnittsverdien er for den norske befolkninga er .15, og noko høgare for respondentar med innvandrarbakgrunn eller foreldre som har innvandra (.22). Dette syner at det er meir typisk for innvandrarane i utvalet å bu nære andre innvandrarar, enn for befolkninga elles. For alle svar er gjennomsnittsverdien .16, medan medianen er 0.17 for alle grupper. Det er av den grunn få som har store delar innvandrarar busett i nærområdet. Svarfordelinga syner at klart flest svarar at *nokon (færre enn halvparten)* eller *ingen, eller nesten ingen* innvandrarar bur i nærområdet.

Når det gjeld samansetning syner data frå Statistisk sentralbyrå frå 2013 (Blom 2013: 4-5) at på spørsmålet om kontakthyppigheit, svara om lag 3 av 4 nordmenn at dei jamleg hadde kontakt med innvandrarar. Dette er den høgaste ja-svardelen målt sidan 2002, sjølv om talet har vore stabilt dei siste fem åra. Datamaterialet frå NMP syner også at nærmere 3 av 4 møter innvandrarar dagleg (67 prosent). Vidare syner tal frå Integreringsbarometeret at over halvparten av respondentane sluttar seg til påstandar om at «*det ville vere vanskeleg for meg å bu i eit område der fleirtalet hadde innvandrarbakgrunn*». Data frå Integreringsbarometeret

2013/2014 (Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014) syner vidare at 8 av 10 bur i nærområde med få eller under halvparten med innvandrarbakgrunn, medan 7 prosent bur i nabolag der halvparten eller meir har slik bakgrunn.

### 5.2.2 Kontaktkvalitet

Kontakt, i form av kontaktkvalitet, vert i analysen målt ut frå evaluering av møte og venner med innvandrarbakgrunn. I spørjeundersøkinga frå NMP vart respondentane bedne om å svare på følgjande spørsmål: «*Hvor god eller dårlig opplevelse har disse korte, tilfeldige møtene vært?*» Dei originale kategoriene gjekk frå 1 (*svært godt*) til 7 (*svært dårlig*). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, og snudd slik at høgare verdiar indikerer større kontaktkvalitet. Tabellen nedanfor syner svarfordelinga på variabelen.

Tabell 5.10 Møteoppleveling

Møteoppleveling	Befolkinga elles		Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens	Vekta %	Frekvens	Vekta %
1. Svært god	140	7	45	16
2. God	648	30	104	36
3. Noko god	155	8	19	8
4. Verken god eller dårlig	890	46	100	34
5. Noko dårlig	90	5	9	3
6. Dårlig	48	3	4	2
7. Svært dårlig	12	1	2	1
Total	1983	100	283	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Gjennomsnittsverdiane for alle svar og for befolkninga elles er 0.48, medan medianen er 0.38. Dette gjev informasjon om at det mest vanlege i utvalet er nøytrale møteopplevelinger. Når ein ser på respondentar med innvandrarbakgrunn eller foreldre som har innvandrad er gjennomsnittsverdien høgare, 0.60, og medianen 0.66. Det er av den grunn fleire som har positive evalueringar av møter blant innvandrarar og respondentar med foreldre som har innvandrarbakgrunn. Størst prosentdel (46 prosent) av dei spurte svarar at dei har ei verken god eller dårlig oppleveling av møtet blant befolkninga elles, og deretter ei god oppleveling (30 prosent). Blant respondentane med innvandrarbakgrunn svarar flest at dei har ei god oppleveling av møter med innvandrarar (36 prosent), og deretter verken god eller dårlig (34 prosent).

Kontakt, i form av kontaktkvalitet, vert i analysen også målt ut frå del venner med innvandrarbakgrunn. Thomas Pettigrew (1998) skil til dømes mellom ulike typar kontakt, som kan ha ulike verknader for eins oppfatningar om utgrupper, og peikar på nær og venskapeleg kontakt som den mest sentrale. I spørjeundersøkinga frå NMP vart respondentane bedne om å svare på følgjande spørsmål: «*Hvor mange av dine omgangsvenner har innvandret til Norge eller har foreldre (mor, far eller begge) som har innvandret til Norge?*» Dei originale kategoriane gjekk frå 1 (*alle, eller nesten alle*) til 5 (*ingen, eller nesten ingen*). I analysen er variabelen endra til ein skala frå 0 til 1 for enklare tolking, og snudd slik at høgare verdiar indikerer større kontaktkvalitet. Tabellen nedanfor syner svarfordelinga på variabelen.

Tabell 5.11 Venner

Venner med innvandrarbakgrunn	Befolkinga elles		Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens	Vekta %	Frekvens	Vekta %
1. Alle, eller nesten alle	4	0	16	6
2. Mange (fleire enn halvparten)	31	1	62	20
3. Omrent halvparten	72	4	51	15
4. Nokon (færre enn halvparten)	764	38	101	38
5. Ingen, eller nesten ingen	1135	57	60	21
Total	2006	100	290	100

Norsk medborgerpanel runde 1 (2013)

Gjennomsnittsverdien for respondentane er langt nærmere 0 enn 1 (.11), og syner at eit fåtal av respondentane har mange venner som har innvandra til Noreg sjølve, eller venner som har foreldre som har innvandra til Noreg. Blant respondentane med innvandrarbakgrunn eller foreldre som har innvandra er gjennomsnittsverdien noko høgare (.26), medan medianen er .17. Gjennomsnittsverdien er for befolkninga elles er .08, medan medianen er 0. Tabellen syner at størst prosentdel (57 prosent) av dei spurte i befolkninga elles svarar at dei *har ingen, eller nesten ingen* venner med innvandrarbakgrunn, før *nokon* venner (38 prosent). Tala er som venta høgare for innvandrarar eller respondentar som har foreldre som har innvandra til Noreg, og også meir fordelte. Størst prosentdel (38 prosent) svarar at dei har *nokon* venner med innvandrarbakgrunn. I Noreg syner data frå Statistisk sentralbyrå (Blom 2013: 4-5) at

talet med kontakt blant vener og kjente for fyrste gang nådde 41 prosent i 2013, noko som ligger nærmere datamaterialet frå NMP<sup>34</sup>.

### 5.2.3 Oppsummering og samanlikning av uavhengige variablar

Frekvensfordelingane i tabellane over syner differansar mellom variablane som viser samansetning i området. Medan særsla mange møter innvandrarar i kvardagen, bur det langt færre innvandrarar i nærområde, og dei fleste svarar *ingen eller nesten ingen*. Variablane som målar kontaktkvalitet syner at opplevingane av møta i stor grad har vore positive. Det er på den andre sida få respondentar som har mange venner med innvandrabakgrunn, og flest svarar *ingen, eller nesten ingen*. Tabellen nedanfor syner korrelasjonsanalyse mellom dei uavhengige variablane. Sidan variablane er knytt til kontakt ventast positive korrelasjonar.

Tabell 5.12 Korrelasjonar mellom uavhengige variablar

	Møte i kvardagen	Del i nærområde	Møteoppleving	Venner
<b>Møte i kvardagen</b>	1.00			
<b>Del i nærområde</b>	0.27***	1.00		
<b>Møteoppleving</b>	0.00	0.03	1.00	
	0.96	0.10		
<b>Venner</b>	0.17***	0.35***	0.22***	1.00
	0.00	0.00	0.00	

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) \*\*\*Signifikant på 1-prosentnivå

Korrelasjonsanalyesen syner at alle korrelasjonane går i positiv retning. Fleire av korrelasjonane er også signifikante på eitt-prosentnivå. Dette med unntak av korrelasjonen mellom del innvandrarar i nærområde og møteoppleving som ikkje er signifikant. Det er heller ikkje korrelasjonen mellom møter med innvandrarar i kvardagen og oppleving av møter. Den sterkeste korrelasjonen er mellom del innvandrarar i nærområde og venner med innvandrabakgrunn, medan den svakeste signifikante korrelasjonen er mellom møter med innvandrarar i kvardagen og venner.

<sup>34</sup> Talet frå SSB som har vener og kjende er 41 prosent, medan talet samla som oppgjer å ha frå *mange til nokon* venner i NMP er 43 prosent, medan 57 prosent oppgjer at dei ikkje har nokon eller nesten ingen venner med innvandrabakgrunn.

## 5.4 Kontrollvariablar

Denne studien er interessert i å finne ut om kontakt har ein effekt utover verknaden andre variablar gjev. Av den grunn er det nødvendig å kontrollere for fleire variablar. Eg vil ikkje formulere hypotesar på bakgrunn av desse effektane, men kontrollere for variablane i analysemodellane. Tabellen nedanfor syner ein oversikt over dei ulike kontrollvariablane.

Tabell 5.13 Deskriktiv statistikk for kontrollvariablane

Variablar	N	Min	Maks	Gjennomsnitt	Standardavvik
<b>Sosioøkonomiske</b>					
Alder (dummy)	4905	0	1	.18	.39
Kjønn (dummy)	4905	0	1	.50	.50
Utdanning (dummy)	4469	0	1	.53	.50
Innvandrarbakgrunn (dummy)	4599	0	1	.11	.31
Inntekt (i 1000)	4126	0	1 800	460	409
<b>Politiske</b>					
Plassering på politisk skala	4576	0	1	.53	.23
Syn på økonomisk situasjon	4765	.25	.75	.64	.12

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Sjølv om gjennomsnittsverdiar og standardavvik ikkje har same mening for binære variablar, gjev gjennomsnittsverdiane på ein dummyvariabel informasjon om delen einingar som har svart verdien 1 (Midtbø 2007: 44). Nedanfor vert dei ulike kontrollvariablane som vil nyttast i analysen presentert og operasjonalisert. Dei sosioøkonomiske variablane er felles i analysemodellane for alle dei fire avhengige variablane. Desse inkluderer alder, kjønn, utdanning, inntekt og innvandrarbakgrunn. Vidare inkluderast meir politiske variablar som plassering på den politiske skalaen og syn på den økonomiske situasjonen i landet<sup>35</sup>.

### 5.4.1 Sosioøkonomiske variablar

#### Alder

Det vert difor kontrollert for alderseffektar i dei fleste undersøkingane på feltet. Ut frå litteraturen kan det ventast at eldre menneske har meir negative haldningar til immigrasjon,

<sup>35</sup> I analysen av inter-gruppe kontakt og generalisert tillit vil eg også undersøke nokre andre relevante variablar relatert til litteraturen. Desse vert presentert i analysekapitlet.

medan yngre i større grad støttar ein liberal immigrasjons- og asylpolitikk (Hjerm 2009: 53, Ivarsflaten 2006: 33). Dette er til dømes forklart ut frå at ungdomstida ofte relaterast til toleranse og fleksibilitet. Unge er i Vest-Europa også meir vant til mangfold og får gjennomsnittleg ein utdanning som er mindre smalsynt enn dei eldre (Ivarsflaten 2005: 34). Det er likevel vanskeleg å separere livssyklus frå periodeeffektar<sup>36</sup> (Hjerm 2009: 53). Alderseffektar er også tydelege i studiar av tillit. Medan Putnam (2000, 2007: 152) viser til at yngre er mindre tillitsfulle enn eldre, syner resultat frå Europa at unge menneske i større grad stolar på andre. Denne forskjellen er stor i Noreg, då dei yngre er sosialisert inn i eit fleirkulturelt samfunn (Wollebæk 2011: 68). I spørjeundersøkinga frå Norsk medborgarpanel runde 1 (2013) delast alder i tre svarkategoriar. Denne variabelen er ut frå teoretiske forventningar endra til dummyvariabel, der referansekategoriene er unge menneske (personar mellom 18-31 år), årsaka forventningar om meir positive haldningar til utgrupper blant unge. Unge personar har med dette verdien 1, og andre har verdien 0.

### ***Kjønn***

Kvinner er meir positive til mangfold generelt, sjølv om kjønn ikkje har ein veldig stor effekt. Ut frå trusselteori er det venta at kvinner kjenner seg mindre trua enn menn, til dømes årsaka ulike arbeidssituasjonar og yrke (Hjerm 2009: 54). I tillegg kan kvinner ha lært fordelar med kulturelt mangfold gjennom sosiale ferdigheiter (Kitschelt 1995 i Ivarsflaten 2005: 33). Kvinner tenderer også å vere meir tillitsfulle enn menn (Putnam 2000). Av den grunn er kjønn ein sentral kontrollvariabel i analysemodellane, der kvinner er referansekategoriene. Menn får difor verdien 0, medan kvinner får verdien 1.

### ***Utdanning***

Forholdet mellom utdanning og dei avhengige variablane er vel etablert, og utdanning er difor inkludert som kontrollvariabel i analysen. På bakgrunn av litteraturen er det på individnivå venta at høgt utdanna vil ha meir tillit (Putnam 2000, 2007: 152), auka sosial kapital og større engasjement. Denne effekten er også synleg i Noreg (Wollebæk 2011: 65). Utdanning har også ein effekt på toleranse. Til dømes viser human kapital teori til at personar med lågare utdanning har meir negative haldningar til innvandrarar. Utdanning er sentralt både som ei form for læringshypotese og i høve trusselpersepsjonar. Dette forklarast eksempelvis ut frå utdanning si liberaliseringe effekt. Utdanning kan med dette auke både toleranse og kritisk

---

<sup>36</sup> Ut frå eit generasjonsperspektiv er det difor muleg at dagens unge vil vere like positive når dei vert eldre.

tenking kring stereotypar. Ut frå trusselteori ventast høgt utdanna å kjenne seg mindre trua av ein større minoritet, til dømes grunna betre arbeidskompetanse og omsyn til løn (Coenders og Scheepers 2003 i Hjerm 2009: 53, Gang, Rivera-Batiz og Yun 2002 i Rustenbach 2010: 56). I undersøkinga frå Norsk medborgarpanel er utdanningsvariabelen koda frå lågare til høgare utdanning, der svarkategori 1 er ingen utdanning/grunnskule, 2 vidaregåande skule og svarkategori 3 høgskule/universitet. Denne variabelen er omkoda slik at høgare utdanning får verdien 1, medan dei andre får verdien 0. Dette årsaka forventningar om at høgare utdanning påverkar både meir tillit og toleranse.

### ***Innvandrarbakgrunn***

Det er også venta at det å ha innvandrarbakgrunn sjølve, eller ha foreldre som har innvandra til Noreg vil ha ein verknad på dei avhengige variablane. Til dømes viser kulturell marginalitetsteori til at dersom ein sjølve er frå minoritetsgrupper, er haldningane også meir positive (Rustenbach 2010: 55). Også datamateriale frå Statistisk sentralbyrå syner at intervjugersonar som sjølve har innvandrarbakgrunn tenderer å uttrykke større toleranse (Blom 2014: 4). Når det gjeld tillit ventast immigrantar som nyleg har innvandra på si side å ha mindre tillit enn majoritetsgruppa (Leigh 2006: 269, Putnam 2007: 152). Med bakgrunn i dette vil innvandrarbakgrunn bli inkludert i analysemodellane. Personar som har innvandra til Noreg eller som har foreldre som har innvandra har verdien 1, medan andre får verdien 0.

### ***Inntekt***

Inntekt er sentralt i studiet av inter-gruppe kontakt. For det første er trusselpersepsjonar ofte knytt til personleg økonomi og økonomisk tryggleik. Av den grunn ventast haldningar til utgrupper å vere meir negative blant mindre velståande. På individnivå er også tillit høgst blant dei med trygg økonomi og høg inntekt (Sturgis, Patulny og Allum 2009: 4, Putnam 2007: 152). Inntekt er difor ein viktig variabel å inkludere i analysemodellane. Variabelen kan saman med utdanning seie noko om respondentane sine sosioøkonomiske situasjonar, samt individuell økonomisk sårbarheit<sup>37</sup>. Variabelen er metrisk, og omgjort til kroner i tusen for enklare lesing.

---

<sup>37</sup> Yrke og klasse vert inkludert som kontrollvariabler i somme studiar av kontakt og ville ha vore interessant i denne samanheng. Diverre er variabelen på noverande tidspunkt ikkje klar i datamaterialet. Inntekt og utdanning er likevel eit godt mål på sosioøkonomisk posisjon (Hooghe, Reeskens, Stolle og Trappers 2009: 208-209).

## 5.4.2 Politiske variablar

### *Plassering på politisk skala*

Politisk tilknyting har vore linka til haldningar til innvandring, og er til dømes målt ved plassering på høgre-venstre skalaen (Rustenbach 2010: 57). Denne variabelen ventast å vere relevant med omsyn til uttrykk for haldningar og syn på utgrupper. Eksempelvis syner data fra Integreringsbarometeret 2013/2014 (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014: 9) at partipreferanse har ein klar påverknad uttrykk for toleranse i Noreg, og støtte til parti til venstre i det politiske landskapet, påverkar meir positive haldningar til innvandringsvolum og til integreringsprosessen. Kokkonen, Esaiasson og Gilljam (2008) inkluderer også plassering på politisk skala i sin studie av tillit. Plassering på den politiske skalaen er målt på bakgrunn av følgjande spørsmål: «*I politikken snakker man ofte om "venstresiden" og "høyresiden". Nedenfor er en skala der 0 representerer de som står helt til venstre politisk, og 10 representerer de som står helt til høyre politisk. Hvordan vil du plassere deg selv på en slik skala?*» Skalaen er i analysen endra til ein skala frå 0 til 1. Høgare verdiar er plasseringar lenger mot høgre på den politiske skalaen.

### *Syn på den økonomiske situasjonen*

Den siste kontrollvariablen som er felles for modellane er synet på den økonomiske situasjonen i landet. I tillegg til inntekt, målast økonomiske/statusbaserte truslar ut frå risiko for å miste arbeid og farane for eit endra inntektsnivå. Tidlegare forsking har peika på forholdet mellom økonomi og haldningars til immigrasjon, og eitt mål på omsyn til nasjonal økonomi er synet på den økonomiske situasjonen i landet (Ivarsflaten 2006: 33, Quillian 1995, McLaren 2003, Schneider 2008 i Savelkoul, Scheepers, Tolsma og Hagendoorn: 4-5). I studiar av generalisert tillit ventast grader av tillit også å vere påverka av framtidsoptimisme og synet på finansiell situasjon (Wollebæk 2011: 69). Med dette ventast eit negativt syn på den økonomiske situasjonen å ha negative verknader på tillit og toleranse. Synet på den økonomiske situasjonen i landet er målt på bakgrunn av følgjande spørsmål: «*Hvordan oppfatter du den økonomiske situasjonen i Norge i dag? Synes du den er..?*» Variablen var originalt koda frå 1 (svært god) til 7 (svært dårlig). Skalaen er endra til ein skala frå 0 til 1, og reversert slik at høgare verdiar uttrykker eit meir positivt syn på den økonomiske situasjonen i landet.

### *Andre dimensjonar*

Ettersom tillit ventast å vere av ein noko anna karakter, og ikkje direkte er drive frå toleranselitteraturen og synet på utgrupper, vil somme tilleggsvariablar bli inkludert i analysekapitlet. Dette gjeld blant anna deltaking i frivillige organisasjonar og tillit til institusjonar. Ein dimensjon som er ekskludert er samstundes knytt til bustad. Variabelen urban/rural er ekskludert ettersom samanhengen mellom urbanitet og tillit ikkje lenger er signifikant i Noreg i 2009<sup>38</sup>. Det ventast difor ikkje lenger å vere meir tillit i urbane områder. Når det gjeld religion er variabelen heller ikkje inkludert, då dette ikkje er like sentralt i det sekulariserte Noreg. Wollebæk (2011) viser til at det fins ingen positiv samanheng mellom religion og tillit, og at det er liten støtte i data for dette.

## 5.5 Oppsummering av kapitlet

I dette kapitlet har eg sett nærmere på deskriptiv statistikk for dei avhengige og dei uavhengige variablane av interesse, for ein betre forståing av datamaterialet. Medan to av variablane er direkte knytt til uttrykk for toleranse i høve utgrupper, kan det seiast at variabelen haldning til innvandring er av ein meir politisk karakter, knytt til innvandringspolitikk generelt. Tillit er på si side ein omdiskutert variabel med omsyn til mangfald, til dømes i litteraturen om sosial kapital. Sjølv om respondentane ikkje uttrykker sterke uttrykk for verken toleranse eller intoleranse i høve innvandrarar, er mange heller ikkje heilt nøytrale. I utvalet er det på si side meir typisk med ein større motivasjon til å unngå fordommar, i tillegg til større grader av tillit. Det er også eit skilje mellom kontaktvariablane. Medan mange verkar å møte innvandrarar i kvardagen, og har positive eller nøytrale opplevelingar av desse møta, er det ikkje like vanleg i utvalet med mange venner med innvandrarbakgrunn eller mange innvandrarar busette i same nærområde.

---

<sup>38</sup> Variabelen er ekskludert også i dei andre analysemodellane. Sjølv om somme undersøkingar i Noreg tyder på at velviljen til innvandrarar og innvandring er mindre i rurale strøk og størst i mest tettbygde strøk (over 100 000 busette), er landsdelane i Noreg på same nivå på ei rekke spørsmål (Blom 2014: 4). Å inkludere ulike landsdelar i analysemodellane syner heller ingen signifikant forskjellige resultat.

## 6 Analyse

I dette kapitlet presenterer eg sjølve analyseresultata i oppgåva. Hypotesane vil bli testa separat i ulike tabellar for kvar av dei fire avhengige variablane<sup>39</sup>. Med dette inkluderer analysen fire tabellar som syner verknaden av samansetning, og fire tabellar som syner verknaden av kontaktkvalitet. Kvar tabell inkluderer på si side fleire modellar, der variablar vert lagt til sekvensvis. Denne hierarkiske framstillinga av analysemodellane syner endringar og eventuelle ulike effektar for forholdet som blir studert. Med dette syner modell 1 og modell 2 i kvar tabell, effekten av kontaktvariablane på dei avhengige variablane, medan modell 3 og 4 legger til sosioøkonomiske variablar. Dei fullstendige modellane er presentert i modell 5 og 6. Desse er også hovudmodellane i analysen. I analysane av kontaktkvalitet (del 6.2) er også ein modell 7 inkludert i kvar tabell. Dette for å undersøke verknadane av venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i nærområde i same modell, årsaka mulegheiter for at desse påverkar kvarandre. Analysemodellane blir evaluert individuelt og komparativt, både ut frå heile modellen og for kvar av variabelgruppene som blir lagt fram sekvensvis.

Eg skil ikkje mellom respondentar med og utan innvandrarbakgrunn i analysen, men nyttar innvandrarbakgrunn som kontrollvariabel. Dette er gjort fordi differansane mellom desse to gruppene tyder på nivåforskjellar og ikkje strukturelle forskjellar. Fyrst i kapitlet vil eg presentere analyseresultata for kvar av tabellane, frå tabell 6.1 til 6.8. Deretter vil eg samanlikne verknaden av kontakt på dei ulike avhengige variablane, og diskutere resultata i i høve teoretisk rammeverk og problemstilling, før eg summerer empirisk funn og svarer på hypotesane. Aller sist kjem ei oppsummering av kapitlet.

### 6.1 Inter-gruppe kontakt og verknaden av samansetning

I denne delen vil resultat frå regresjonsanalyser bli presentert, der verknaden av kontakt i form av samansetning, er studert på dei fire avhengige variablane. Eg nyttar ordna probit-regresjon, der dei avhengige variablane og kontaktvariablane er endra til ein skala frå 0 til 1 som synt i førre kapittel. Regresjonsmodellane i denne delen er knytt til H1, som ventar at samansetning i området har ein effekt på uttrykk for toleranse og tillit. Eg vil i denne delen kommentere resultata for kvar analysemodell, før eg samanliknar tabellane i del 6.3.

---

<sup>39</sup> Hypotesane er lagt fram i del 3.1.3.

### 6.1.1 Samansetning og haldning til muslimar

I teorikapitlet vart ulike forventningar til effekten av kontakt i form av samansetning presentert. Presentasjonen av kontaktteori og konfliktteori synleggjorde at det kan ventast å vere ein samansetningseffekt på uttrykk for toleranse, men det er likevel ikkje klart kva retning på effektane ein kan vente å finne. Tabell 6.1 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med haldning til muslimar som avhengig variabel, og undersøker verknaden av samansetning.

Tabell 6.1 Samansetning og haldning til muslimar

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>
Møte i kvardagen	-.15 (.18)		-.18 (.18)		-.12 (.18)	
Del i nærområde		-.36* (.20)		-.42** (.21)		-.32 (.21)
<b>Kontrollvariablar</b>						
Alder		.19*** (.07)	.20*** (.07)	.29*** (.07)	.30*** (.07)	
Kjønn		.15*** (.05)	.15*** (.05)	.07 (.05)	.07 (.05)	
Utdanning		.53*** (.05)	.53*** (.05)	.41*** (.05)	.41*** (.05)	
Inntekt		.00 (.00)	.00 (.00)	.00** (.00)	.00** (.00)	
Innvandarbakgrunn		.13 (.08)	.16* (.08)	.05 (.08)	.07 (.08)	
Politisk skala					-2.1*** (.11)	-2.1*** (.11)
Syn på økonomisk situasjon					1.1*** (.22)	1.12*** (.22)
N=	1826	1826	1826	1826	1826	1826
LR Chi2	0.75	3.20	134.05	137.11	542.36	544.42
Pseudo R <sup>2</sup>	0.00	0.00	0.02	0.02	0.08	0.08
AIC	7028	7026	6905	6902	6501	6499

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.1 syner noko ulike effektar av variablane som måler samansetning. Resultata indikerer for det fyrste at møter i kvardagen ikkje har ein stor verknad på uttrykk for toleranse i høve utgrupper, målt ved haldning til muslimar. Møter med innvandrarar i kvardagen har ingen signifikant verknad på haldningane til muslimar i nokon av modellane (modell 1, 3 og 5). Det er likevel nemneverdig at styrken på effekten av møter i kvardagen varierer lite, og at retninga er negativ. Modell 2, 4 og 6 syner på si side at fleire innvandrarar i området har ein negativ effekt på haldningane til muslimar, som er signifikant på fem-prosentnivå i modell 4, og på ti-prosentnivå i modell 2. Effekten er likevel ikkje lenger

statistisk signifikant når dei politiske variablane er inkludert i modell 6, sjølv om effekten fortsatt går i negativ retning. Del innvandrarar i nærområde har likevel ein sterkare effekt på haldningar til muslimar, enn det møter med innvandrarar i kvardegen har. I høve modell 1 til 4, ser ein at modell 5 og 6 også forklarer meir. Pseudo  $R^2$  er no 0.08 i begge dei fullstendige modellane, medan AIC også har minka.

Ved å samanlikne dei ufullstendige modellane med dei fullstendige i modell 5 og 6, ser ein at kjønn ikkje lenger er signifikant i nokon av dei fullstendige modellane. Vidare ser ein at yngre menneske, personar med høgare utdanning og høgare inntekt uttrykker meir positive haldningar til muslimar. Det gjer også respondentane med eit meir positivt syn på den økonomiske situasjonen i landet, og respondentar som plasserer seg lenger til venstre på den politiske skalaen. Dette passar med dei teoretiske forventningane synt i del 5.4.

### **6.1.2 Samansetning og motivasjon til å unngå fordommar**

Ein anna muleg effekt av inter-gruppe kontakt er som presentert i teorikapitlet knytt til uttrykk av toleranse, i form av fordommar og motivasjonen til å unngå desse. Det er likevel ikkje klart kva retning på effektane ein kan vente. Tabell 6.2 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med motivasjon til å unngå fordommar som avhengig variabel, og undersøker verknaden av samansetning.

Tabell 6.2 Samansetning og motivasjon til å unngå fordommar

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>
Møte i kvardagen	.06 (.25)		-.03 (.25)		-.10 (.25)	
Del i nærområde		.19 (.28)		.05 (.29)		-.05 (.29)
<b>Kontrollvariablar</b>						
Alder		.18* (.10)	.18* (.10)	.26*** (.10)	.26* (.10)	
Kjønn		.29*** (.07)	.29*** (.07)	.24*** (.07)	.24*** (.07)	
Utdanning		.20*** (.07)	.21*** (.07)	.09 (.07)	.09 (.07)	
Inntekt		.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	
Innvandrarbakgrunn		.23** (.11)	.22** (.11)	.17 (.11)	.17 (.12)	
Politisk skala					-1.4*** (.15)	-1.4*** (.15)
Syn på økonomisk situasjon					.97*** (.29)	.98*** (.29)
N=	882	882	882	882	882	882
LR Chi2	0.06	0.44	37.22	37.24	131.09	131
Pseudo $R^2$	0.00	0.00	0.01	0.01	0.03	0.03
AIC	5101	5101	5074	5074	4984	4984

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.2 indikerer at samansetning ikkje har ein nemneverdig effekt på motivasjonen til å unngå fordommar, då ingen av effektane knytt til samansetning er signifikante i nokon av modellane. Møter med innvandrarar i kvardagen har ein negativ verknad i modell 3 og modell 5, men effekten er svak i alle modellane. I modell 5 og modell 6 er alle variablane inkludert. I modell 6 kan ein sjå at effekten for del i nærområdet endrar retning, og vert noko negativ. Resultata indikerer likevel at kontakt i form av samansetning ikkje påverkar eins motivasjon til å unngå fordommar i særleg grad ut frå resultata i denne regresjonstabellen. Alle modellane syner svake effektar som ikkje er signifikante. I høve modell 1 til 4, ser ein likevel at modell 5 og 6 forklarer noko meir. Pseudo  $R^2$  er 0.03 i begge dei fullstendige modellane, medan AIC har minka.

Effektane av utdanning og innvandrarbakgrunn er heller ikkje statistisk signifikante lenger i dei fullstendige modellane. Jamvel verkar kvinner å ha ein større motivasjon til å unngå fordommar enn menn. Det har også yngre menneske til ein viss grad, samt respondentane med

eut positivt syn på den økonomiske situasjonen i landet og som plasserer seg lenger til venstre på den politiske skalaen.

### 6.1.3 Samansetning og haldning til innvandring

Litteraturen synte ulike forventningar knytt til effektar av samansetning i område, og hyppigheit av møter med innvandrara, med røter i kontakt og trusselteori. Tabell 6.3 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med haldning til innvandring som avhengig variabel, og undersøker med dette verknaden av samansetning.

Tabell 6.3 Samansetning og haldning til innvandring

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>
Møte i kvardagen	-.13 (.18)		-.14 (.18)		-.11 (.18)	
Del i nærområde		.28 (.20)		.31 (.21)		.47** (.21)
<b>Kontrollvariablar</b>						
Alder			-.03 (.07)	-.04 (.07)	.07 (.07)	.05 (.07)
Kjønn			.18*** (.05)	.18*** (.05)	.13** (.05)	.13* (.05)
Utdanning			.43*** (.05)	.43*** (.05)	.31*** (.05)	.31*** (.05)
Inntekt			.00* (.00)	.00* (.00)	.00*** (.00)	.00*** (.00)
Innvandringsbakgrunn			.35*** (.08)	.32*** (.08)	.31*** (.08)	.28*** (.08)
Politisk skala					-1.6*** (.11)	-1.6*** (.11)
Økonomisk situasjon					1.4*** (.22)	1.5*** (.22)
N=	1823	1823	1823	1823	1823	1823
LR chi2	0.56	1.97	124.44	126	400.49	405.13
Pseudo R <sup>2</sup>	0.00	0.00	0.02	0.02	0.07	0.07
AIC	6053	6052	5939	5938	5667	5663

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10.

Resultata frå tabell 6.3 indikerer at samansetning har ein viss effekt på haldning til innvandring. Medan møter med innvandrara i kvardagen heller ikkje ser ut til å ha ein stor effekt på haldninga til innvandring, er effekten av del innvandrara i nærområdet viktigare. Effekten av møter i kvardagen går likevel i negativ retning, og held seg næraast konstant i modell 1, 3 og 5. Effekten av del innvandrara i nærområdet går på si side i ei positiv retning, og verkar å betre uttrykk for toleranse i høve utgrupper, målt gjennom haldninga til

innvandring. Ingen av effektane endrar retning i dei fullstendige modellane, men modell 6 syner at når dei politiske variablane er inkludert i modellen, vert effekten signifikant på fem-prosentnivå. I høve modell 1 til 4, kan ein sjå ser at modell 5 og 6 også forklarer meir. Pseudo  $R^2$  er no 0.07 i begge modellane, medan AIC også har minka.

Vidare kan det nemnast at kvinner og personar med høgare utdanning ser ut til å uttrykke meir positive haldningar til innvandring. Det gjeld også for respondentane med eit meir positivt syn på den økonomiske situasjonen i landet, som har høgare inntekt, og som plasserer seg lenger til venstre på den politiske skalaen. Også respondentar som er del av innvandrarbefolkninga uttrykker meir positive haldningar til innvandring. Desse funna passar også til dei teoretiske forventningane.

#### **6.1.4. Samansetning og generalisert tillit**

Litteraturen peikar på at generalisert tillit og sosiale bindingar kan vere påverka av mangfald og inter-gruppe kontakt. Resultata er likevel varierte, til dømes med meir positive effektar frå studiar i Europa, som synt i teorikapitlet. Tabell 6.4 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med generalisert tillit som avhengig variabel, og undersøker verknaden av samansetning.

\*

Tabell 6.4. Samansetning og generalisert tillit

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>
Møte i kvardagen	-.36** (.17)		-.22 (.18)		-.18 (.18)	
Del i nærområde		-1.19*** (.20)		-.87*** (.20)		-.77*** (.20)
<b>Kontrollvariablar</b>						
Alder			-.43*** (.07)	-.40*** (.07)	-.33*** (.07)	-.30*** (.07)
Kjønn			.12*** (.05)	.12** (.05)	.11** (.05)	.11** (.05)
Utdanning			.32*** (.05)	.31*** (.05)	.24*** (.05)	.24*** (.05)
Inntekt			.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)
Innvandrarbakunn			-.23*** (.08)	-.18** (.08)	-.23*** (.08)	-.19** (.08)
Politisk skala					-.56*** (.11)	-.56*** (.11)
Økonomisk situasjon					1.6*** (.22)	1.6*** (.22)
N=	1831	1831	1831	1831	1831	1831
LR Chi2	4.22	35.62	120.56	137.22	210	223.11
Pseudo $R^2$	0.00	0.00	0.02	0.02	0.03	0.03
AIC	7710	7679	7604	7587	7518	7505

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10.

Resultata frå tabell 6.4 indikerer at samansetning har ein sterk effekt på generalisert tillit. Medan møter med innvandrarar i kvardagen også i modellane i tabell 6.4 ikkje har ein signifikant effekt, skil effekten av del innvandrarar i nærområdet seg ut i større grad. Effekten av møter med innvandrarar i kvardagen går likevel også i modell 1, 3 og 5 i negativ retning. Del innvandrarar i nærområdet har på si side ein sterk negativ effekt på tillit i modell 2, 4 og 6, som er signifikant på eitt-prosentnivå i alle modellane. Ingen av effektane har på si side blitt endra i dei to fullstendige modellane (modell 5 og 6). I høve modell 1 og 2, kan ein sjå at modell 3 og 4, og deretter modell 5 og 6 også forklarer meir. Pseudo  $R^2$  er i dei fullstendige modellane 0.03, medan AIC har minka.

Vidare ser ein at yngre menneske verkar å ha mindre grad av tillit, noko som ikkje stemmer overeins med dei teoretiske forventningane<sup>40</sup>. Det har også personar som sjølve har

<sup>40</sup> Det er venta at yngre er meir tillitsfulle enn eldre. For å undersøke dette nærmare har eg undersøkt resultata ved å endre referansekategori. Resultata syner at det signifikante skiljet er mellom eldre menneske og andre. Personar over 60 år verkar å ha meir generalisert tillit, og denne positive effekten er signifikant på eitt-prosentnivå.

innvandrarbakgrunn, noko som på si side er venta. Kvinner tenderer også å ha større tillit enn menn. I tillegg verkar høgare utdanning, og eit positivt syn på den økonomiske situasjonen, samt plassering mot venstre på den politiske skalaen positivt på grader av generalisert tillit. Desse funna passar på si side til dei teoretiske forventningane.

Litteraturen om tillit og sosiale bindingar inkluderer vidare fleire variablar som kan vere viktige å inkludere for å undersøke resultata nærmare. Dette er gjort i ein utvida modell for begge tabellane som undersøker verknaden av kontakt på generalisert tillit, årsaka mulegheiter for effektar av fleire variablar som er synt i sosial kapital litteraturen. Av den grunn er variablane deltaking i frivillige organisasjonar, og tillit til politiske institusjonar inkludert for å synleggjere eventuelle differansar i resultata i ein utvida modell. Resultata er synt i tabell 8.8 som er lagt til i appendiks. Ved å sjekke for alternative variablar er det ingen differansar i resultata med omsyn til effektane av verken samansetning og kontaktkvalitet. Ingen av dei signifikante effektane endrar retning i dei utvida modellane. Deltaking i frivillige organisasjonar og tillit til demokratiet har på si side ein positiv signifikant effekt på generalisert tillit, utan at desse utvida modellane verkar å forklare særleg meir.

## 6.2 Inter-gruppe kontakt og verknaden av kontaktkvalitet

I denne delen presenterast resultat frå regresjonsanalyser, der verknaden av kontakt, i form av kontaktkvalitet, er studert på dei fire avhengige variablane. Eg nyttar ordna probit-regresjon, der dei avhengige variablane og kontaktvariablane er omkoda til ein skala frå 0 til 1, som synt i førre kapittel. Regresjonsmodellane er knytt til H2 og H3, som ventar ein positiv effekt av kvaliteten på kontakt på ulike uttrykk for toleranse og tillit. Eg vil kommentere resultata for kvar modell før ein vidare diskusjon følgjer i del 6.3. I kvar av analysetabellane er også modell 7 lagt til i kvar tabell. I denne regresjonen er venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i nærområdet undersøkt i same modell, årsaka større sannsyn for venskapleg kontakt dersom det er fleire innvandrarar i nærområdet (Pettigrew 1998: 72). Det er difor naudsynt for resultata å kunne estimere modellar som inkluderer begge variablane.

### 6.2.1 Kontaktkvalitet og haldning til muslimar

I teorikapitlet vart ulike forventningar til type kontakt, som til dømes effekten av nær og venskapleg kontakt presentert. Presentasjonen av kontaktteori synleggjorde at det kan ventast å vere ein positiv effekt på uttrykk for toleranse dersom ein har venner som er medlemmar av

utgruppa, og ein betre kontaktkvalitet og positive evalueringar av møter. Tabell 6.5 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med haldning til muslimar som avhengig variabel, og undersøker verknaden av kontaktkvalitet.

Tabell 6.5. Kontaktkvalitet og haldning til muslimar

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>	<b>Modell 7</b>
Møteoppleving	3.5*** (.17)		3.4*** (.17)		3.0*** (.18)		
Venner		.84*** (.18)		.74*** (.21)		.74*** (.21)	.90*** (.22)
Del i nærområdet							-.60*** (.22)
<b>Kontrollvariablar</b>							
Alder			.19*** (.07)	.15** (.07)	.28*** (.07)	.25*** (.07)	.27*** (.07)
Kjønn			.10* (.05)	.15*** (.05)	.03 (.05)	.07 (.05)	.07 (.05)
Utdanning			.46*** (.05)	.52*** (.05)	.37*** (.05)	.40*** (.05)	.39*** (.05)
Inntekt			.00 (.00)	.00 (.00)	.00** (.00)	.00*** (.00)	.00** (.00)
Innvandrarbakgrunn			-.00 (.08)	.00 (.09)	-.06 (.08)	-.08 (.09)	-.07 (.09)
Politisk skala					-1.9*** (.12)	-2.1*** (.11)	-2.1*** (.11)
Øko. situasjon					.93*** (.22)	1.2*** (.22)	1.1*** (.22)
N=	1811	1811	1811	1811	1811	1811	1811
LR Chi2	439.55	20.96	532.59	144.84	829.48	549.13	556.72
Pseudo R <sup>2</sup>	0.06	0.00	0.08	0.02	0.12	0.08	0.08
AIC	6533	6952	6450	6838	6157	6438	6432

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.5 indikerer at kontaktkvalitet er sentralt for å undersøke verknaden av inter-gruppe kontakt på haldning til muslimar. Opplevingar av møter med innvandrarar har ein sterk positiv effekt i alle modellane, og effekten er signifikant på eitt-prosentnivå. Det kan likevel knytast ein viss skepsis til denne variabelen, då den mulegens inkluderer ein fare for tautologiske forklaringar<sup>41</sup>. Noko viktigare er det av den grunn at den sterke positive effekten av å ha venner med innvandrarbakgrunn også er signifikant på eitt-prosentnivå i alle modellane. I dei fullstendige modellane i modell 5 og 6, er det heller ingen signifikante endringar for dei relevante kontaktvariablane i høve dei ufullstendige modellane. Modell 5 og

<sup>41</sup> Det kan tenkjast at variabelen møteoppleving ligg tett på dei avhengige variablane. Dette vil difor bli diskutert og teke omsyn til når resultata vert diskutert.

6 forklarer også meir. Pseudo  $R^2$  er no 0.12 i modell 5, og 0.08 i modell 6, medan AIC også har minka i begge modellane. Også modell 7 syner sterke positive effektar av venskapleg kontakt. Når ein inkluderer del innvandrarar i nærområde og venner med innvandrabakgrunn i same modell, ser det på si side ut til at del innvandrarar i nærområdet har ein sterk negativ verknad på haldning til muslimar. I modell 6.1 var retninga også negativ. Likevel er effekten signifikant når ein også inkluderer variabelen venner. Dette kan indikere ein viktig «vennskapseffekt».

### 6.2.2 Kontaktkvalitet og motivasjon til å unngå fordommar

I teorikapitlet vart ulike forventningar til type kontakt og til dømes føresetnaden om venskapleg kontakt presentert. Tabell 6.6 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med motivasjon til å unngå fordommar som avhengig variabel, og undersøker verknaden av kontaktkvalitet.

Tabell 6.6 Kontaktkvalitet og motivasjon til å unngå fordommar

	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4	Modell 5	Modell 6	Modell 7
Møteoppleving	3.2*** (.23)		3.1*** (.24)		2.8*** (.24)		
Venner		.16*** (.27)		1.6*** (.30)		1.52*** (.30)	1.7*** (.32)
Del i nærområdet							-.60*** (.31)
<b>Kontrollvariablar</b>							
Alder		.11 (.10)	.07 (.10)	.19* (.10)	.16 (.10)	.16 (.10)	
Kjønn		.25*** (.07)	.30*** (.07)	.22*** (.07)	.26*** (.07)	.26*** (.07)	
Utdanning		.11 (.07)	.20*** (.05)	.03*** (.07)	.08 (.07)	.07 (.07)	
Inntekt		-.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	
Innvandrabakgrunn		.23** (.11)	-.02 (.12)	.19* (.11)	-.06 (.12)	-.04 (.13)	
Politisk skala					-1.0*** (.15)	-1.3*** (.11)	-1.3*** (.15)
Øko. situasjon					.84*** (.29)	1.1*** (.29)	1.1*** (.30)
N=	877	877	877	877	877	877	877
LR Chi2	185.68	35.30	209.09	65.84	259.66	151.51	155.22
Pseudo R2	0.04	0.01	0.04	0.01	0.5	0.03	0.03
AIC	4894	5044	4880	5024	4834	4942	4940

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.6 indikerer at kontaktkvalitet er sentralt for å undersøke verknaden av inter-gruppe kontakt på motivasjonen ein har til å unngå fordommar. Oppleving av møter har ein sterk positiv effekt i alle modellane, og effekten er signifikant på eitt-prosentnivå. I høve dei ufullstendige modellar er det lite differansar til dei fullstendige modellane i modell 5 og 6. Dette med unntak av alder som er signifikant i modell 5, og utdanning som ikkje lenger er signifikant i nokon av dei fullstendige modellane. I høve modell 1 til 4, ser ein at modell 5 og 6 også forklarer meir. Pseudo  $R^2$  er no 0.05 i modell 5, og 0.03 i modell 6, medan AIC også har minka i begge modellane.

Resultata frå modell 7 indikerer på si side også ein sterk effekt av venner. Dette er synleggjort ved å inkludere variabelen venner med innvandrarbakgrunn i same modell som del innvandrarar i området, noko som er viktig for å kunne sjå resultata i lys av kvarandre. Når ein inkluderer venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i same modell, er det ein negativ effekt av samansetning på motivasjon til å unngå fordommar. Denne effekten er signifikant på eitt-prosentnivå.

### **6.2.3 Kontaktkvalitet og haldning til innvandring**

Tabell 6.7 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med haldning til innvandring som avhengig variabel, og undersøker verknaden av kontaktkvalitet.

Tabell 6.7 Kontaktkvalitet og haldning til innvandring

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>	<b>Modell 7</b>
Møteoppleveling	4.2*** (.18)		4.0*** (.18)		3.7*** (.18)		
Venner		.1.6*** (.19)		1.7*** (.21)		1.84*** (.21)	1.9*** (.22)
Del i nærområdet							-.04 (.22)
<b>Kontrollvariablar</b>							
Alder		-.06 (.07)	-.13* (.07)	.03 (.07)	-.02 (.07)	-.02 (.07)	
Kjønn		.13*** (.05)	.20*** (.05)	.10** (.05)	.15*** (.05)	.15*** (.05)	
Utdanning		.36*** (.05)	.43*** (.05)	.27*** (.05)	.30*** (.05)	.30*** (.05)	
Inntekt		.00** (.00)	.00** (.00)	.00*** (.00)	.00*** (.00)	.00*** (.00)	
Innvandrarbakgrunn		.23*** (.08)	.06 (.09)	.21** (.08)	-.00 (.09)	.00 (.09)	
Politisk skala					-1.3*** (.11)	-1.6*** (.11)	-1.6*** (.11)
Øko. situasjon					1.3*** (.22)	1.6*** (.22)	1.6*** (.22)
N=	1808	1808	1808	1808	1808	1808	1808
LR Chi2	581.63	77.88	633.01	192.08	829.82	473.66	473.69
Pseudo R <sup>2</sup>	0.10	0.01	0.11	0.03	0.14	0.08	0.08
AIC	5424	5927	5352	5823	5189	5546	5548

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.7 syner at kontakt i form av kontaktkvalitet også har ein sterk effekt på haldning til innvandring. Modell 1, 3 og 5 syner ein sterk positiv effekt av gode møteopplevelingar, medan modell 2, 4 og 6 syner ein sterk positiv effekt av å ha fleire venner med innvandrarbakgrunn. Kvaliteten på kontakta ein har med medlemmar frå utgrupper kan med dette vere viktig for studiet av kontakt. Effektane er statistisk signifikante på eitt-prosentnivå i alle modellane. I dei fullstendige modellane i modell 5 og 6 er det med dette ingen signifikante endringar for dei relevante kontaktvariablane, sjølv om alder og innvandrarbakgrunn ikkje lenger er signifikante. Dei fullstendige modellane forklarer også meir. Pseudo R<sup>2</sup> er no 0.14 i modell 5, og 0.08 i modell 6, medan AIC også har minka i begge modellane. Modell 7 har også i denne tabellen ein stor verknad på tolking av resultata. Ved å inkludere venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i nærområdet i same modell, er effekten av venner endå signifikant på eitt-prosentnivå. Effekten av del innvandrarar i nærområdet er på si side særsliten.

## 6.2.4 Kontaktkvalitet og generalisert tillit

Tabell 6.8 syner resultata frå ein regresjonsanalyse med generalisert tillit som avhengig variabel, og undersøker verknaden av kontaktkvalitet.

Tabell 6.8 Kontaktkvalitet og generalisert tillit

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>	<b>Modell 5</b>	<b>Modell 6</b>	<b>Modell 7</b>
Møteoppleveling	1.7*** (.16)		1.7*** (.16)		1.5*** (.16)		
Venner		-.82*** (.18)		-.52** (.20)		-.47** (.20)	-.28 (.21)
Del i nærområdet							-.72*** (.21)
<b>Kontrollvariablar</b>							
Alder			-.45*** (.07)	-.40*** (.07)	-.36*** (.07)	-.30*** (.07)	-.29*** (.07)
Kjønn			.09* (.05)	.12*** (.05)	.09** (.05)	.11** (.05)	.11** (.05)
Utdanning			.27*** (.05)	.33*** (.05)	.21*** (.05)	.25*** (.05)	.24*** (.07)
Inntekt			.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)	.00 (.00)
Innvandrarbakgrunn			-.30** (.08)	-.14 (.09)	-.29*** (.08)	-.15* (.09)	-.14 (.09)
Politisk skala					-.34*** (.11)	-.57*** (.11)	-.56*** (.11)
Øko. situasjon					1.5*** (.22)	1.6*** (.22)	1.5*** (.22)
N=	1816	1816	1816	1816	1816	1816	1816
LR Chi2	116.21	20.44	228.87	124.66	211.42	211.42	222.78
Pseudo R <sup>2</sup>	0.02	0.00	0.03	0.02	0.03	0.03	0.03
AIC	7536	7632	7433	7537	7377	7455	7445

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10

Resultata frå tabell 6.8 syner ein signifikant verknad av kvaliteten på kontakt når generalisert tillit er den avhengige variabelen. Modell 1, 3 og 5 syner ein sterk positiv effekt av gode møteopplevelingar, som synleggjer at positive evalueringar av møter med innvandrarar styrkar graden av generalisert tillit. Effektane er statistisk signifikante på eitt-prosentnivå i dei tre relevante modellane. På den andre sida syner modell 2, 4 og 6 negative effektar av å ha fleire venner med innvandrarbakgrunn. Denne effekten er statistisk signifikant på fem-prosentnivå i modell 6. Personleg kontakt kan med dette vere viktig for studiet av kontakt, men i tabell 6.8 tek verknaden av kontaktkvaliteten ei noko anna retning enn sett i dei andre tabellane. I dei fullstendige modellane i modell 5 og 6 er det ingen signifikante endringar for nokon av dei

relevante variablane. Dei fullstendige modellane forklarer i tillegg noko meir. Pseudo  $R^2$  er no 0.04 i modell 5, og 0.03 i modell 6, medan AIC også har minka i begge modellane.

Modell 7 syner resultat frå ein regresjonsmodell der både venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i nærområdet er inkludert. Medan del innvandrarar i nærområdet endå har ein signifikant negativ effekt på generalisert tillit, er den negative effekten av venner med innvandrarbakgrunn ikkje lenger signifikant i modell 7. I næraast alle samfunn skriver Putnam (2000: 138) at dei som «har» versus dei som «ikkje har» er meir tillitsfulle. Resultata over syner også at graden av generalisert tillit aukar blant respondentane som har høgare utdanning og som er meir velståande.

I denne samanheng har eg også undersøkt om resultata er dei same i ein utvida modell, som gjort i del 6.1.4. Ved å sjekke for alternative variablar er det heller ingen differansar i resultata med omsyn til effektane av kontaktkvalitet. Resultata er synt i tabell 8.9 som er lagt til i appendiks. Heller ikkje den negative effekten av venner med innvandrarbakgrunn endrast i desse regresjonsmodellane. Deltaking i frivillige organisasjonar og tillit til demokratiet har som nemnt ein positiv signifikant effekt på generalisert tillit, utan at den utvida modellen verkar å forklare særleg meir.

### 6.3 Samanlikning av modellane

I denne delen vil eg samanlikne modellane og resultata frå dei ulike tabellane med utgangspunkt i tabell 6.9, som kort summerer resultata. Teikna i parentes tyder på ingen signifikante effektar i hovudmodellane<sup>42</sup>.

Tabell 6.9 Samanlikning av regresjonsmodellane

<b>Avhengig variabel</b>	<b>Samansetning</b>		<b>Kontaktkvalitet</b>	
	Møter i kvardagen	Del innvandrarar i nærområde	Oppleving av møte	Venner med innv.bakgrunn
Haldning til muslimar	(-)	(-)	+	+
Motivasjon til å unngå fordommar	(-)	(-)	+	+
Haldning til innvandring	(-)	+	+	+
Generalisert tillit	(-)	-	+	-

<sup>42</sup> Tabellen er basert på resultat frå hovudmodellane, og modell 5 og 6 i alle analysetabellane som er presentert. Med omsyn til modell 7 i kvar av tabellane som undersøker verknaden av kontaktkvalitet, fins nokre andre resultat som er diskutert i større grad nedanfor.

Tabell 6.9 summerer kort funn frå analysane basert på hovudmodellane i dei ulike tabellane. Nokre differansar er likevel å finne dersom ein tek omsyn til modell 7 i tabell 6.5 til 6.8. dette vert i større grad diskutert nedanfor. Når det gjeld effekten av samansetning kan ein av tabell 6.9 sjå at møter med innvandrarar i kvardagen ikkje har ein signifikant verknad i nokon av tabellane. Møter i kvardagen syner med dette å vere lite førande for effekten mellom intergruppe kontakt og ulike uttrykk for toleranse og tillit, sjølv om fleire møter med innvandrarar generelt verkar å ha ein noko negativ effekt, uavhengig kva avhengig variabel som blir studert. Med dette verkar det andre målet på samansetning i analysen å vere viktigare. Del innvandrarar som bur i nærområdet har ein større effekt på samanhengen som studerast, og verkar å kunne seie meir om effektane av inter-gruppe kontakt. Sjølv om størrelsen på effektane ikkje direkte kan samanliknast på tvers av modellane, er det med unntak av for variabelen haldning til innvandring, negative effektar av å ha fleire innvandrarar busett i nærområdet. Den negative effekten av del innvandrarar i nærområde på variabelen generalisert tillit er på si side signifikant på eitt-prosentnivå i tabell 6.4, medan dei negative effektane av del innvandrarar i nærområdet ikkje er signifikante med omsyn til haldningar til muslimar og motivasjonen ein har til å unngå fordommar. Modell 6 i tabell 6.3 syner også den positive effekten av del i nærområde på haldning til innvandring, som skil seg ut i denne samanheng i høve dei andre avhengige variablane. Effekten endrast likevel i modell 7 i tabell 6.7, då venner med innvandarbakgrunn og del innvandrarar i nærområdet er inkludert i same modell.

Tabell 6.9 syner på si side også klare positive effektar av kontaktkvalitet. I dette tilfellet er det likevel den negative effekten av venner med innvandarbakgrunn på generalisert tillit som skil seg ut. Det er likevel klart at kontaktkvalitet har ein sterk positiv effekt på dei andre samanhengane som vert studert. I alle tabellane er effektane av møteopplevelingar positive og signifikante på eitt-prosentnivå. Positive evalueringar av møter med innvandrarar er med dette sentralt for ulike uttrykk for tillit og toleranse. Som tidegare nemnt er det likevel knytt ein viss skepsis til denne variabelen. Dette kan til dømes tenkjast å innebere at positive menneske også gjev positive svar, og at variabelen møteoppleveling ligg nære dei avhengige variablane.

Den positive verknaden av kontaktkvalitet i form av å ha venner med innvandarbakgrunn er difor meir interessant. Resultata frå tabell 6.5, 6.6 og 6.7 syner ein sterk positiv verknad av å ha venner som sjølve har innvandra eller som har foreldre (mor, far eller begge) som har innvandra til Noreg. Effektane av å ha venner med innvandarbakgrunn er i alle

hovudmodellane, med unntak av for generalisert tillit, signifikante på eitt-prosentnivå. Med dette verkar venner med innvandrarbakgrunn positivt for ulike uttrykk for toleranse. Effekten av venner med innvandrarbakgrunn på generalisert tillit skil seg likevel ut, som den einaste effekten som går i negativ retning. Denne negative effekten av venner med innvandrarbakgrunn på generalisert tillit er signifikant i modell 2, 4 og 6 i tabell 6.8. Dette er på si side ein effekt i motsett retning av effekten til opplevingar av møter med innvandrare, som også kan synleggjere kvifor det er viktig å skilje mellom dei to variablane som måler kontaktkvalitet. Samla verkar kvaliteten på kontakt likevel å vere førande for effektane av inter-gruppe kontakt, uavhengig av kva uttrykk for toleranse og tillit som vert studert.

Av resultata er det også interessante funn knytt til modellane som inkluderer del innvandrare i nærområdet og det å ha venner med innvandrarbakgrunn. Resultata er synt i modell 7 i tabell 6.5 til 6.8. Grunnen til at dette er naudsynt å studere er for å undersøke effektane i lys av ulike mulegheiter for å få venskapleg kontakt. Pettigrew (1998) viser til dømes til større sjansar for venskapleg kontakt i område der fleire innvandrare er busette. Resultata frå modell 7 i tabellane kan indikere somme implikasjonar for effektane som er synt i tabell 6.9. For det første er dei negative effektane av del innvandrare i området, både på haldning til muslimar og på motivasjon til å unngå fordommar, signifikante på eitt-prosentnivå i modell 7 i tabell 6.5 og 6.6. Effekten av del innvandrare i nærområde på haldning til innvandring tyder også påverka av venner med innvandrarbakgrunn, ettersom effekten går frå å vere positiv og signifikant i modell 6 i tabell 6.3, til å ha nærest ingen effekt i modell 7 i tabell 6.7, når del innvandrare i nærområde og venner med innvandrarbakgrunn er inkludert i same modell. Effekten på generalisert tillit verkar på si side å vere mindre påverka, sjølv om den negative verknaden av å ha venner med innvandrarbakgrunn, ikkje lenger er signifikant i modell 7 i tabell 6.8. Samanlikna syner resultata med dette ein positiv verknad av å ha venner med innvandrarbakgrunn. Fleire innvandrare i nærområdet aukar truleg også sannsynet for kontaktsituasjonar som gjev mulegheiter for venskapleg kontakt til ein viss grad.

Sjølv om oppgåva er interessert i å finne ut om kontakt har ein effekt utover verknaden andre variablar gjev, vil eg kort samanlikne nokre av dei andre effektar på dei avhengige variablane, for å kunne sjå eventuelle variasjonar mellom dei. Til dømes indikerer resultata frå tabellane over, at unge menneske tenderer å uttrykke meir positive haldningar til muslimar. Unge menneske har også ein større motivasjon til å unngå fordommar enn eldre. Høgare utdanning verkar på si side å ha ein positiv effekt på haldningar til muslimar, haldningar til innvandring

og på generalisert tillit. Når det gjeld kjønn har dette ein påverknad på fleire variablar, der kvinner verkar å ha større motivasjon til å unngå Fordommar, større grader av generalisert tillit og meir positive haldningars til innvandring. Plassering mot venstre på den politiske skalaen påverkar på si side ei meir positiv haldning til muslimar, til innvandring og ein større motivasjon til å unngå Fordommar i denne analysen. I tillegg kan det nemnast at personar med høgare inntekt og som er meir positive med omsyn til den økonomiske situasjonen i landet, verkar å ha ein større motivasjon til å unngå Fordommar, og uttrykker samstundes meir positive haldningars til innvandring.

Av tabellane over kan ein med dette sjå at generalisert tillit kan vere av ein noko anna karakter enn dei andre variablane som er målt som uttrykk for toleranse. Dette ser ein til dømes ved å samanlikne effekten av venner. Haldning til innvandring verkar også å inkludere ein noko anna dimensjon, med resultat som skil seg ut når det gjeld samansetning. Desse funna er i større grad diskutert i del 6.4. Analysemodeellane som er synt i kapitlet er estimert med kommandoen *oprobit* i Stata. For å sikre robuste resultat har eg også undersøkt regresjonsmodellane ved ein vanleg OLS-regresjonsanalyse. I høve analyseresultata som e synt i tabellane over er det ingen signifikant forskjellige resultat når det gjeld effektane av samansetning og kontaktkvalitet på dei ulike avhengige variablane. Det som skil analyseresultata er styrken på effektane, som er lågare ved vanleg OLS-regresjonsanalyse. Med bakgrunn i dette vil eg i delen nedanfor svare på hypotesane og i større grad diskutere resultata ut frå teoretiske rammeverket.

## 6.4 Vidare diskusjon og implikasjoner

I denne delen vil eg diskutere resultata som er presentert så langt i kapitlet. Eg startar med å diskutere ulike resultat frå analysen, i høve problemstillinga og det teoretiske rammverket som er lagt fram, i tillegg til eventuelle implikasjoner knytt til resultata. Dette vil eg gjere ved å diskutere funna komparativt, med bakgrunn i dei ulike resultata knytt til samansetning og kontaktkvalitet for kvar av dei avhengige variablane. Til sist vil eg gje ei oppsummering av empiriske funn og svare på hypotesane.

#### **6.4.1 Diskusjon av resultat**

Av samanlikninga av regresjonsmodellane i del 6.3, kan ein sjå differansar mellom effektane av inter-gruppe kontakt i form av samansetning og kontaktkvalitet. Ulike resultat knytt til desse, samt nokre implikasjonar er sett i brennpunktet i denne delen.

##### ***Samansetning***

Effektane av samansetning syner ulike resultat. Medan mengde kontakt, i form av fleire møter i kvardagen ikkje verkar å ha ein stor effekt på uttrykk for tillit og toleranse i denne analysen, er effektane av del innvandrarar i nærområdet større. Det kan med dette verke som at mengde kontakt og møter i kvardagen ikkje har eit stort potensiale til å endre assosiasjonar til utgrupper eller til medlemmar frå utgrupper i stor grad. Dette kan sjåast i høve den såkalla «*law of frequency*» (Allport 1954: 264), der overflatisk kontakt teoretisk sett kunne ventast å ha ein verknad i ei ubestemt retning. I alle tilfelle verkar fleire møter med innvandrarar i kvardagen ikkje positivt på oppfatningar av utgrupper og definerte andre i denne analysen.

Variabelen som måler del innvandrarar i nærområdet kan mulegens seie noko meir om mulegheiter for kontakt, med bakgrunn i fleire sjansar for inter-gruppe kontakt i ulike settingar dersom ein bur i etnisk mangfaldige nærområde. Resultata syner i stor grad at fleire innvandrarar busette i nærområdet har potensiale til å auke trusselpersepsjonar. Dette kan seiast med bakgrunn i negative effektar på både haldning til muslimar og på generalisert tillit. Analysen av kontakt i form av samansetning syner difor lite støtte for kontaktteori. Resultata tyder heller å gå tvert i mot. Inter-gruppe kontakt i form av samansetning kan med dette mangle eit potensiale til å endre oppfatningar til det betre. Det kan med dette verke å vere naudsynt å undersøke kva type kontakt ein har med medlem frå utgruppa, der nær og venskapleg kontakt er særslig sentralt.

Hovudfunnet i analysen er sterke positive effektar av venskapleg kontakt på alle uttrykk for toleranse som er målt i analysen. Det kan med dette verke som at mengde kontakt og overflatisk kontakt ikkje har det same potensialet til å endre oppfatningar til det betre, som nær og venskapleg kontakt. Utan ein god kontaktkvalitet er det difor ikkje særleg bevis for positive verknader av samansetning og ein større mulegheit til å møte innvandrarar på individnivå i Noreg, ut frå denne analysen. Med dette går resultata elles meir i retning av konflikt og trusselpersepsjonar. Eitt unntak er synt ved variabelen haldning til innvandring. Medan haldning til muslimar knyter seg direkte til ei utgruppe i Noreg og haldninga til

denne, er haldning til innvandring i større grad knytt til fenomenet innvandring. Dette kan mulegens årsake nokon av skilnadane i effekten av kontakt. Haldning til innvandring kan med dette inkludere eit politisk spørsmål om ulike fordelar og ulemper med innvandring, som ikkje nødvendigvis knyt seg til identitetsspørsmål og definerte andre direkte. Variabelen kan også uttrykke eit større ynskje om å ta vare på innvandrarar som allereie er busett i Noreg, enn ei positiv haldning til auka innvandring til Noreg generelt. Det kan likevel vere muleheiter for meir positive haldningar til innvandring generelt enn til muslimar spesielt, med bakgrunn i forsking synt i del 3.2.1.

Det er ikkje signifikante verknader av inter-gruppe kontakt i form av samansetning på motivasjon til å unngå fordommar som synt i tabell 6.2. Ut frå denne tabellen kan resultata indikere at kontakt ikkje påverkar motivasjon til å unngå fordommar i særleg grad. Denne effekten er likevel negativ og signifikant når venner med innvandrarbakgrunn er inkludert i same modell, som synt i modell 7 i tabell 6.6. Resultata frå sistnemnde tabell kan med dette synleggjere større trusselpersepsjonar ved fleire innvandrarar i nærområdet. Det er med dette eit interessant forhold mellom positive haldningar og sjølvregulering. Til dømes syner Livingston og Drwecki (Livingston 2011: 29-31) korleis tolerante menneske også er betre på sjølvregulering. Jamvel kan ulike forventningar om korleis ein står fram sjølve i ein slik kontaktsituasjon mulegens påverke åtferd. Butz og Ashby Plant (2011: 94) viser til dømes til at slike tankar kan hindre kontakt. Med dette kan sosiale normer mulegens også hindre positiv kontakt. Sjølv om mange uttrykker ein stor motivasjon til å unngå fordommar i Noreg, synt i den deskriptive delen, er lite inter-gruppe kontakt generelt også ein mule faktor til at motivasjonen til å unngå fordommar i denne analysen vert lågare dersom fleire innvandrarar bur i same nærområde. Samla kan det difor verke som muleheitene for kontakt målt ved samansetning i området gjev liten muleheit for haldningsendringar, i alle tilfelle i ei positiv retning. Ein slik kontekst kan likevel vere påverka av mange andre samfunnsmessige faktorar som også fins i eit mangfaldig nærområde. Dette er vidare diskutert i høve generalisert tillit.

### **Kontaktkvalitet**

Sidan ei kjelde til haldningsendring er læring om andre, kan det tenkjast at læringa ikkje er sterkt nok i kontaktsituasjonar som ikkje opnar muleheitene for nært kontakt. Det er difor naudsynt å skilje mellom muleheitene for kontakt og faktisk kontakt, og moderatorane mellom kontakt og effektane på samfunnet. Mulegens kan lik mengde kontakt i ein anna

sosial setting, eller med andre individ, tenkast å produsere ein anna kommunikasjon og med dette forenkle haldningsendringar. Effektane av ulike typar kontakt er synt i denne oppgåva ut frå dei sterke effektane av kontaktkvalitet. Saman med dei noko varierte resultata med omsyn til samansetning, er eit tydeleg funn at kvaliteten på kontakt har stort verknad på ulike uttrykk for toleranse. Effektane på tillit skil seg ut i større grad og vert difor diskutert for seg sjølv.

Ei god møteoppleveling verkar å vere styrkande for ulike positive uttrykk for toleranse og generalisert tillit. Denne variabelen må ein likevel vere merksam på, med tanke på at meir positive menneske generelt også kan svare generelt positivt. Variabelen venner er likevel meir objektiv. Dersom inter-gruppe kontakt skal gje positive effektar på uttrykk for toleranse, verkar nær kontakt å vere naudsynt for haldningsendringar. Frå det teoretiske rammeverket kan dette tolkast ut frå at visse typar kontakt berre gjev ein viss kunnskap om utgrupper, men at dette i seg sjølv ikkje kan årsake haldningsendringar, til dømes sidan menneske ofte aksepterer den informasjonen som passar eigne bilete av andre. Når ein kjenner medlem frå utgruppa kan sjansen aukast for at stereotypar brytast ned (Tropp og Mallett 2011). Det er difor viktig at ein må kunne lære kvarandre å kjenne. Den siste føresetnaden innan kontaktteori som Pettigrew (1998: 76) legger til, ein kontakt situasjon med eit venskapspotensiale, verkar difor å vere viktig for positive oppfatningar om utgrupper og definerte andre. Potensialet for positive effektar av venskapleg kontakt er synleg i alle modellane med unntak av for generalisert tillit. I denne samanheng nemnar Pettigrew også at intimitet og emosjonar kan vere kritiske. Eksempelvis syner studiar at venner med innvandrarbakgrunn aukar sympati med grupper som heilskap (Batson et. al 1997 i Pettigrew 1998). Dei som har nærare kontakt med medlem frå utgrupper verkar også å ha større sympati med medlemmar frå utgrupper og ei større forståing av normer og verdiar (Pettigrew 1998: 72). Davies, Wright og Aron (2011: 120) viser til dømes til at venskap skapar affektive band og meir opne relasjonar. Venskapleg kontakt kan med dette mulegens forme syn på inngruppa og gjere at ein sjølve verte mindre provinsielle. Ei barriere kan likevel vere at ein ser på medlemmar frå utgrupper som ein kjenner som eit unntak i høve resten av utgruppa (Davies, Wright og Aron 2011: 134). Pittinsky, Rosenthal og Montoya (2011: 41-44) syner også korleis positive og negative haldningar ikkje er gjensidig ekskluderande. Ein kan utvikle negative haldningar til ein ven, men endå kjenne positive haldningar i høve han eller henne. I tillegg nemner dei at det er sentralt at somme menneske ikkje er like merksame på forskjellar mellom grupper som andre, og at somme også har mindre sjansar for å forme negative assosiasjonar.

### **Generalisert tillit**

Effektane av kontakt på generalisert tillit skil seg ut i denne analysen. Med stor grad av generalisert tillit blant befolkninga i Noreg, kan det tenkast at dette har grunn i Noreg som eit tidlegare nærmest homogent land (Wollebæk 2011: 53). Sjølv om mangfald verkar å ha ein negativ effekt på generalisert tillit i fleire situasjonar, syner den deskriptive framstillinga at respondentane i Norsk medborgarpanel uttrykker stor grad av generalisert tillit. Verknaden av del innvandrarar i området har ein sterk negativ effekt på generalisert tillit. Dette støttar funn som Robert Putnam (2007) synter frå USA, også når ein utvidar modellane. Med dette legger svarresultata seg nærmere det Putnam (2007) fann av negative effektar, i høve dei meir positive resultata som har kome frå ein europeisk kontekst. Bakgrunnen for desse effektane kan mulegens kome av det Putnam kalla *hunkering down*, eller tilbaketrekning. Denne tilbaketrekninga inneber at innbyggjarar i mangfaldige fellesskap i større grad trekker seg tilbake frå det kollektive livet og stolar mindre på andre, uavhengig hudfarge.

Mangfaldige nærområde er likevel distinktive på fleire områder enn når det gjeld komposisjon. Det er nemleg ein synleg effekt av lågare sosial tillit i lokalsamfunn der ulikskapen er stor, og i lokalsamfunn der den sosioøkonomiske standarden er låg. Om det også i same område er større mangfald, er det difor ein fare for spuriøse effektar, sjølv om dette diverre ikkje kan undersøkast her. Dette syner eksempelvis Ivarsflaten og Strømsnes (2011) med døme frå Noreg. Det er difor naudsynt å ta omsyn til dette når resultata vert diskutert. Putnam (2007: 150) viser likevel til at ikkje alle former for tilbaketrekning treng å vere påverka av mangfald. Med dette treng ikkje funna i analysen nødvendigvis synleggjere eit dårleg forhold eller fiendskap mellom grupper.

### **Mengde og type kontakt i Noreg**

Medan samansettning i stor grad verkar å ha negative effektar på uttrykk for toleranse og tillit på individnivå i Noreg, kan større støtte sjåast i høve kontaktteori når nære kontaktsituasjonar er studert. Ein essensiell komponent for denne analysen er difor kvar og kor ofte kontakt faktisk finn stad. Ettersom kontaktkvalitet tyder på positive effektar på forholdet mellom gruppene som vert studert, er dette mulegens vanskelegare å gjere noko med enn om samansettning var det avgjerande for positive oppfatningar. Til dømes er daglege møter med innvandrarar den vanlegaste kontaktsituasjonen blant medlem frå innvandrarbefolkninga og befolkninga elles, med bakgrunn i datamaterialet frå Norsk medborgarpanel (2013). Fleire venner med innvandrarbakgrunn og gode opplevingar av møter med innvandrarar kan på si

side ha eit større potensiale til å gje positive oppfatningar av utgrupper og definerte andre. Jamvel uttrykker flest respondentar nøytrale opplevingar av møter med innvandrarar som synt i kapittel fem, og særslig få svarar at dei har fleire venner med innvandarbakgrunn. Det kan med dette vere vanskeleg å sikre god kontaktkvalitet. I tillegg svarar særslig respondentar som synt i kapittel fem, at dei har mange innvandrarar busett i eige nærområde.

Forholdet mellom variabelen venner med innvandarbakgrunn og del innvandrarar i nærområdet er synt i modell 7 for kvar av modellane som måler kontaktkvalitet. Sjølv om særslig få respondentar har mange venner med innvandarbakgrunn, verkar dette å vere sentralt også for effektane av del innvandrarar i nærområdet som vert meir negative i dei nemnte modellane. Det kan med bakgrunn i desse resultata vere problematisk at interaksjonar mellom gruppene er vanlegvis er overflatiske (Tropp og Mallett 2011), ettersom det indikerer ein viss fare for at kontakt mellom grupper skjer i liten grad, sjølv om dette eventuelt ville ha positive effektar. Til dømes syner Dixon, Durrheim og Tredoux (2005: 699) at inter-gruppe kontakt vert verande tilfeldig og overflatisk, og at betydingsfull kontakt berre skjer ideelt sett. I staden syner fleire studiar av kontakt at grupper lever noko parallelle liv (Pettigrew 1998: 71), utan store muleheter for nær og reell kontakt. På den andre sida syner data frå Integreringsbarometeret 2013/2014 (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2014) at flest respondentar i undersøkinga har kontakt med innvandrarar gjennom personar som er busette i nærområdet, samt inter-gruppe kontakt gjennom skolemiljø, medelevar og studentar. Berre ein av ti har ingen personar med innvandarbakgrunn blant sine medelevar eksempelvis. Til samanlikning er det 25 prosent som ikkje har nokon personar med innvandarbakgrunn blant sine kollegar. Medan 13 prosent svarer at dei bur i nabolog der det ikkje er nokon busette som har innvandarbakgrunn, var dette talet til samanlikning 22 prosent i 2005. Dette syner også at kontakt har auka, og at det kan ventast å auke også i framtida.

### **Sjølvseleksjonsproblemet**

I studien av kontakt er problemet med sjølvseleksjon sentralt. Ettersom ein vel kor ein vil bu, er det sannsynleg at menneske med visse karakteristikkar også bur saman. Dette er essensielt både med omsyn til effektane av samansetning og venner med innvandarbakgrunn. Del innvandrarar i nærområde har også stor verknad på muleheitene for å få venner med innvandarbakgrunn (Pettigrew 1998: 72). Likevel syner Pettigrew (1998) at retninga er sterkest den andre vegen, og at positive effektar av venskap på tvers av grupper er sterke enn såkalla bias. Det kan difor meir sannsynleg at det å ha venner med innvandarbakgrunn

oftare medfører meir positive haldningar til utgrupper, enn at positive haldningar medfører fleire venner. I tillegg syner den deskriptive delen at særslig få uttrykte særslig negative haldningar til utgrupper og innvandring generelt.

Med omsyn til generalisert tillit syner Putnam (2007: 153) korleis seleksjonsbias er mindre sannsynleg enn at mangfold påverkar generalisert tillit. Dette skildrar han med bakgrunn i at dersom seleksjonsfeil skal gje negative korrelasjoner mellom mangfold og sosial oppførsel, må introverte menneske velje å busette seg i område med fleire innvandrare. Å fortolke resultata ut frå sjølvseleksjon ville i dette tilfellet innebere at når mange innvandrare buset seg i eit tidlegare homogent område, ville dei fyrste som hadde flytta eller dei som i minst grad hadde flytta inn vore dei mest tillitsfulle, medan dei siste som ville flytta ville ha vore dei minst tillitsfulle personane. Eventuelt kan ein i følgje Putnam (2007) tolke dette som at etniske minoritetar valte å flytte dit innbyggjarane frå før var negative og lite tillitsfulle. Det motsette er difor meir sannsynleg. Jamvel kan det også nemnast at det er mulegheiter for færre offentlege samlingsstadar i meir mangfaldige nærområde.

#### 6.4.2 Oppsummering av empiriske funn

Tabellen nedanfor syner resultata for kvar av hypotesane, med ein både den venta og den faktiske effekten av inter-gruppe kontakt. Oppsummeringa er gjort med bakgrunn i alle analysemodellane som har blitt lagt fram.

Tabell 6.10 Oppsummering av empiriske funn

	<b>Hypotesar</b>	<b>Venta effekt</b>	<b>Faktisk effekt</b>	<b>Implikasjonar</b>
<b>H1</b>	Samansetning i nærområdet	+/-	-	Støtte for H1
<b>H2</b>	Positive evalueringar av møter	+	+	Støtte for H2
<b>H3</b>	Venskapleg kontakt	+	+	Støtte for H3
<b>H4</b>	I eit heterogent samfunn har ikkje kontakt potensiale til å endre oppfatningar om utgrupper i ei positiv retning då trusselpersepsjonane vil vere større	-	+	H4 er avvist

Resultata syner støtte for H1. Del innvandrare i nærområdet har ein effekt på ulike uttrykk for toleranse og tillit. Nullhypotesen til H1 kan difor forkastast. Mest tydeleg er støtta for konfliktteori og ein negativ verknad av del innvandrare i nærområdet. Sjølv om det ikkje knytast forventing til spesifikke effektar knytt til spesifikke variablar, ser ein av analysen at

det er naudsynt å skilje mellom dei. Jamvel kan H1 behaldast på bakgrunn av signifikante effektar på haldning til muslimar og tillit i alle modellane. Motivasjonen til å unngå fordommar og haldning til innvandring verkar på si side å vere meir usikre, sjølv om tabell 6.9 synleggjer negative effektar av samansetning, også når det gjeld desse variablane. Nullhypotesen til H2 kan også bli forkasta. Forventningane om ein positiv effekt av gode evalueringar av møter med innvandrarar kan støttast med bakgrunn i alle tabellane som undersøker kontaktkvalitet. Det same gjeld venskapleg kontakt. Ein kan difor forkaste nullhypotesen til H3. Med dette må ein også avvise H4. Sjølv om mangfald kan ha negative effektar på samfunnet og på forholdet mellom grupper, har inter-gruppe likevel eit potensiale til å gje positive effektar, til dømes synt gjennom positive verknader av venskapleg kontakt.

## 6.5 Oppsummering av kapitlet

I dette kapitlet er resultata frå analysen lagt fram. Medan det verkar å vere større støtte for konflikttesen enn kontakttesen når det gjeld samansetning, er det større støtte for kontakttesen dersom kontaktsituasjonen inneber venskapleg kontakt. Med dette kan det verke som det er enklare å minke trusselpersepsjonar når det er mindre avstand mellom menneske, då ei kjensle av felles identitet, nærliek og delte opplevelingar kan auke ved god kontaktkvalitet. På den andre sida aukar trusselpersepsjonar når den sosiale distansen er større (Putnam 2007: 159).

Med bakgrunn i forskingsspørsmålet kan det difor seiast at effektane av kontakt varierer både ut frå mengde kontakt og type kontakt. Medan møtehyppigheit og samansetning ikkje syner særleg positive effektar, verkar somme typar kontakt, som nær og venskapleg kontakt, å ha meir positive effektar enn andre. Kontaktkvaliteten er difor utslagsgjevande for verknader av inter-gruppe kontakt i denne analysen, og resultata er avhengige av kva type kontakt det er snakk om. Resultata indikerer at positive verknader av kontakt difor ikkje nødvendigvis er realiserte dersom gruppene lever side om side utan ein særskild type kontakt (Kokkonen, Esaiasson og Gilljam 2012: 6). Kontakttesen kan med dette avvisast dersom ikkje føresetnaden om venskapleg kontakt er heldt. Utan å vurdere kvaliteten på kontakt er det større støtte for konfliktteori i Noreg med bakgrunn i dette datamaterialet, som er synleggjort med negative verknader av del innvandrarar i nærområdet, på alle dei avhengige variablane med unntak av haldning til innvandring i tabell 6.3. Det er difor viktig å undersøke ulike komponentar, sidan inter-gruppe kontakt har potensiale til å påverke uttrykk for toleranse og

tillit på ulikt vis. Det spelar altså ei rolle kva avhengig variabel ein ser på, og kva effektar av mangfald som vert studert.

Korleis inter-gruppe kontakt kan generaliserast frå møter med innvandrarar i nærområdet, frå gode møteopplevelingar eller frå venskapleg kontakt kan likevel diskuterast. På tvers av situasjonar syner Pettigrew (1998) at det er lite generalisering. Det er likevel ein større sjanse for å generalisere frå eit individ til ei gruppe. Nokre hevdar at eit medlem då må vere definert, og typisk for denne utgruppa. Dette er likevel vanskeleg i praksis ettersom likskap ofte genererer kontakt gjennom interesser eksempelvis, og at medlem frå grupper nødvendigvis ikkje ynskjer å synleggjere medlemskap i stor grad. Ein slik situasjon kan på si side også gjere kontakt meir effektivt (Pettigrew 1998: 74). Det er også nemneverdig at samfunnet elles former effektane av kontakt. Tidlegare haldningar og opplevelingar er også sentrale for effektane av kontakt, der eigne verdiar påverkar. Som analysetabellane syner er også resultata ulike for ulike menneske og grupper.

## 7 Konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt verknaden av inter-gruppe kontakt på ulike uttrykk for toleranse og tillit, som kontakt mellom medlem frå ulike etniske grupper ut frå det teoretiske rammeverket kan ventast å ha ein verknad på. Paradokset knytt til kontakt er likevel at fordommar somme tider er forklart som eit resultat av manglande kontakt med medlem frå utgrupper, men nokre gongar også forklart som eit resultat av at kontakt er tilstade (Singer og Simpson 1973 i Dixon, Durrheim og Tredoux 2005: 698). Med bakgrunn i dette søkte oppgåva å svare på følgjande forskingsspørsmål:

*Kva verknad har inter-gruppe kontakt på uttrykk for toleranse og tillit i høve utgrupper i Noreg, og varierer verknadane ut frå mengde og type kontakt?*

For å svare på forskingsspørsmålet har kontakt vorte studert i form av to hovudkomponentar, samansetning og kontaktkvalitet, og variablar valt med utgangspunkt i det teoretiske rammeverket knytt til kontaktteori og konfliktteori. Vidare vart ulike avhengige variablar undersøkt ut frå mulege uttrykk for tillit og toleranse som inter-gruppe kontakt kunne tenkjast å påverke. Forskingsspørsmålet er testa med grunnlag i individdata frå Noreg, med datamateriale henta frå Norsk medborgarpanel runde ein (2013), og undersøkt ved ordna probit-regresjon. Dette resulterte i ein studie av inter-gruppe kontakt målt på haldningar til muslimar, motivasjon til å unngå fordommar, haldning til innvandring og generalisert tillit.

Analysen av samansetning og kontaktkvalitet synte på si side både nokre venta og nokre meir overraskande funn. I høve forskingsspørsmålet syner desse analyseresultata at inter-gruppe kontakt har ein verknad på ulike uttrykk for toleranse og tillit i høve utgrupper i Noreg. Verknaden er likevel positiv i somme situasjoner, og negativ i andre. Resultata indikerer med dette at verknadane varierer ut frå mengde og kva type kontakt ein har med medlemmar frå utgrupper. Generelt indikerer resultata at møtehyppigheit og mengde kontakt med innvandrarar ikkje har ein stor verknad på dei ulike uttrykka for toleranse og tillit som blir målt. Dette syner alle tabellane, der møter med innvandrarar i kvardagen ikkje har ein signifikant verknad. I alle tilfelle er det ikkje noko støtte for kontaktteori med bakgrunn i variabelen møter med innvandrarar i kvardagen. Samansetning i form av del innvandrarar i nærområdet kan på si side seie meir. Studien av inter-gruppe kontakt ut frå samansetning syner med dette størst effekt retta mot konflikt. Dette er også resultata som kan ventast ut frå det teoretiske rammeverket knytt til konfliktteori. Vidare syner resultata med omsyn til

kontaktkvalitet også noko støtte for kontaktteori. Resultata synleggjer likevel korleis ulike føresetnader for kontakttesen er essensielle for resultata, ettersom kontaktsituasjonar med mulegheita for å verte vener verkar å kunne medføre meir positive oppfatningar og toleranse. Kontakt har med dette eit potensiale til å gje positive effektar på samfunnet og på forholdet mellom grupper. Det er likevel naudsynt å skilje mellom kva type kontakt det er snakk om, og kva mulegheiter kontaktsituasjonen gjev for generelle haldnings- og åferdsendringar.

Det teoretiske rammeverket knyt ingen særskilde forventningar til dei spesifikke avhengige variablane som er valt. Jamvel ser ein av analysen at valet av avhengige variablar har ein verknad på resultata. Det er med dette naudsynt å skilje mellom dei avhengige variablane som vert studert. Eit inntrykk frå denne analysen er at generalisert tillit skil seg ut i denne samanheng, der venner med innvandrarbakgrunn ikkje har ein positiv verknad på generalisert tillit<sup>43</sup>. Det er med dette ikkje det same kva uttrykk for toleranse eller tillit ein vel å måle. I det heile er kontaktkvalitet det som fører verknaden av inter-gruppe kontakt på uttrykk for toleranse. Jamvel har samansettning også ein sterk negativ verknad på generalisert tillit i denne analysen. Samstundes ser ein teikn til differansar mellom variablane som er knytt til utgrupper, som haldning til muslimar og motivasjon til å unngå fordommar, og haldning til innvandring som kan vere av ein meir politisk karakter. Differansane er likevel mindre synlege når venner med innvandrarbakgrunn og del innvandrarar i nærområde er inkludert i same modell. I modell 7 i tabell 6.5 til 6.8 er effektane av venskapleg kontakt endå synlegare. Det er også dei negative effektane av samansettning dersom venner med innvandrarbakgrunn er inkludert i same modell.

## 7.1 Implikasjonar for teoretisk rammeverk og framtidig forsking

I høve det teoretiske rammeverket kan ein sjå at type kontakt er avgjerande, som synt hjå Pettigrew eksempelvis (1998). Mengde kontakt og tilfeldige møter kan med dette sjå ut til å mangle den same kvaliteten som venskapleg kontakt verkar å ha i denne analysen. Det er likevel interessant for framtidig forsking å undersøke verknaden av inter-gruppe kontakt også i andre kontaktsituasjonar i Noreg. Eksempelvis gjennom skule- og studentmiljø eller i arbeidssituasjonar. Dette er interessant ettersom skulen kan vere ein sentral arena for integrering, med mulegheiter for faktisk kontakt. Det er med bakgrunn i analyseresultata også

<sup>43</sup> Som Ivarsflaten og Strømsnes (2011 i Wollebæk og Segard 2011) syner er det mulegens ein verknad av kva ein bur og økonomisk situasjon. Dette bør vere testa med paneldata, og er diverre ikkje ein mulegheit i denne oppgåva. Somme sosioøkonomiske variablar er likevel inkludert i analysemodellane.

interessant å undersøke vidare når mangfald har positive effektar, kva mangfald har negativ verknad på, i tillegg til ingen effekt i det heile. Dette sidan inter-gruppe kontakt verkar å vere påverka av kva uttrykk for toleranse og tillit som er studert. Sjølv med eit sjølvseleksjonsproblem som avgrensar tverrsnittsstudiar av kontakt, finn forsking at dei positive effektane av venner er større enn bias. Jamvel er ein mulegheit eksperimentelle studiar av kontakt. Sjølv om ein slik kan sikre at ein studerer faktisk kontakt, er det likevel ikkje lett å tvinge fram nær kontakt om dette er naudsynt for positive effektar (McLaren 2003). Longitudinelle studiar kunne på si side også vore eit interessant alternativ, då dette er sjeldan i studiar av inter-gruppe kontakt (Pettigrew 1998: 69). Dette er også interessant med omsyn til effektane av inter-gruppe kontakt i eit langtidsperspektiv. Til dømes peikar Putnam (2007) på andre effektar i eit langtidsperspektiv, enn dei negative effektane han fann i USA i eit korttidsperspektiv.

## 7.2 Kontakt i eit breiare perspektiv

Med bakgrunn i etnisk mangfald er særleg to politiske saksområder sentrale. Frå det eine perspektivet er dei største utfordringane i samfunnet å respektere kulturelle differansar, å utvide rom for minoritarar for å uttrykke kulturar, i tillegg til å byggje nye og meir inkluderande former for borgarskap. Det andre perspektivet fokuserer i større grad på sosial integrasjon. Ut frå dette perspektivet er den største utfordringa å forsterke fellesskapsband, solidaritet og ein nasjonal identitet (Putnam 2007). Sjølv om dette er viktig i mangfaldige samfunn, hevdar Putnam (2007) at det ikkje er nokon grunn til at prosessane ikkje kan skje samtidig. Integrering artar seg likevel forskjellig i ulike delar av landet med ulik kommunal politikk. I tillegg er integrasjonsprosessane knytt til andre forhold i lokalmiljøet. Det verkar likevel som om nær kontakt er naudsynt for positive verknader av inter-gruppe kontakt, noko som har andre konsekvensar enn dersom samansetning hadde fleire synlege positive effektar.

Kvaliteten på kontakt kan med dette vere naudsynt for at mindre sosial distanse skal kunne auke kjensla av felles identitet og delte opplevingar. På den andre sida kan negative oppfatningar breie seg ut når den sosiale distansen er større, og som synt i denne analysen, når kontakta ikkje er nær. Den sosiale distansen er likevel også avhengig av eins sosial identitet. Det skjer likevel ofte endringar i dynamiske samfunn (Putnam 2007), og ein endra identitet kan mulegens medføre endra haldningar. Sjølv om nokon menneske truleg er meir naturleg tolerante enn andre, peikar Livingston (2011: 35) på at alle kan betre haldningar i rett kontekst

og med motivasjon. Korleis menneske og grupper er sett av andre varierer også over tid og rom. Tilpassing over tid er med dette sentralt med tanke på auka mangfald og innvandring i Noreg. Dette syner Putnam (2007: 159) med rekonstruksjonar av sosiale identitetar både blant innvandrurar, befolkninga elles og i samfunnet som heilskap. Det er difor interessant å følgje utviklinga i Noreg med bakgrunn i auka inter-gruppe kontakt, som mulegens vil syne andre effektar med omsyn til verknadane på ulike uttrykk for toleranse og tillit i andre kontaktsituasjonar, samt i eit lengre perspektiv.

## Litteraturliste

- Allport, Gordon Allport (1954): *The Nature of Prejudice*. Cambridge: Mass. Addison-Wesley Pub. Co.
- Anderson, Christopher J. og Aida Paskeviciute (2006): How Ethnic and Linguistic Heterogeneity Influence the Prospects for Civil Society: A Comparative Study of Citizenship Behavior. *Journal of Politics* 68 (4): 783-802.
- Arbeids- og sosialdepartementet (2014): *Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)*.  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/asd/dok/regpubl/otprp/20062007/otprp-nr-75-2006-2007-/2/5.html?id=474182> [29.09.14]
- Ashmore, Richard D. (1970): "Prejudice: causes and cures" i Barry.E. Collins (ed.), *Social psychology*. Massachusetts: Addison-Wesley, Reading.
- Barne-, likestillings og Inkluderingsdepartementet (2011): *Bedre integrering. Mål, strategier, tiltak*. NOU 2011: 14.
- Becker, William E. og Peter E. Kennedy (1992): A Graphical Exposition of the Ordered Probit. *Econometric Theory* 8 (1):127-131. Cambridge University Press.
- Bjørklund, Tor og Johannes Bergh (2013): *Minoritetsbefolkingens møte med det politiske Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Blinder, Scott, Robert Ford og Elisabeth Ivarsflaten (2013): The Better Angels of Our Nature: How the Anti-Prejudice Norm Affects Policy and Party Preferences in Great Britain and Germany. *American Journal of Political Science* 2013, 57 (4): 841-857.
- Blom, Svein (2013): *Holdninger til innvandrere og innvandring*. Rapport 64/2013, Statistisk sentralbyrå.
- Blom, Svein (2014): *Holdninger til innvandrere og innvandring*. Rapport 39/2014, Statistisk sentralbyrå.
- Brochmann, Grete og Knut Kjeldstadli (2014): *Innvandringen til Norge, 900-2010*. Oslo: Pax Forlag AS.
- Butz, David A. og E. Ashby Plant (2011): "Approaching versus avoiding intergroup contact: The role of expectancies and motivation" i Linda R. Tropp, og Robyn K. Mallett Moving beyond prejudice reduction: Pathways to positive intergroup relations. Washington DC: American Psychological Association.
- Christ, Oliver, Katharina Schmid, Simon Lolliot, Hermann Swart, Dietlind Stolle, Nicole Tausch, Ananthi Al Ramiah, Ulrich Wagner, Steven Vertovec og Miles Hewstone (2014): Contextual effect of positive intergroup contact on outgroup prejudice. *PNAS*, 111 (11): 3996-4000.
- Côté, Rochelle R. og Bonnie H. Erickson (2009): Untangling the Roots of Tolerance. How Forms of Social Capital Shape Attitudes Toward Ethnic Minorities and Immigrants. *American Behavioral Scientist* 52 (12): 1664-1689.

- Davies, Kristin, Stephen C. Wright og Arthur Aron (2011): “*Cross-group friendships: How interpersonal connections encourage positive intergroup attitudes*” i Linda R. Tropp, og Robyn K. Mallett Moving beyond prejudice reduction: Pathways to positive intergroup relations. Washington DC: American Psychological Association.
- Dixon, John, Kevin Durrheim og Colin Tredoux (2005): Beyond the Optimal Contact Strategy. A Reality Check for the Contact Hypothesis. *American Psychological Association*, 60 (7): 697-711.
- Dustmann, Christian og Tommaso Frattini (2012): Immigration: The European Experience. *Norface Migration*. Discussion Paper No. 2012-01.
- Dypvik, Astrid Sverresdottir (2015) Pegida. I Store norske leksikon. <https://snl.no/Pegida> [04.05.15]
- Dzamarija, Minja Tea (2014): *Oversikt over personer med ulik grad av innvandringsbakgrunn*. Statistisk sentralbyrå 2014/16.
- Enos, Ryan D. (2014): Causal effect of intergroup contact on exclusionary attitudes. *Proceedings of the National Academy of Sciences of the United States of America* 111 (10): 3699–3704.
- Enos, Ryan D. og Tess Wise (2012): *Maps in our heads: Socio-political attitudes and demographic awareness*. Working paper.
- European Social Survey (2002): *European Social Survey Data*. <http://nesstar.ess.nsd.uib.no/webview/>. [10.10.2014]
- European Social Survey Education Net (2013): *Immigration, Kap. 1-4*. <http://essedunet.nsd.uib.no/cms/topics/immigration/> [10.10.2014]
- Fetzer, Joel S. (2010): Economic Self-Interest or cultural marginality? Anti-immigration sentiment and nativist political movements in France, Germany and the USA. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 26 (1): 5-23.
- Finseraas, Henning og Andreas Kotsadam (2014): *Does Exposure to Ethnic Minorities Affect Support for Welfare Dualism? Evidence From a Field Experiment*. Oslo: Institute for Social Research.
- FN (2013): *Trends in International Migrant Stock: The 2013 Revision*. <http://www.un.org/en/development/desa/population/migration/data/index.shtml> [04.11.14]
- Freitag, Markus og Carolin Rapp (2013): Intolerance Toward Immigrants in Switzerland: Diminished Threat Through Social Contacts? *Swiss Political Science Review* 19 (4): 425-446.
- George, Alexander L. og Andrew Bennett (2004): *Case Studies and Theory Development in the Social Science*. Cambridge: MIT Press.
- Gerring, John (2012): *Social Science Methodology: A Unified Framework (Strategies for Social Inquiry)*. Cambridge University Press.
- Greene, William H. (2003): *Econometric Analysis*. USA: Pearson Education International.

Hjerm, Mikael (2009): Anti-Immigrant Attitudes and Cross-Municipal Variation in the Proportion of Immigrants. *Acta Sociologica* 2009: 52:47.

Høgestøl, Asle og Øivind Skjervheim (2013): *Norwegian Citizen Panel, first wave. Methodology report.*

Hooghe, Marc, Tim Reeskens, Dietlind Stolle og Ann Trappers (2009): Ethnic Diversity and Generalized Trust in Europe: A Cross-National Multilevel Study. *Comparative Political Studies*, 2009 (42).

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2012): *Integreringsbarometeret. Holdninger til innvandring, integrering og mangfold.* Henta fra [http://www.imdi.no/Fakta-og-statistikk/Befolknings-holdninger-til-innvandring-og-integrering-/](http://www.imdi.no/Fakta-og-statistikk/Fakta-og-statistikk/Befolknings-holdninger-til-innvandring-og-integrering-/) 13.10.14

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2014): *Integreringsbarometeret. Holdninger til innvandring, integrering og mangfold.*  
[http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/2014/Integreringsbarometeret\\_2013-2014.pdf](http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/2014/Integreringsbarometeret_2013-2014.pdf) [13.05.15]

Ivarsflaten, Elisabeth (2005): Threatened by Diversity; Why Restrictive Asylum and Immigration Policies Appeal to Western Europeans. *Journal of Elections, Public opinion and Parties* 1 (1): 21-45.

Ivarsflaten, Elisabeth og Kristin Strømsnes (2011): "Etnisk mangfold, økonomisk ulikhet og social kapital" i Dag Wollebæk og Signe Bock Seegaard, Sosial kapital i Norge. Cappelen Damm.

Ivarsflaten, Elisabeth og Kristin Strømsnes (2013): Inequality, Diversity and Social Trust in Norwegian Communities. *Journal of Elections, Public Opinion and Parties* 23 (3): 322-342.

Ivarsflaten, Elisabeth, Scott Blinder og Robert Ford (2010): The anti-racism norm in Western European immigration politics : why we need to consider it and how to measure it. *Journal of Elections, Public Opinion and Parties* 20: 421-445.

Kjeldstadli, Knut (2008): *Sammensatte samfunn. Innvandring og inkludering.* Oslo: Pax forlag.

Kokkonen, Andrej, Peter Esaiasson og Mikael Gilljam (2008): "Does Contact Breed Conflict? A Multi-Level Analysis of the Consequences of Ethnic Heterogeneity in Schools". Paper presentert på: "Annual Meeting of the American Political Science Association (APSA)", Boston, September 2008.

Kommunal- og regionaldepartementet (2001): *Velgere, valgordning, valgte. Stemmeretten.* NOU 2001: 03.  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/nouer/2001/nou-2001-03/7/3.html?id=363244> [04.11.14]

Leigh, Andrew (2006): Trust, Inequality and Ethnic Heterogeneity. *The Economic Record* 82 (258): 268-280.

Leighley, Jan (2009): *The Oxford Handbook of American Elections and Political Behavior.* Oxford University Press.

- Livingston, Robert W (2011): “*What can tolerance teach us about prejudice? Profiles of the nonprejudiced*” i Linda R. Tropp, og Robyn K. Mallett Moving beyond prejudice reduction: Pathways to positive intergroup relations. Washington DC: American Psychological Association.
- Loga, Jill (2011): *Integrering i nærmiljø. En studie av frivillige organisasjoner som flerkulturelle møteplasser*. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2011: 5.
- Long, J. Scott og Jeremy Freese (2006): *Regression Models for Categorical Dependent variables Using Stata*. Stata Press Publication.
- Mahoney, James og Gary Goertz (2006): A Tale of Two Cultures: Contrasting Quantitative and Qualitative Research. *Political Analysis* 14: 227-249.
- McLaren, Lauren M. (2003): Anti-Immigrant Prejudice in Europe: Contact, Threat, Perception, and Preferences for the Exclusion of Migrants. *Social Forces*, 81(3), s. 909-936.
- Midtbø, Tor (2007): *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere*. Universitetsforlaget.
- Midtbø, Tor (2012): *Stata*. Universitetsforlaget.
- Mill, John Stuart (1848): *The Principles of Political Economy: With Some of Their Applications to Social Philosophy* i The Collected Works of John Stuart Mill (3): 594.
- Norsk medborgarpanel runde 1 (2013): Data samlet av Elisabeth Ivarsflaten, Universitetet i Bergen. Første NSD utgave, Bergen 2014.
- Norsk medborgarpanel (2014): *Study Documentation* 2014.
- Oliver, Eric J. og Janelle Wong (2003): Intergroup prejudice in multiethnic settings. *American Journal of Political Science* 47 ( 4): 567-582.
- Orr, Shannon K. (2005): *New Technology and Research: An Analysis of Internet Survey Methodology in Political Science*. Bowling Green State University.
- Pettigrew, Thomas F. (1998): Intergroup contact theory. *Annu. Rev. Psychol.* 1998 (49): 65-85.
- Pettigrew, Thomas F. og Linda R. Tropp (2006): A Meta-Analytic Test of Intergroup Contact Theory. *Journal of Personality and Social Psychology* 90 (5): 751-783.
- Pittinsky, Todd L., Seth A. Rosenthal, Matthew R. Montoya (2011): “*Measuring positive attitudes toward outgroups: Development and validation of the Allophilia Scale*” i Linda R. Tropp, og Robyn K. Mallett Moving beyond prejudice reduction: Pathways to positive intergroup relations. Washington DC: American Psychological Association.
- Plant, E. Ashby og Patricia G. Devine (2009): The Active Control of Prejudice: Unpacking the intensions guiding control efforts. *Journal of Personality and Social Psychology*, 96: 640-652.
- Putnam, Robert (2007): E Pluribus Unum: Diversity and Community in the Twenty-first Century, The Johan Skytte Prize Lecture, *Scandinavian Political Studies* 30 (2).

- Putnam, Robert D (2000): *Bowling Alone: The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon & Schuster.
- Quillian, Lincoln (1995): Prejudice as a Response to Perceived Group Threat: Population Composition and Anti-Immigrant and Racial Prejudice in Europe. *American Sociological Review*, 60 (4): 586-611.
- Ragin, Charles (1987): *The Comparative Method. Moving Beyond Qualitative and Quantitative Strategies*. California: University of California Press.
- Rogstad, Jon (2007): *Demokratisk fellesskap. Politisk inkludering og etnisk mobilisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rustenbach, Elisa (2010): Sources of Negative Attitudes toward Immigrants in Europe: A Multi-Level Analysis. *International Migration Review* 44 (1): 53-77.
- Savelkoul, Michael, Peer Scheepers, Jochem Tolsma og Louk Hagendoorn (2010): Anti-Muslim Attitudes in The Netherlands: Tests of Contradictory Hypotheses Derived from Ethnic Competition Theory and Intergroup Contact Theory. *European Sociological Review* 2010: 1-18.
- Schneider, Silke L. (2008): Anti-Immigrant Attitudes in Europe: Outgroup size and Perceived Ethnic Threat. *European Sociological Review* 24 (1): 53-67.
- Selle, Per, Anne Julie Semb og Kristin Strømsnes (2011): "Sosial kapital blant norske samer" i Dag Wollebæk og Signe Bock Seegaard, Sosial kapital i Norge. Cappelen Damm.
- Skog, Ole-Jørgen (2010): *Å Forklare Sosiale Fenomener: En regresjonsbasert tilnærming*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Spruyt, Bram og Mark Elchardus (2012): Are anti-Muslim feelings more widespread than anti-foreigner feelings? Evidence from two split-sample experiments. *Ethnicities* 12 (6): 800-820.
- Statistisk sentralbyrå (2014a): *Statistikkbanken*. [www.ssb.no/statistikkbanken](http://www.ssb.no/statistikkbanken) [12.09.14]
- Statistisk sentralbyrå (2014b): *Nøkkeltall for innvandring og innvandrere*.  
<https://ssb.no/innvandring-og-innvandrere/nokkeltall/innvandring-og-innvandrere>  
[12.09.14]
- Statistisk sentralbyrå (2014c): *Holdninger til innvandrere og innvandring, 2014*.  
<http://ssb.no/befolkning/statistikker/innvhold/aar/2014-12-02?fane=om> [12.09.14]
- Stolle, Dietlind (2002): *Trusting Strangers – The Concept of Generalized Trust in Perspective*. McGill University: Department of Political Science.
- Stolle, Dietlind, Stuart Soroka og Richard Johnston (2008): When does Diversity erode trust? Neighborhood Diversity, Interpersonal Trust and the Mediating Effect of Social Interactions. *Political studies* 2008 (56): 57-75.
- Stouffer, Samuel A. (1949): *Studies in Social Psychology in World War II: The American Soldier*. Princeton University Press.

Sturgis, Patrick, Ian Brunton-Smith, Sanna Read og Nick Allum (2010): Does Ethnic Diversity Erode Trust? Putnam's 'Hunkering Down' Thesis Reconsidered. *British Journal of Political Science* 41: 57-82.

Sturgis, Patrick, Roger Patulny og Nick Allum (2009): *Re-evaluating the Individual level causes of trust: a panel data analysis*. Guildford: Department of Sociology, University of Surrey.

Tam Cho, Wendy K. og Neil Baer (2011): Environmental Determinants of Racial Attitudes Redux: The Critical Decisions Related to Operationalizing Context. *American Politics Research* 2011, 39 (414).

Tropp, Linda R. og Robyn K. Mallett (2011): *Moving beyond prejudice reduction: Pathways to positive intergroup relations*. Washington DC: American Psychological Association,

Waldahl, Ragnar (2007): *Opinion og demokrati*. Oslo: Universitetsforlaget.

Wollebæk, Dag (2011): "Norges sosiale kapital i nordisk og europeisk kontekst" i Dag Wollebæk og Signe Bock Seegaard, *Sosial kapital i Norge*. Cappelen Damm AS.

Wollebæk, Dag og Signe Bock Segard (2011): *Sosial kapital i Norge*. Cappelen Damm AS.

Zick, Andreas, Beate Küpper og Andreas Hövermann (2011): *Intolerance, Prejudice and Discrimination: A European Report*. Friedrich-Ebert-Stiftung, Forum Berlin.

Ødegård, Guro (2011): "Bowling på Veitvet: Lenkende sosial kapital i et flerkulturelt lokalsamfunn" i Dag Wollebæk og Signe Bock Seegaard, *Sosial kapital i Norge*. Cappelen Damm AS.

## Appendiks

Tabell 8.1 Haldning til muslimar

	Befolkninga elles		Innvandrarar (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	%	Frekvens (N)	%
Svært- noko ueinig	770	39	132	49
Verken einig eller ueinig	323	16	28	10
Noko-svært einig	900	45	111	41
Total	1993	100	271	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.2 Haldning til innvandring

	Befolkninga elles		Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	%	Frekvens (N)	%
Ein viss-svært stor ulempe	637	32	45	16
Verken fordel eller ulempe	274	14	67	23
Ein viss-svært stor fordel	1080	54	174	61
Total	1991	100	286	100

Norsk medborgerpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.3 Generalisert tillit

	Befolkninga elles		Innvandrarar (ein sjølv eller foreldre)	
	Frekvens (N)	%	Frekvens (N)	%
Kan ikkje vere forsiktig nok	61	2	18	3
1	52	2	8	1
2	99	3	23	3
3	187	5	36	6
4	205	5	61	10
5	424	12	103	16
6	453	11	63	10
7	949	22	130	21
8	850	20	111	18
9	405	9	30	5
Dei fleste er til å stole på	364	9	45	7
Total	4049	100	628	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.4 Møter i kvardagen

<b>Møter i kvardagen</b>	<b>Befolkninga elles</b>		<b>Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)</b>	
	<b>Frekvens</b>	<b>%</b>	<b>Frekvens</b>	<b>%</b>
1. Dagleg	1365	68	226	78
2. Ukentleg	380	19	29	10
3. Nokre gongar i månaden	175	9	25	9
4. Sjeldnare, men har hendt	78	4	6	2
5. Aldri	2	0	4	1
Total	2000	100	290	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.5 Del innvandrarar i nærområde

<b>Innvandrarar i nærområde</b>	<b>Befolkninga elles</b>		<b>Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)</b>	
	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent (u/vekt)</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent (u/vekt)</b>
1. Alle, eller nesten alle	15	1	7	2
2. Mange (fleire enn halvparten)	70	3	37	13
3. Omrent halvparten	126	6	27	9
4. Nokon (færre enn halvparten)	1265	65	186	64
5. Ingen, eller nesten ingen	483	25	35	12
Total	1959	100	292	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.6 Møteoppleving

<b>Møteoppleving</b>	<b>Befolkninga elles</b>		<b>Innvandrarar til Noreg (ein sjølv eller foreldre)</b>	
	<b>Frekvens</b>	<b>%</b>	<b>Frekvens</b>	<b>%</b>
1. Svært god	140	7	45	16
2. God	648	33	104	37
3. Noko god	155	8	19	7
4. Verken god eller därleg	890	45	100	35
5. Noko därleg	90	4	9	3
6. Därleg	48	2	4	1
7. Svært därleg	12	1	2	1
Total	1983	100	283	100

Norsk medborgarpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.7 Venner med innvandrarbakgrunn

Venner med innvandrarbakgrunn		Befolkinga elles		Innvandrara til Noreg (ein sjølv eller foreldre)	
		Frekvens	%	Frekvens	%
1.	Alle, eller nesten alle	4	0	16	5
2.	Mange (fleire enn halvparten)	31	1	62	21
3.	Omtrent halvparten	72	4	51	18
4.	Nokon (færre enn halvparten)	764	38	101	35
5.	Ingen, eller nesten ingen	1135	57	60	21
Total		2006	100	290	100

Norsk medborgerpanel runde 1 (2013)

Tabell 8.8 Utvida ordna probit-modell for generalisert tillit og samansetning

	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Møter i kvar dagen	-.17 (.18)		-.08 (.18)	
Del i nærområde		-.79*** (.20)		-.66*** (.32)
<b>Kontrollvariabler</b>				
Alder	-.31*** (.07)	-.28*** (.07)	-.34*** (.07)	-.32*** (.07)
Kjønn	.11** (.05)	.11** (.05)	.10** (.05)	.10** (.05)
Utdanning	.24*** (.05)	.26*** (.05)	.21*** (.05)	.21*** (.05)
Inntekt	.00 (.00)	.00 (.00)	.00	.00 (.00)
	-.21***	-.17**	(.00)	-.15*
Innvandrarbakgrunn	(.08)	(.08)	-.19** (.08)	(.08)
	-.52***	-.51***	(.08)	-.43***
Politisk skala	(.22)	(.10)	-.44*** (.11)	(.11)
	1.6***	1.5***	(.11)	.87***
Øko. situasjon	(.22)	(.22)	.89*** (.23)	(.23)
	.21***	.22***	(.23)	.22***
Deltaking	(.06)	(.06)	.21*** (.06)	(.06)
			(.06)	1.7***
Demokratisk tillit			1.8*** (.21)	(.21)
N=	1824	1824	1824	1824
LR chi2	222.04	236.01	290.52	300.81
Pesudo R <sup>2</sup>	0.03	0.03	0.04	0.04
AIC	7484	7470	7418	7408

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10.

Tabell 8.9 Utvida ordna probit-modell for generalisert tillit og kontaktkvalitet

	<b>Modell 1</b>	<b>Modell 2</b>	<b>Modell 3</b>	<b>Modell 4</b>
Møteoppleving	1.47*** (.16)		1.36*** (.17)	
Venner		-.50*** (.20)		-.47** (.20)
<b>Kontrollvariabler</b>				
Alder	-.34*** (.07)	-.28*** (.07)	-.37*** (.07)	-.31*** (.07)
Kjønn	.10*** (.05)	.11** (.05)	.08** (.05)	.09** (.05)
Utdanning	.22*** (.05)	.26*** (.05)	.21*** (.05)	.23*** (.05)
Inntekt	.00 (.00)	.00 (.00)	.00	.00 (.00)
	-.27***	-.12**	(.00)	-.10
Innvandrarbakunn	.08 (.08)	.09 (.09)	-.24*** (.08)	.42*** (.09)
	-.28***	-.50***		
Politisk skala	.11 (.11)	.11 (.11)	-.22*** (.08)	.11 (.11)
	1.5***	1.5***		.85***
Øko. situasjon	.22 (.22)	.22 (.22)	.86*** (.23)	.23 (.23)
	.20***	.24***		.24***
Deltaking	.06 (.06)	.06 (.06)	.21*** (.06)	.06 (.06)
			1.7***	
Demokratisk tillit			1.6*** (.21)	
N=	1840	1840	1840	1840
LR chi2	301.24	227.36	357.47	227.36
Pseudo $R^2$	0.04	0.03	0.05	0.03
AIC	7483	7556	7429	7557

Standardfeil i parentes. P-verdi: \*\*\*p=<0,01, \*\*p=<0,05, \*p=<0,10.